


# KVINNEPOLITIKK

Kvinner, kvinneinteresser og kvinnekjønnspolitikk i  
Framstegspartiet, 1985-2009: ein studie av veljarar,  
medlemmar, landsmøtedelegatar, leiing og partiprogram.



TRINE KARIN FLÅTE

MASTEROPPGÅVE

VÅR 2010



UNIVERSITETET I BERGEN

INSTITUTT FOR SAMANLIKNANDE POLITIKK

# Abstract

This thesis is about women politics in the Norwegian Progress Party (Framstegspartiet, FrP) from 1985 to 2009. Many have studied women politics, women friendly politics, women interests and women representation before, but few have studied this in populist radical right parties. This party family is known to focus more on the difference of the sexes and their equal value, and less on the equality of the sexes through equal participation or representation, which makes it interesting to explain the women politics in their party programs and look into *if women's participation as voters, members and in the party organization (delegates to the national convention, central board and chairman) are related to the level of women politics.* To be able to relate women and women politics it is necessary to know something about women's interests. Women interests wary according to ideology which also is related to the voters, members and delegates backgrounds, education, whether you work in the public sector or not and income. I describe the women's interests and backgrounds in FrP and compare them to two close political parties in the political sphere, The Liberals (Høgre) and The Christian Democrats (KrF). I also take a closer look at the voters', members' and delegates' background because one could only expect change if women represent other interests, views or life experiences. This is also of importance because these people are the ones who may affect the politics of the FrP since these are the people who shape and adopt the program, or simply the party's target group. The theoretical background is based on Hanna Pitkin (1967) seminal work and her categories of representation. This connects women and their interests and backgrounds to political representation in party and government. The central theories of her work is that women participation in FrP is sometimes related to the level of women policies, although it may also depend on several other factors. Therefore I cannot discard the hypothesis of no relation between women rates in the electorate and in the party organization. There are also relations between the subjective and the objective definitions, but it does not look like FrP will break down the gender role of men as breadwinners and women as caretakers.

## Føreordet

Denne masteroppgåva har vore ein lang, men lærerik prosess. Eg har lest mykje aktuell litteratur, vore på seminar og konferansar. Det er mange å takke for det resultatet eg har kome fram til.

Stor takk må rettast mot min vegleiar, professor i samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen, Lars Gerhard Svåsand for vegleiing og oppmuntring.

Den beste klemmen og takka går til Øyvind, som alltid er god å ha til korrekturlesing, når PC-en streikar, nakken vert låst og eg er på samanbrotets rand. Den største takksemd går til Rakel som har gjeve meg den naudsynte avkopling frå lesing, skriving og lesesal. Ein takk til resten av familien for all oppmuntring og økonomisk støtte. Eg er glad i dykk alle saman.

Takkar òg min mellombelse vegleiar Gunnar Grendstad for si tru på at alt er mogleg, og Elisabeth Ivarsflaten for samtale om høgreradikale parti og tips kring samanlikningsgrunnlag. Begge var viktige i den viktige fyrste fasen av prosjektet. Takk til Randi S. Gressgård for samtale kring problemstilling og litteraturtips. Det har òg vore spanande å delta på Senter for kvinne- og kjønnsforsking (SKOK) sin Masterstafett. Takk til FrP for at dykk gav meg svar på mine korrespondansar. Takk til Alice J. Vatnehol som har lese gjennom ulike og utallige utkast og som har vore i skrivegruppe saman med meg og Kirsti Brekke, og til Anette F. Aasbø som alltid har gjeve oppmuntring, støtte og tru på at eg kan. Ikkje berre under masteroppgåva, men kvar einaste dag.

Eg hadde heller ikkje klart meg utan produkt frå NRK MP3, Nidar og Friele så sender ein liten takk til desse òg.

Takk og pris for at eg klarte meg og vart ferdig!

# Innhaltet

Kapittel 1 : Innleiing .....	1
Det teoretiske perspektivet .....	1
Presentasjon av problemstillinga.....	2
Motivasjon og tilskot ved å studere kvinner og FrP.....	2
Organiseringa av oppgåva.....	3
Kapittel 2 : Opgåva sin metode og kjelder .....	4
Casestudie av FrP .....	4
Bruk av publikasjoner, dokument og spørjeundersøking .....	8
Kapittel 3 : FrP .....	10
Partidanninga til FrP.....	10
Organisasjonsforma til FrP.....	11
Utvikling i partiet sin politiske styrke gjennom valoppslutnad .....	13
Kapittel 4 : Kvinneinteresser og operasjonalisering .....	14
Kvinner.....	14
Kjønnslikestilling .....	15
Feminisme omgrep .....	16
Kvinneinteressediskusjonen i litteraturen .....	17
Operasjonalisering av kvinnepolitikk.....	18
Konsekvensane av operasjonaliseringa .....	23
Kapittel 5 : Kvinnerepresentasjon .....	24
Formell representasjon .....	24
Symbolsk representasjon.....	25
Skildrande representasjon .....	26
Substansiell representasjon .....	28
Kvinnerepresentasjon .....	30
Oppsummering av teorien kring kvinnerepresentasjon.....	32
Kapittel 6 : Veljarane .....	33
Politisk nærvær hos veljarane .....	33
Politisk deltaking hos veljarane.....	35
Bakgrunnseigenskapar hos veljarane .....	37
Hovudfunn for dei kvinnelege veljarane .....	39
Kapittel 7 : Kvinneinteresser definert av FrP-veljarane .....	41
Kvinneinteressene i 1985 .....	41
Kvinneinteressene i 1989 .....	42
Kvinneinteressene i 1993 .....	43
Kvinneinteressene i 1997 .....	44
Kvinneinteressene i 2001 .....	45
Kvinneinteressene i 2005 .....	46
Hovudfunna frå kvinneinteressene hos veljarane.....	46
Kapittel 8 : Partiorganisasjonen .....	49
FrP sin partiorganisasjon .....	49
Politisk nærvær i partiorganisasjonen .....	50
Politisk deltaking i partiorganisasjonen .....	52
Bakgrunnseigenskapar i partiorganisasjonen .....	52
Haldning til politiske spørsmål .....	56
Hovudfunn for kvinnene i partiorganisasjonen .....	59

Kapittel 9 : Kvinnepolitikken i FrP .....	61
Partiprogrammet i FrP .....	62
Likestilling mellom kjønna i partiprogrammet .....	63
Familien i partiprogrammet.....	66
Pass og pleie i partiprogrammet .....	69
Lønsarbeidet i partiprogrammet .....	76
Trygd i partiprogrammet .....	80
Helse i partiprogrammet.....	85
Immigrasjon i partiprogrammet .....	90
Oppsummering av hovedfunna i partiprogrammet .....	96
Kapittel 10 : Konkluderende samankoppling .....	98
Hovedfunna i oppgåva .....	98
Implikasjoner.....	105
Framlegg til komande forsking .....	106
Kapittel 11 : Kjelder .....	107

## Liste over tabellar

Tabell 3.1: FrP sine valresultat i form av røysterate og mandat oppnådd.....	13
Tabell 6.1: Nominasjonsmøtedeltaking av veljarar etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse, 1993 og 2005. ....	34
Tabell 6.2: Saksopptaking med politisk parti av veljarar etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse, 1993 og 2005. ....	34
Tabell 6.3: Sending av skriftleg klage til styresmaktene av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse, 1993 og 2005.....	35
Tabell 6.4: Skildring av dei kvinnelege veljarane i FrP, prosent, 1985-2005.....	35
Tabell 6.5: Partimedlemskap hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse, 1993 og 2005. ....	36
Tabell 6.6: Deltaking i demonstrasjonar av veljarar etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse, 1993 og 2005. ....	37
Tabell 6.7: Utdanningsnivå hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse, 1993 og 2005. ....	38
Tabell 6.8: Yrkessektor, offentleg tilsett, hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse 1993 og 2005. ....	38
Tabell 6.9: Inntekt hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse, 1993 og 2005. ....	39
Tabell 7.1: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse (SSB 1986). ....	41
Tabell 7.2: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse (SSB 1990). ....	42
Tabell 7.3: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse (SSB 1995). ....	43
Tabell 7.4: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse (SSB 1999). ....	44
Tabell 7.5: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse (SSB 2003). ....	45
Tabell 7.6: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse (SSB 2007). ....	46

Tabell 8.1: Kvinnene i FrP sin partiorganisasjon, 1980-2009. Tal på kvinner og kvinnerate.	51
Tabell 8.2: Oppvekstbakgrunnen til dei kvinnelege partimedlemmane, prosent og Prosentdifferanse, 2000-01.....	53
Tabell 8.3: Utdanning for partimedlemmar og landsmøtedelegatar etter kjønn, prosent og prosentdifferanse, 2000-01.....	54
Tabell 8.4: Yrkessektor, offentleg tilsett, for partimedlemmar og landsmøtedelegatar etter kjønn, prosent og prosentdifferanse, 2000-01.....	55
Tabell 8.5: Inntekta til partimedlemmar og landsmøtedelegatar etter kjønn, prosent og prosentdifferanse, 2000-01.....	55
Tabell 8.6: Haldningar til politiske spørsmål hjå partimedlemmar etter parti og kjønn, Prosentdifferanse, 2000.....	57
Tabell 8.7: Haldningar til politiske spørsmål hjå landsmøtedelegatar etter parti og kjønn, Prosentdifferanse, 2000.....	58
Tabell 8.8: Tilhengrarar av kjønnskvotering til partipolitiske verv, prosent og prosentdifferanse, 2000-01.....	59
Tabell 9.1: Oversikt over partiprogrammet til FrP med sidetal og ordteljing.....	63
Tabell 9.3: Familien, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.....	67
Tabell 9.4: Pass og pleie, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.....	71
Tabell 9.5: Lønsarbeidet, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.....	77
Tabell 9.6: Trygd, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.....	81
Tabell 9.7: Helse, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.....	86
Tabell 9.8: Immigrasjon, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.....	91
Tabell 9.9: avsnittsoverskrifter, søkeordtreff og treffprosent samla .....	96
Tabell 10.1: Kvinnepolitikk i FrP og kvinnerate, 1985-2010. ....	104

## Liste over figurar

Figur 1: Avhengig av familien eller staten, eller uavhengig gjennom lønnsarbeidet .....	21
Figur 2: Tilhøvet mellom kvinner, kvinneinteresser og kvinnepolitikk .....	98

# Kapittel 1 : Innleiing

*Casestudie av kvinnekjønnspolitikken i FrP gjennom kvinneinteresser og representasjon*

Mine funn etter analysen av kvinnekjønnspolitikken i Framstegspartiet (FrP<sup>1</sup>) gav ikkje særskilt med overraskningar, men overraskande nok fanst nokon av dei liberale feministane sine definisjonar av kvinneinteresser òg i FrP sine partiprogram. FrP er etter dei teoretiske definisjonane likevel lite kvinnevenlege. Dei subjektive saksfelta har endra seg mykje gjennom perioden 1985-2009. Helsepolitikken har vorte meir omfamnande og immigrasjonspolitikken meir restriktiv. Sidan kvinner deltek noko meir i partiet har dei gjerne vore med på denne prosessen. I tillegg fann eg at kvinneinteressene til veljarane på høgresida i politikken syntte minkande kjønnsskilnadar og at FrP-veljarane sine kvinneinteresser skilte seg frå dei andre kvinnelege veljarane på høgresida. Kjønnsskilnadane innafor haldingar hos medlemmar og landsmøtedelegatar konsentrerte seg kring færre saker i FrP enn i Høgre og KrF. FrP-kvinnene skilte seg òg ut ved i større grad å vere lågt utdanna arbeidarar eller handverkarar innafor privat sektor. Ein studie av FrP vart valt fordi dette partiet er noko av det minst studerte med omsyn til kvinnekjønnspolitikk og enda færre har gjorde dette på deira sine premiss.

## Det teoretiske perspektivet

Denne oppgåva gjev ei oversikt over kvinnekjønnspolitikken i FrP mellom 1985 og 2009. Likestilling hadde vore i vindu og med ein diskusjon kring høva likestilling og valfridom i fokus. Nyleg hadde einskilte yrkesgrupper mellom anna etterspurt ein arbeidsdag som var betre tilrettelagt for kvinner slik at dei mellom anna kunne rekke å hente barn i barnehagen (Smith 2010). Dette gav mi oppgåve auka aktualitet sidan den drog diskusjonen inn mot politikken og kvinner si deltaking i lønsarbeidet. I mi oppgåve kjem dette til syne gjennom kvinner, kvinneinteresser, teori kring representasjon og FrP sin kvinnerepresentasjon i form av nærvær, deltaking og politikkutøving i valprogramma. Kvinnekjønnspolitikken vart knytt til kvinnekjønnspolitikken gjennom Pitkin (1967) sine representasjonskategoriar.

---

<sup>1</sup> Partiet vert omtalt i resten av oppgåva gjennom forkortingen FrP.

## **Presentasjon av problemstillinga**

Tema for oppgåva har vore kvinnepolitikk gjennom identifisering av kvinneinteresser og representasjon av desse interessene. Oppgåva tek sikte på å utforske koplinga mellom veljarane og partiorganisasjonen sine kvinneratar i FrP og kvinnepolitikken i partiprogramma frå 1985 til 2009. FrP sine kvinneratar var veljarane 1981-2009 og medlemmane, landsmøtedelegatane og sentralstyret 1980-2010. Dette gav ei todelt problemstilling:

- *Kva kjenneteikna dei politiske interessene hjå kvinner som røysta på og var medlemmar, delegatar, og sentralstyremedlemmar i FrP?*
- *På kva måte var kvinneinteresser representert i FrP sin politikk?*

## **Motivasjon og tilskot ved å studere kvinner og FrP**

Eg ville studere kvinner på grunn av den aukande etterspurnaden etter kvinner i politikken ein hadde sett dei seinare åra som mellom anna påpeika problemet med at kjønnsstudiar var segregert frå dei dominerande emna i samfunnsvitskapen (Sapiro 1981:701). Sidan studiet av kjønnsrelaterte tilhøve i politikken med statsvitakapleg utgangspunkt heller ikkje hadde hatt som tradisjon å problematisere kjønnsomgrepet (Båstrand 2008:8), ville eg studere noko kring kjønn. Studie av kvinner sin representasjon og kvinnepolitikken gav innsikt i tiltihøvet mellom folket og politikarane (Wängnerud 2009:54). Motivasjonen følgde vidare påstanden om at min studie av kvinner kunne gje ei særskilt forståing for korleis politiske interesser hadde oppstått og utvikla seg ikkje berre hjå FrP, men hjå andre ikkje-dominerande- og minoritetsgrupper sine interesser (Sapiro 1981:705). Kjønnskildnadar hadde heile vegen vore av interesse for meg gjennom statusen for likestillinga i samfunnet som trigga meg med jamnlege statusoppdateringar i media. Dette fekk meg til å ville ta opp att tråden. Det undra meg òg at samsundes som kvinner hadde ynskt deltaking i lønsarbeidet og oppnåing av økonomisk fridom var det berre fåtalet, ein av fem, av småbarnsfamiliane som hadde mødrene i fullt lønsarbeid (Simonsen og Yssen 2010:67).

Det vart påpeika at det var lite litteratur på feltet kring kjønn og politiske parti generelt (Heidar og Pedersen 2006:196). Dessutan var studiet av kvinnepolitikken i FrP valt sidan noko av det minst studerte i populistiske høgreradikale parti (PRR-parti), som FrP òg var sagt å tilhøyre, var partimedlemsskap generelt, og kvinnene si rolle spesielt (Mudde 2007:97). Mudde (2007:91) hevda òg at populistiske radikale høgparti altfor ofte vert studert isolert

og implisitt samanlikna med den normale situasjonen i samfunnet eller med andre parti som ofte er venstresideparti. Dette skjedde ved at ein brukte omgrep skapt av kvinnene på venstresida i politikken og feministane. Dette vart av Mudde (2007) kalla feministfeil, medan det å samanlikne PRR-parti isolert eller mot venstresideparti var utvalsfeil.

## Organiseringa av oppgåva

Frå innleiingskapitlet gjekk eg over i **kapittel to** med metode- og kjeldediskusjon. Mi oppgåve var ein casestudie og eg tok i bruk ulike publikasjonar, dokument og spørjeundersøkingar. **Kapittel tre** introduserte kort caset FrP gjennom skildring av korleis partiet oppsto, var organisert og den utviklinga i røyster og mandat partiet hadde opplevd sidan dannninga i 1973. **Kapittel fire** plasserte studien min i ein kontekst. I dette kapitlet diskuterte eg kvinner, likestilling, feminism og utviklinga innafor kvinneintereseforskinga. Dette leia til ei teoretisk operasjonalisering av kvinneinteresser basert på økonomisk frigjering av kvinner. **Kapittel fem** var teorikapitlet. Eg nytta Pitkin (1967) sin modell for representasjon som utgangspunkt for diskusjonen. Hypotesar om koplingen mellom kvinneratane og kvinnepolitikken vart presentert til slutt. **Kapittel seks** såg på kjønnsskilnadar i bakgrunnseigenskapane, aktivitetsnivået og avgjerslemønstra for 1993 og 2001 for FrP, Høgre og KrF. **Kapittel sju** tok for seg subjektiv operasjonalisering av kvinneinteresser frå kjønns-skilnadar innafor FrP-veljarane, 1985 til 2005. Eg samanlikna FrP med Høgre og KrF. **Kapittel åtte** tok for seg FrP sin partiorganisasjon. Dette kapitlet hadde omlag lik oppbygging som kapittel seks med data berre for 2001. Analysen var òg prega av ujamnt datagrunnlag for nærvær, 1980-2005. Kapitlet diskuterte ein ekstra bakgrunnsvariabel i hovudforsørgjaren sitt yrke under oppveksten og til slutt haldningane til partimedlemmane. **Kapittel ni** skildra FrP sine partiprogram, prinsipp og handlingsprogram med omsyn til kvinneinteresser. Her diskuterte eg saksfelt operasjonalisert frå teori og gjennom FrP-veljarane. Eg såg etter trend og vendepunkt. **Kapittel ti** tok for seg dei sentrale funna i oppgåva gjennom diskusjon og konkludering av oppgåva som heilskap frå kvinner til kvinnepolitikk via interesser og representasjon.

## **Kapittel 2 : Oppgåva sin metode og kjelder**

*Dokumentanalyse av partiprogram, medlemsavis og årsrapportar frå  
landsmøte og sentralstyre samt analyse av veljar-, medlem, og  
partiundersøkingar for å forklare kvinnepolitikken i FrP*

Analysen i denne oppgåva hadde ei kvalitativ casetilnærming, men eg ynskte å gå utover ei rein skildring. Denne forskinga var òg meint å vere utforskande (explanatory). Dette gjor det mogleg å trekke logiske konklusjonar og syne korleis kvinneratane koplast saman med kvinnepolitikken i partiprogrammet. Eg byrja med å ta for meg casestudie før eg tok for meg diskusjon kring kjeldane, og avsluttar med ein presentasjon av hovudkonsekvensane.

### **Casestudie av FrP**

Definisjonen på ein casestudie er: "...an intensive study of a single unit for the purpose of understanding a larger class of (similar) units" (Gerring 2004:342). Denne tilnærminga var for å tryggje utveljinga av casen. Den sto ikkje for ein måte å analysere casen eller å finne kausalitet på. Den større klassa av case var i mitt høve andre parti til sentrum-høgre i politikken, som Høgre eller KrF, samsundes som det òg var mogleg at høva kunne passe for dei andre medlemmane i partifamilien, PRR-partia, ute i Europa.

Fagdisiplinen samanliknande politikk føresette ein samanliknande metode. Casestudien var ikkje ei klassisk komparativ metode slik som "method of agreement/most difference system design", "indirect method of difference/most similar systems design", "komparativ historisk metode", "typologiteori" og "bolsk algebra" (Mahoney 2003, Ragin 2004, Przeworski og Teune 1970, Hall 2003, George og Bennett 2005). Studien min hadde samanlikningar gjennom dei ulike nivåa i organisasjonen, over tid og rom gjennom deltaking i litteraturdiskusjonen og konteksten. Konteksten vart samanliknande ved å plassere FrP oppimot Høgre og KrF, to nasjonale parti på sentrum-/høgresida i politikken. FrP var ein case som gjekk både over rom, tid og innafor organisasjonen. Eg såg på veljarane og partiorganisasjonen gjennom medlemmar, landsmøtedelegatarar, sentralstyre og leiarar over tidsperioden 1985-2009. Studien min var dermed eit casestudie som fall innafor Gerring (2004:343, 351) sin tredje type av casestudiar som har skifte i analysenivå. Dette skuldast at

casen vart plukka utifrå fenomen innafor casen samsundes som ein hadde analyse i tid og rom. Denne diakrone og kontekstuelle samanlikninga gjorde at eg maksimerte samanlikningsgrunnlaget og reduserte kontrollproblemet betre enn ved til dømes å berre samanlikne to case (Lijphart 1971, George et al. 2005:166). Koplinga mellom kvinneratane og kvinnepolitikken, som for casestudiar generelt, vil høgst truleg avhenge av samværet med andre forklaringsvariablar (Ragin 2004).

Casestudie har dessutan gjerne vorte plassert på motsatt side av statistikken og den kvantitative metoden med tanke på inferens<sup>2</sup>, omfang, einingshomogenitet, kausalinsikt, kausale tilhøve, forskingsstrategi og variansnytte (Gerring 2004:346). Metoden hadde då vore generelt sterkt akkurat på dei områda statistikken var veik (George et al. 2005:19, King, Keohane og Verba 1994:8, McKeown 1999). Casestudie som hadde som mål å skildre i staden for å forklare hadde den fordelen at konsepta kunne definerast og operasjonaliseraast presist og ikkje verte forenkla for å tilpasse seg data. Styrkja med casestudien av FrP var at ein unngjekk å strekke konseptet kvinnepolitikk (Sartori 1970:1034,1042). Trass i at eg brukte dei liberale feministane sine indikatorar på kvinneinteresser i den teoretiske operasjonaliseringa diskuterte eg den opp i mot dei relasjonelle feministane som med større sannsyn var i FrP samsundes som eg nytta ein subjektiv definisjon basert på FrP-veljarane sine kjønnsskilnadar. Strekking av eit konsept gjaldt at konseptet som vart nytta til å skildre eit fenomen ikkje var ein rett refleksjon av det opphavlege konseptet. Konseptet kan strekkast så langt at ein ikkje lenger måler det ein trudde ein målte (Adcock og Collier 2001:530, Skog 2004:89-90). Casestudien medverka oftaast på grunn av dette med mykje kunnskap om lite (Gerring 2004:348). Konseptstrekking kan koplast til målingsvaliditet som vil syne i kor stor grad ein har lukkast i operasjonaliseringa, om ein målte det ein ynskte å måle, og om utvalet av einingar var rett. Ein studie som min av få case ville gjorde det lettare å få dette til, sidan ein får oversikt over casane og kva omgrepa tyder i dei ulike kontekstane. Ein av dei viktigaste føresetnadane i statistikken gjeng på einingshomogenitet. Den ynskte at ei einingsendring i forklaringsvariabelen skulle endre den avhengige variabelen tilsvarande for alle einingane (Hall 2003). Oftast har både avhengig- og forklaringsvariablane som har vore brukt i casestudiar hatt lite variasjon (Ragin 2004:129). Manglande sjølvstende mellom forklaringsvariablane var samsundes det som har gjorde det mogleg å oppdage kausal inferens innafor denne metoden (George et al. 2005:207).

---

<sup>2</sup> Statistisk inferens er å tolke eller analysere resultat frå utvalet for å finne ut mest mulig om populasjonen.

”Interestingly, statistical views of selection bias understate both the most severe and the most common kinds of selection bias in qualitative research” (George et al. 2005:24). Utvalsfeil oppstår når utvalsprosessen i enten design eller studien av fenomen i røynda fører til inferens råka av systematiske feil. Utvalsfeil vil kunne kome av at case var utsett for sjølvseleksjon eller av at forskaren uforvarande valte seg case utifrå avhengig variabel (King et al. 1994:128-32, George et al. 2005:23). Utvalsfeil kunne ein òg få om ein samanlikna FrP med høva i samfunnet generelt eller med parti med ulik verdigrunnlag som parti til vestre i politikken. Mudde (2007:91) hevda at PRR-parti altfor ofte hadde vorte studert i isolasjon og implisitt samanlikna med den normale situasjonen i samfunnet eller med andre parti som ofte var venstresideparti. Eg freista å minimere sjansen for utvalsfeil gjennom å samanlikne veljarar og medlemmane i partiorganisasjonen i FrP med Høgre og Kristeleg Folkeparti (KrF). Det interessante låg i at desse partia var relativt nærme til sentrum-høgre i det politiske rom. Høgre tilhørte den tradisjonelle høgresida i politikken basert på ny-klassisk økonomisk teori noko dei vert sagt å dele med FrP med felles interesser i frie uregulerte samfunnshøve, medan KrF delte det tradisjonelle verdisynet med FrP som relasjonell feminism. Det var tilnærma sjølvsagt at ein fann skilnadar mellom høgre- og vestresida i politikken som til dømes mellom FrP og Sosialistisk Venstreparti, men det er meir uklart om det er skilnadar og kva type skilnadar ein vil finne innafor partia på sentrum-høgresida.

I statistisk analyse ville slike feil alltid føre til undervurderingar av styrkjen til forklaringsvariablane og gje urette estimat på ein kausal effekt (Mahoney 2003:351). I casestudien kunne ein derimot oppleve enten overestimering eller underestimering av tiltihøvet. Dette kom av at ein då berre hadde ein avgrensa del av informasjonen tilgjengeleg (Geddes 1990:132). Faren var då om forklaringsvariabelen og avhengig variabel hadde avgrensande variasjon samsundes som dette var all mogleg variasjon og ignorere case som kunne avkrefte teorien. Innafor casestudie ville det å velje utifrå den avhengige variabelen likevel kunne vere ok utifrå einskilte målsetnadars som til dømes studie av nødvendige vilkår for å identifisere variablar som ikkje hadde tilstrekkelege vilkår for det valte utfallet (George et al. 2005:23, Mahoney 2003:351). Tidleg i prosessen kunne eit slik val uansett vere særstundig for å oppdage eventuelle kausale mønster og andre variablar (Ragin 2004:129, George et al. 2005:23). Utveljing basert på forkunnskapar om forklaringsvariablane sine verdiar og forskarens favorisering av einskilte hypotesar kunne likeins ha ført til bias i casestudien

(George et al. 2005:24). Derimot ville avgrensa forkunnskap om casen medverke til eit sterkare forskingsdesign fordi ein då kunne vite om ein hadde å gjere med mest sannsynlege, minst sannsynlege eller avgjerande case for teorien. Eg vil mellom anna kunne sjå om dei ulike nivå innafør partiet i form av veljarar og partiorganisasjon fann ut om kvinnerata høgare oppe i systemet ville ha større sjanse for påverknad på kvinnepolitikken. Desse høva var særskilt viktig for interne casestudiar, som mitt delvis var. Prosessporing var eit verkemiddel som kunne ha medverka til betring eller hindring av slike valmessige feilsteg, men dette vart ikkje noko eg nytta meg av.

Trugsmål mot ekstern validitet i casestudiar var mellom anna representativitet, spuriøsitet og irrelevante målingar (McDermott 2002:38). Casestudien hadde som vane å medverke til eit høgt nivå på den konseptuelle validiteten, men hadde vanskar med omsyn til ekstern validitet. Kvalitative metodikarar har slite med representativitet og dermed ekstern validitet med omsyn til om ein kunne generalisere eller overføre årsakshøve mellom avhengig og uavhengig variablar til dei andre casane i klassa (George et al. 2005:31, Hall 2003:373n1). I statistisk metode ville ein derimot freiste å utføre analysen på eit tilfeldig utval, for deretter å rekne ut avviket mellom utvalet og populasjonen (Skog 2004). Slik kunne ein syne til kor stor sjanse det var for at ein kunne generalisere desse funna og tryggleiken var då mykje større enn i ein studie med få einingar. Her ville det òg ha vore viktig å definere og avgrense omfanget av funna mine ut i frå kva type case ein har undersøkt (George et al. 2005:25,77). Dei mest suksessfulle studiane har arbeidd innafør veldefinerte mindre underklassar av meir generelle fenomen. Casestudiar beveger seg ofte nedover mot mindre generelle teoriar for å unngå strekking av konsepta (Geddes 1990, George et al. 2005). Dette har vore ein svært effektiv strategi innafør skildring.

Trass i mitt val av "liten-n" analyse gjennom studie av FrP, og at den òg tok for seg bruken av ei kvalitativ skildrande metode ville den likevel freiste å kople kvinnepolitikken i FrP til kvinneratane innafør partiet. Det ville uansett ikkje vere mogleg å seie noko om kor stor endring i kvinneratane som skulle til for å fremje kvinnepolitikk på grunn av metodevalet (King et al. 1994:57). Min studie var dermed både hypotesegenererande og testande. Sidan eg tok i bruk både kvalitativ og kvantitativ analyse og då både skildra og forklarte ville dette tyde på bruk av blanda metode (Johnson og Onwuegbuzie 2004:17). Blanda metode har vore omtala som "metodetriangulering", som synte til at ein skifta mellom ulike metodar. Det har vore hevda at den kausale inferensen ein kunne oppnå ved blanda metode var meir enn

summen av dei ulike metodane (Lieberman 2005:17, Johnson et al. 2004). Mitt mål var ikkje å generalisere, men det kunne vere mogleg at funna mine òg gjaldt innafor den breiare klassa av case som skildra tidlegare. Dette kom av at om kvinneratane i partiet påverkar kvinnepolitikken i FrP så vil den òg kunne gjere dette i andre liknande parti.

## **Bruk av publikasjonar, dokument og spørjeundersøking**

Informasjonen eg trong med omsyn til kvinnepolitikk og kvinnerate fann eg i publikasjonar, i dokument og i spørjeundersøkingar. Publikasjonane var bøker, vitskaplege artiklar og avisartiklar. Dokumenta var partiprogram, medlemsavis og landsmøte- og sentralstyre rapportar frå perioden 1985-2010. Problem med dokument som kjelde gjeld autentisitet, om eg fekk vite noko om sanninga eller om informasjonen berre var forma av avsendar. I kjeldevurderingar vart konteksten viktig med omsyn til normer, reglar og strukturen i det politiske system. I Noreg hadde ein mellom anna vore van med at partia produserte og gjorde partiprogramma sine tilgjengelege for alle og det var tradisjon for å ha partiprogramma som mål for partiet sin politikk til dømes i avrøystingar på Stortinget og tv-debattar. Difor kunne eg ha tillit til partiprogramma som informasjonskjelde om partipolitikk. Media brukar dessutan ofte programma til å vurdere om politikarane hadde utført eit godt arbeid eller ikkje. Spørjeundersøkingane var dei norske valundersøkingane frå perioden 1985-2005. Desse data vart stilt til disposisjon gjennom Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD), ingen av dei undernemnte personar eller institusjonar var ansvarlig for dei analysar eller tolkingar av data som er gjort i denne oppgåva.

Kjelder som aviser, tidskrift og likeins bøker representerte òg eit kjeldekritisk problem gjennom forfattaren eller skribenten sidan ein alltid vil påverke det ein skriv uansett kor nøytral ein freistar å vere. Dette kjem av at observasjonane og analysane som danna grunnlaget for den skrivne teksten alltid vert farga av forfattaren sine verdiar, holdningar og persepsjonsevne. I spørjeundersøkingar ville intervjuaren og samspelet mellom intervjuar og respondenten kunne ha påverka svara saman med utforming av spørsmåla (Grønmo 2004). Val av kjelde var avveging av fordelar og ulempar med omsyn til tilgjenge og truverd. Det var ikkje all informasjon det var mogleg å få tak i fordi nokon kanskje ikkje ynskte å gje den frå seg. Kjeldetriangulering gjekk ut på å svare på same problemstilling ved hjelp av ulike typar av data. I samfunnsvitskapen tok kjeldetriangulering for seg særskilte sosiale fenomen som

det vart kasta lys over frå ulike synspunkt og synsvinklar (Grønmo 2004:55-6). Dette kunne medverke til å styrke tilliten til resultata i den særskilte studien. Dersom analysar basert på ulike data gav identiske resultat ville det tyde på både god reliabilitet og validitet. Triangulering la òg til rette for faglig fornying ved at ein kunne oppleve avvik mellom resultata ved bruk av ulike typar av data.

Nokon av dokumenta vart produsert av partiet utelukkande for intern bruk slik som sentralstyret og landsmøta sine årsrapportar og medlemsavisa, medan partiprogramma var ålmennkringkasting. Det hadde seg slik at primærkjelda til desse dokumenttypane var partiorganisasjonen til FrP. Dei tilnærma einaste alternativa til partiet som datakjelde var funn frå spørjeundersøkingar og eit avgrensa omfang av publikasjonar, men ingen av dei hadde den ynskte lengda på tidsperioden. Eg nytta Heidar og Saglie (2002:241-269) sin publikasjon som sekundærkjelde til medlemssurveyane landsmøteundersøkingane og delegatundersøkingane. Det at eg nytta denne publikasjonen avgrensa samanlikningsgrunnlaget mellom partiorganisasjonen og veljarane sidan eg ikkje sjølv kunne velje variablar eller rangeringar. Medlemssurvey var i form av valundersøkingane, 1985-2005. Tilhøvet var òg slik at eit fåtal av spørjeundersøkingane tok for seg partimedlemskap, dermed måtte eg bruke stemmegjeving i staden. Dette svekka nok validiteten i oppgåva mi noko sidan val mellom anna var ein meir uformell aktivitet enn partimedlemskap. Samsundes som reliabiliteten til slike data som spørjeundersøkingar var relativt därleg på grunn av denne låge svarprosenten. Til dømes så var fråfallet i Valundersøkinga etter valet i 2005 på 31,8 prosent (SSB 2007). Reliabilitet tydde at bruk av lik metode ville gje like resultat òg for andre forskrarar, difor vert dette viktig med omsyn til at andre forskrarar i framtida skal kunne replisere undersøkinga (King et al. 1994:26). Systematisk målefeil var bias, medan tilfeldig målefeil gjaldt reliabilitet (Adcock et al. 2001:530-1). Målingane vert valide når verdiane omfamnar ideane i det teoretiske konsept. God validitet fortel at ein måler det ein ynskjer å måle, 'målevaliditet', og ligg nærmest omsynet ein tek ovanfor tydinga til omgropa (Adcock et al. 2001, King et al. 1994). Data frå internasjonale institusjonar som NSD skulle vurderast til å stole på og dermed skulle ikkje validitet verte eit stort problem. Valundersøkingane var individdata og difor må datasettet handsamast med omsyn for å ivareta menneskeverdet på grunn av mogleg sensitiv og privat informasjon i datasettet. Eg må òg syne varsemd med lagring av datasettet og slette det når masteroppgåva er ferdig. Dette kjem frå dei forskingsetiske retningslinjene for denne faggreina (NESH 2006).

# Kapittel 3 : FrP

*Introduksjon av caset FrP med omsyn til partiorganisasjonen*

Historia til FrP hang saman med dannninga av partiet Anders Langes Parti (ALP), ”parti til sterke nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep” (Sentralstyret 2010). ALP vart dannar i Saga kino åttande april 1973 og tok namnet FrP i 1977. Lenge før dette vart grunnlaget for partiet lagt, ein må nemleg gå helt tilbake til då Noreg opplevde spreidde fascistrørsler på 1930-talet. (Kitschelt og McGann 1995:122-33). Etter andreverdskrig klarte heller ikkje grupperingar så mykje til høgre i det politiske rom å mobilisere seg med støtte utover kjernemedlemene. Dermed måtte eit nytt parti utan tidlegare mobilisering skapast frå botnen av. Dette gav både sjansar og avgrensingar. Grunnleggjarane stod fritt til sjølve å definere partiet sin profil og attraktivitet, men mangla intellektuelle-, personell- og organisatoriske ressursar som bremsa opp utviklinga av partiet.

## Partidanninga til FrP

Det oppsto tre partidanningar i kjølevatnet av EF-saka i 1972 og det norske partisystemet opplevde ei stor endring i året mellom folkerøystinga i 1972 og Stortingsvalet i 1973 (Bilstad 1994:25). Desse tre partia var ALP, Det Nye Folkepartiet, DNF og Sosialistisk Valgforbund, SV (Bilstad 1994:25). Alle tre skiftar namn høvesvis ALP til Framstegspartiet, DNF til Det Liberale Folkepartiet og SV til Sosialistisk Venstreparti. ALP var partidanninga på høgresida av partisystemet, dermed mottok dette partiet stort sett røyster frå dei ikkje-sosialistiske partia (Kitschelt et al. 1995:131). Sjølv om medlemmane av ALP tidlegare var Høgremedlemmar var ikkje dannninga av ALP ei partisplitting frå Høgre, men eit einmannsverk utført av personen Anders Lange (Svåsand 1994:115). Før partiet FrP vart til, ved namneskifte frå ALP med Carl I. Hagen i spissen i 1977, var partiet prega av indre uro. I 1974 braut deler av FrP, med Kristofer Almås og dåverande stortingspolitikar Carl I. Hagen i spissen, ut og dannar Reformpartiet. Då Anders Lange brått døydde same haust, rykka Hagen inn på plassen hans (Heidar og Saglie 2002:59). I 1975 vart det forsoning, og 90 prosent av Reformpartimedlemmene vendte tilbake til FrP (FrP 2009a).

Vegen mot partidanning byrja allereie i 1965 ved at mange veljarar sakna reelle politiske alternativ til sosialdemokratiet (Kitschelt et al. 1995:125), skiljet mellom parti i posisjon og i

opposisjon i Stortinget hadde i stor grad vorte viska ut (Bjørklund 2003:142). Dette kom av stadige mindretalsregjeringsar som gjorde det vanskeleg å plassere det politiske ansvaret hjå eit eller fleire parti. Samsundes hadde mange borgarlege regjeringsar freista seg utan at det hadde ført til endring. Mellom 1963 og 1973 fekk tre regjeringsar med ulik varigheit prøve seg og dette var Lyng, Borten og Korvald sine. FrP segla fram som følgje av å vere ein oppsamlar av ulike formar for opposisjon grunna i dette uklare tilhøvet. Dessutan var opinionen lei av auke i skattlegginga som var medført av innføringa av moms med verknad fyrste januar 1970. Desse høva bana veg for parti som verkeleg ville motsetje seg auka skattlegging.

## **Organisasjonsforma til FrP**

Grunnlaget for partiet sin organisasjonstype finn ein i partistiftaren sin sterke motstand mot det tradisjonelle partiet (Bjørklund 2003:129-30). Anders Lange misslikte sterkt det etablerte partivesenets formelle og byråkratiske organisasjoner og ynskte å nedkjempe det vanlige partivesenet og skape ei laus folkerørsle (Svåsand 1994:114, Heidar et al. 2002:59). Han ville drive ei personleg politisk kampanje med spontan handling heller enn koordinert massekampanje utført av eit partiapparat. Forut for valet i 1973 presenterte Lange eit valkampprogram på ei einskiltside med ti saker som han var for og like mange som han var imot. Persondominansen ser ein att under partidanningsmøtet der han hadde lagt tilhøva til rette for at det ikkje skulle vere diskusjon kring stiftinga (Bjørklund 2003:129). Partiet opplevde deretter konsekvensane av ein rask vekst på grunn av denne lause organiseringa og problem med å hauste fruktene av valoppslutning og politisk stønad frå veljarane (Kitschelt et al. 1995:132).

Leiarskapsstilen til Lange og Hagen har gitt leiinga ein unik og spesielt dominerande posisjon i partiet (Valen, Narud og Skare 2002). ALP var heldig og fann ein ny karismatisk leiar i Carl I. Hagen. Like etter overtakinga av partiet tok Hagen fatt på oppgåva med å danne ein partiorganisasjon i eit parti som hovudsakleg mobiliserte medlemmar som var motstandarar av sentralstyring og byråkrati (Svåsand 1994:114). Bjørklund (2003:130) hevda at Lange måtte dø for at partiet skulle leve vidare i ei omskapt form og verte verande i partisystemet. Dette kom av at Hagen hadde ein klart annan organisasjonsfilosofi enn Lange (Heidar et al. 2002:59). Filosofien var henta frå marknadsøkonomien og gav opphav til konsernmodellen partiet no er kjent for (Bjørklund 2003:132). I konsernmodellen fungerar sentralstyret som eit

verksemdstyre som leiar ulike underavdelingar (Heidar og Saglie 1994:141-2). Makthierarkiet vert oppsumert gjennom sitatet:

”Sentralstyret slår derfor fast at Fremskrittspartiet er EN organisasjon med Landsmøtet som organ, deretter Landsstyret, og i det meir daglige, Sentralstyret og Arbeidsutvalg med sekretariatet som det utførende organ for beslutninger i Sentralstyret og Arbeidsutvalget. Beslutninger i Landsmøtet og Landsstyret er selvsagt retningsgivende for Sentralstyrets og Arbeidsutvalgets arbeid” (Sentralstyret 2009).

Leiaren var då leiaren av sentralstyret<sup>3</sup> med lokal- og fylkeslag som underavdelingar (Heidar 2002:59). Partiorganisasjonen vart utvikla og oppbygd etter ved hjelp av landsstyret sin plan<sup>4</sup> for utvikling av partiapparatet som skildra bruken for eit sentralt medlemsregister og ein bruk av overordningsprinsipp i rekrutteringsarbeidet. Eit felles trekk for nypopulistiske parti som FrP var nettopp stram partidisiplin og klare kommandolinjer (Bjørklund 2003:133).

Tida i etterkant av grunnleggaren Lange var til trass for ein sterk leiari Hagen og ei organisasjonsdanning prega av strid. I dette tilhøvet var mangel på partidisiplin eit større problem for partileiinga enn mangel på engasjement (Heidar 2002: 62). Partiet prøvde ut fleire særeigne organisasjonsformer som til dømes praksisen med ”aktiv utmelding” i forsøk til å halde orden i rekkene<sup>5</sup>. Striden i partiet førte til at ein tok i bruk ekskludering av medlemmane som gjekk ut på at om partimedlemmar gjennom handling ynskte å skade partiet, partiets tillitsfolk eller folkevalte sitt omdømme kunne vedkomande verte ekskludert (Bjørklund 2003:133, FrP 2009e). På grunn av denne ”aktive utmeldinga” krevjast det ingen formell utmeldingsprosess sidan medlemmane melder seg sjølv ut. I alle stortingsgrupper har det vore ekskluderingar eller utmeldingar (Bjørklund 2003:133, Lura og Børhaug 2005, Erstad 2009). På bakgrunn av alle dei ubehaglege utmeldingane fremja Hagen eit grunnlovframlegg som ville ha gitt auka makt til partileiinga gjennom at partiet ville ha bytt ut den ekskluderte politikaren med ein ny partivennleg ein (Saglie 2002:309). Noko han ikkje har fått gjennomslag for og enno er det representantane i eigen person som vart valt inn.

---

<sup>3</sup> ”Strategi for sentralstyrets ledelsesoppgaver” vedtatt av sentralstyret 4.5.91. Trykt som vedlegg 1 til partiets årsberetning for 2000-1

<sup>4</sup> ”Fremskrittsbevegelsen mot 1991 og 1993” side 141 i Heidar, Knut og Jo Saglie (2002): *Hva skjer med partiene?* Oslo: Gyldendal akademisk.

<sup>5</sup> ”Sentralstyret kan selv ta initiativ til å ekskludere eller suspendere medlemmer som motarbeider partiet, misbruiker sin stilling i partiet eller har opptrådt på en slik måte at de ikke lenger bør være medlem i partiet” (FRP 2009).

## Utvikling i partiet sin politiske styrke gjennom valoppslutnad

Partiet har vokse mykje sidan oppstarten og vekslar på å vere det største partiet på høgresida i politikken i Noreg saman med Høgre.

**Tabell 3.1: FrP sine valresultat i form av røysterate og mandat oppnådd.**

Val <sup>6</sup>	1973	1977	1981	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Valresultat, rate</b>	5,0	1,9	4,4	3,7	13,7	6,3	15,3	14,6	22,1	22,9
<b>Valresultat, mandat</b>	4	0	4	2	22	10	25	26	38	41

Kjelde: (FrP 2009a)

Tabellen syner at FrP vann fem prosent av røystene og fire stortingspolitikarar i sitt fyrste val i 1973. Då hadde partiet knapt 1000 medlemmar. Ved neste val opplevde ein kraftig nedgang før ein i 1981 fekk tilbake mykje stortingsrepresentasjon gjennom å vinne fire Stortingsmandat og samsundes som partiet har ti gongar så mange medlemmar. Partiet opplevde eit lite tilbakefall i 1985 ved å berre få inn to politikarar. Gjennombrotet for partiet kom med valet i 1989 då dei vann 13,7 prosent av røystene og 22 stortingsseter. Stortingsgruppa vart mellombels kraftig redusert i perioden 1993-97 og partiet opplevde ein gradvis auke i stortingspolitikarar fram til sitt foreløpige maksimum på 41 stortingsseter. FrP har 41 politikarar og 22,9 prosent av røystene til Stortinget i perioden 2009-2013.

---

<sup>6</sup> FrP, Framstegspartiet (2009a): *Fremskrittspartiets historie*. Oslo: [http://www.frp.no/no/Mot\\_oss/Historie/](http://www.frp.no/no/Mot_oss/Historie/). [kl 12:35 14.12 2009].

## Kapittel 4 : Kvinneinteresser og operasjonalisering

*Kvinner, feministar, likestilling og operasjonalisering av kvinneinteresser*

"In order to discuss representation of women we must consider whether women as a group have unique politically relevant characteristics, whether they have special interests to which a representative could or should respond. Can we argue that women as a group share particular social, economic or political problems that do not closely match those of other groups, or that they share a particular viewpoint on the solutions to particular problems?" (Sapiro 1981:703).

### Kvinner

Det å sjå på kvinner som ei gruppe i politisk samanheng gjekk ut på å sjå på kjønnsskilnadar i arbeidslivet og i heimen (Wängnerud 2009:52, Beckwith og Cowell-Meyers 2007:745). Det sosiale kjønn som omgrep og sosial kategori vart skapt av feministane for å kunne skildre omgrepet kvinne basert på ulikskapar i dagleglivet (Squires 2008:189). Sosialt kjønn vart knytt til ein systematisk samanheng mellom kjønn og økonomisk, sosial og politisk makt (Aardal og Holth 2007:203). Dermed fekk gruppa *kvinner* ein særskilt identitet som alle delte og som ingen andre hadde som gjekk ut på å inneha ein særskilt posisjon i samfunnet (Mansbridge 1999:637, Phillips 1995:72). Vidare vart det føresett at trekk eller karakterar ved kvinnene gav dei ei felles interesse som overgjekk interessene som skilte dei og vart forsterka sidan identiteten som band gruppa saman gjekk på biologi. Problemet var at fellesskapet vart meir permanent sidan biologien ikkje endra seg og problemet vart størst om ei gruppe var sosialt dominerande og vert normdannande for forventningar og institusjonsdanning slik som ein opplevde for kjønn (Mansbridge 1999:638). Dette førte òg til synet på at kvinner representerte kvinner best uansett parti, klasse, kultur eller andre skilnadar. Dette synet ser på kjønn som ein fastlåst kategori (Wängnerud 2009:53). Den andre leiren meinte at alle kvinner var like samsundes som dei åtskil seg frå menn (Phillips 1995:145). Kvinner utgjer ei heterogen gruppe fordi det var nesten like store skilnadar innafor gruppa kvinner som mellom kjønna (Celis, Childs, Kantola og Krook 2008:99, Mudde 2007:112). Heterogeniteten i kvinnene kom til syne gjennom høgre-venstreaksen i politikken ved at høgresida var mindre opptatt av kjønn (Koning 2009:175,185).

## Kjønnslikestilling

I tidlegare tider kunne ei kvinne verte mann gjennom ei maskulin handling (Båtstrand 2008:8). Kvinner som syner typisk mannlege interessermønster vart i nær fortid møtt med større hinder med omsyn til å oppnå politisk makt (Wängnerud 2009:61). Dei tradisjonelle kjønnsskilnadane har likevel vorte minimert dei siste tre tiåra (Christensen 1999:65).

"Equality" saman med "accountability" definerte det ideelle demokrati. Definisjonen på politisk likskap var at alle borgarane sine interesse skulle illeggast lik verdi (Dahl 2006:4). Likskap var eit veikt og uklart omgrep fordi det var vanskeleg å uteie kven denne likskapen skulle omfamne (Phillips 1995:29). Ei teoretisk grein meinte at sidan kvinner var likeverdige borgarar burde dei få delta på same måte som menn i politiske avgjersler (Tremblay 2007:533). Medan Phillips (1995: 31) meinte at politisk nærvær ikkje kunne utelast direkte frå likskapsidelet sidan representasjon for ho ikkje tydde deltaking (Phillips 1995:31). Ut i frå denne skilnaden kunne menn òg representera kvinneinteresser samsundes som det har vorte påpeika at kvinner i røynda utgjer ei heterogen gruppe (Celis et al. 2008:99).

Likestillinga i samfunnet vart vurdert etter mål om rettskrav eller talentutnytting. Likskap vart då målt ut i frå kvinnene sin sjanse til å oppnå politiske posisjonar eller i kva grad dei hadde oppnådd posisjonar (Dahlerup 2007:75). Resultatlikskap følgde rettskrav-tankegangen og tok for seg at ein ynskte seg at kvinner i større grad fekk polisk makt ved å få ei høgare kvinnerate i parti og parlament. Høgresida sine støttespelarar sa seg oftast nøgd med sjanselikskap gjennom sitt talentutnyttingssyn. Dette kom til syne ved at resultatlikskap vart vurdert som urettferdig av liberale fordi ein fekk ei fordeling som ikkje samsvarer med det å ha opparbeidd seg ein slags formell rett til å innehå politiske posisjonar (Celis 2008:112). Parti til høgre i politikken var dessutan meir opptekne av at kvinner vart møtt med likeverd heller enn at kjønna skulle vere likestilte (Phillips 1995:36-7). Den politiske venstresida sine sympatisørar meinte at det var essensielt å setje seg mål om likestillingsnivå og bruk av verkemiddel for å nå desse måla vart sett på som naudsynt. Dermed vil likskap i nokre situasjonar tyde ulik behandling som ved til dømes fødselspermisjon slik den er fordelt mellom foreldra i dag.

Ein spør seg då sjølvsagt om det var talentutnyttingssynet som kan forklare at Stortinget alltid har vore underrepresentert av kvinner sidan rettferdsomsyn ville ha gitt forventning om noko anna (Bråten 2003).

## Feminisme omgrepa

Tidlegare i kapitlet fekk ein vite at kvinner som gruppe var heterogene og at det kunne vere større variasjonar innafør gruppera. Noko av dette kom til åsyn gjennom ulike typar av feminism. Feministane kunne inndelast i liberale og relasjonelle feministar (Offen 2000). Liberal feminism tok for seg eit individualistisk perspektiv og fokuserte dermed på at individuelle kvinner ikkje skulle vere avhengig av familien og foreta personlege val samtidig som dei kravd likestilling mellom kjønna (Childs og Krook 2006:526). Relasjonelle feministar og den konservative kvinnerørsla vektlagde skilnadane mellom menn og kvinner med eit fokus på at dei utfylte kvarandre i eit likeverdig partnarskap som i uttrykket "Equal but different" (Celis 2009:100-1, Mudde 2007:92).

Det som nok påverka kvinnepolitikken mest var dei liberale feminismane gjennom "Nyfeminismen" som utvikla seg til "Statsfeminismen". Statsfeminisme var eit omgrep skapt av Helga Hernes basert på Karin Stoltenberg sitt arbeid med "Familiemeldingen" som tok til i 1972 og vart satt ut i praksis av Gro H. Brundtland på 1990-talet. Dette arbeidet kom i gong fordi statistikken fortalte at det var 150 000 kvinner som ynskte seg ut i lønsarbeid samsundes som dei meinte at det var praktisk umogleg (Simonsen et al. 2010:53,55-64). Med dette opplevde ein ei radikal endring av tiltilhøvet arbeidsliv og familie gjennom at ein kom fram til at kvinnene høyrt heime både i heimen og i arbeidslivet samsundes som dei sjølve måtte få avgjere kvar innsatsen skulle vere sterkest. Kvinner hadde kanskje ulike erfaringar og livsløp enn menn som kunne gje særskilte praktiske konsekvensar og dermed kunne menn vere like gode omsorgspersonar som kvinner (Hernes 2004:291-2). Likestillingsspørsmål vart dermed definert som eit offentleg høve, brakt inn i faste former og institusjonalisert under familiepolitikk (Akerø 2009:37).

"Ny-feminismen" vart meir prega av likskapsorienterte rettferdsideal enn liberale fordi ein fann ut at liberalismen sine politiske verkemiddel ikkje var tilstrekkelege for å oppnå likestilling eller frigjering av kvinnene (Hernes 2004:290). Stoltenberg og hennar kollegar

meinte at det heller ikkje var noko tenkeleg barnetrygd som kunne gje like stor auke av familien si inntekt som at begge var i lønsarbeid (Simonsen et al. 2010:61).

## Kvinneinteressediskusjonen i litteraturen

No skal eg diskutere meg fram til ein definisjon på omgrepet kvinneinteresser som kan brukast i mi analyse av kvinnerepresentasjonen i FrP. Kvinnepolitikk hadde i litteraturen vorte sagt å vere endring i politikk som tok for seg kvinnespørsmål, feministspørsmål, kjønnsspørsmål, kvinnevenleg politikk, kvinnene sin politiske effektivitet, representasjon av kvinner, kjønnssensitiv politikk, kjønnsstrategiske interesser eller feminiserande politikk (Dahlerup 2006a:517). Interesseargumentet innafor representasjon var ikkje avhengig av ein universell definisjon, men tok for seg kjønnsskilnadane i kvinnene sine interesser (Phillips 1995:68). Kvinnene kunne vere åtskilte på grunnlag av andre primære skiljelinjer som sosial klasse, region, religion eller ideologi som kunne overskugge kvinneinteressene. Ein kan merke seg at Lipset og Rokkan (1967) meinte at kjønn var ein del av desse primære sosiale skiljelinjene (Phillips 1995:68). Usemja kring kvinneinteresser var nok større i dag enn i tidlegare tider sidan kvinnene sin livssituasjon har vorte meir samansett som følgje av kvinner sine ulike tilknytingar til arbeidsmarknaden og ein hadde dermed større behov for ein meir differensiert definisjon av kvinneinteresser (NOU 1995:4.1). 'God' substansiell representasjon føresette godkjenning av skilnadar og ideologisk konflikt innafor kvinneinteresser og kjønnsperspektiv (Celis 2009:95).

På 1980-talet kom ein fram til at kvinneinteresser samsvarer med kjønnsskilnadar i yrkesval saman med viljen til å verte med der politiske avgjersler vart tatt. Dette førte då til at omgrepet kvinneinteresser famna kvinneinteresser som var mogleg å representera politisk. Denne debatten ført fram til tre åtskilte definisjonar på substansiell representasjon nemleg kvinnene sin representasjon av interesser, haldningar eller perspektiv (Celis 2008:111, Lovenduski 1997, Young 2000). Alle kjønnsskilnadar vart dermed lenger utelukkande sett på som skilnad i interesser.

Sidan 1990-talet hadde forskrarar vore opptekne av representasjonsomgrepet òg tatt for seg skildring av, altså innhaldet i, kvinneinteressene (Celis 2009:98-9). Ei viktig røyst i denne debatten var Phillips (1995) som forkastar universelle kvinneinteresser og -behov. Ho ser likevel at kvinner deler livserfaringar som skaper kjønnsdelte interesser som treng å verte

representert. Andre vektlegg at det som står på spel ikkje var inkludering av kvinneinteresser, men at generelle interesser vart prega av kjønn (Lovenduski 2005:19). Young (2000) føreslo at det å representer kvinner ikkje hadde noko å gjere med interesser eller behov, men sosiale perspektiv som kom av tolkingar på høve utifrå kvinnene sin strukturelle sosiale situasjon. Sosiale grupper kunne vere strukturert rundt kjønn, men kunne ikkje definerast utifrå felles interesser eller samanfallande synspunkt. Universelle kvinneinteresser fanst etter dette synet dermed ikkje (Celis 2008:112). Ein hadde gått meir over til perspektiv som skil seg innafor kvinnegruppa. Ein har òg skifta fokus frå konkrete handlingar utført av politikarar med omsyn til kvinneinteresser og over til å definere kva som var i kvinna si interesse som ein òg fann att i omgrepet kvinnevenleg politikk. Kvinneinteresser vart sagt å ha ei feministisk retning som går ut på at dei ynskjer kvinna frigjorde (Wangnerud 2000). Dette synet innehaldt tre element som tok for seg godtaking av kvinner som ein sosialkategori, og at det var maktubalanse mellom kjónna (Celis 2009:99). Difor ynskte dei liberale feministane å innføre politikk som auka fridomen til kvinnene.

## Operasjonalisering av kvinnekritikk

I mi analyse vil eg ta for meg ein diskusjon av kvinnekritikk basert på både objektiv- og subjektiv definering. Dette for å diskutere i kva grad kvinner deler felles interesser og korleis desse høva ser ut innafor FrP.

Det har vore tradisjon i litteraturen for bruk av begge dei binære kategoriane for operasjonalisering av kvinneinteresser som gjev subjektive- og teoretiske kvinneinteresser (Wängnerud 2009:53). Subjektiv definering vart brukt av både Skjeie (1992) og Celis (2006) som gode døme, medan Wängnerud (2000) og Lovenduski (2004) freista seg på å nytte ein objektiv definisjon på kvinneinteresser. Det hadde vorte hevda at begge tilnærmingane til definering av omgrepet produserte liknande lister med saker (Wängnerud 2009:53). Det hadde likevel ikkje vore grunnlag for å vente seg samanfallande lister i min analyse sidan FrP truleg vert støtta av relasjonelle feministar basert på fridom frå (valfridom) medan den teoretiske definisjonen var basert på personleg fridom til (sjølvstende) frå dei liberale feministane. Det ligg òg eit problem i å skilje subjektive frå objektive interesser. Difor hadde mykje forsking på kvinnekritikk fletta kvinneinteresser saman med feministinteresser (Beckwith et al.

2007:555). Dette tydde utelukkande bruk av den lettast tilgjengelege objektive definisjonen frå dei liberale feministane.

Innafor den objektive defineringstilnærminga hadde det vore meint at ein måtte ha ein breiare vinkel på omgrepet kvinneinteresser gjennom å inkludere nye tema og syn slik at fleire ulike typar av kvinner vart representert (Celis 2009:106). Kvinneinteresser kunne òg ha eit radikalt feministisk mål om å overkome diskriminering og oppnå likskap og autonomi både privat og offentleg (Celis 2009:99). Kvinneinteresser var likevel ikkje likestilt med feministinteresser og operasjonaliseringane såg likevel ut til å dra nytte av merksemda til einskilte aktørar, nemlig feministar og kvinner (Celis 2008:117). Det kunne vere tre ulike tolkingsvegar på kvinneinteresser som tek for seg det private, det politiske og kvinner sin synsvinkel gjennom kvinner sin objektive og subjektive situasjon (Sapiro 1981:703). Mange av kjønnsskilnadane innafor interesser vart ofte meint å kome frå den institusjonen der begge kjønna har fellesinteresser nemleg familien og heimen. Kvinneinteresser var då direkte kopla til det private felt (kropp, seksualitet, reproduksjon) og kvinnenes posisjon i arbeidsstyrkjen og velferdsstaten (Celis 2009:99). Kvinneinteresser definert på denne måten vart døme på praktiske interesser. Det fanst òg breiare definisjonar som tok for seg lovgjeving som gjaldt kvinner, barn, familien, utdanning, ureining, helse, minoritetsrettar og abort (Celis 2008:116). Den aller breiaste definisjonen påsto at kvinneinteresser var der kvinner hadde klart ulike interesser samanlikna med menn: "...all political issues where women and men may disagree..." (Lovenduski og Norris 2004:4). Denne definisjonen gjorde det vanskeleg å syne grensa for kva som var kvinneinteresser og ikkje. Ei slik bredde i definisjon kunne få ein til å så tvil om kvinnekritikken var i kvinnene si interesse. Generelle konsept som kvinneinteresser og kvinnekritikk trong dermed ei omvurdering og omoperasjonalisering òg for å tilpassast dei nye spørsmåla knytt til multiple aktørar, handlingar, handlingsrom og kontekst (Celis 2008:111). Forskarar som hadde vore skeptiske til kvinneinteresseomgrepet erkjente likevel eksistensen av at kvinner kunne ha noko felles som til dømes sosiale perspektiv på livet til tross for skilnadane innafor gruppa (Mansbridge 1999). Forskarar som nyttta objektiv definering av kvinneinteresser meinte at interessene og perspektiva kunne stipulerast apriori (Wangnerud 2000, Koning 2009).

Subjektivt definerte kvinneinteresser tok for seg operasjonalisering av omgrepet gjennom saker fremja av politisk aktive kvinner (Wängnerud 2009:53). Denne definisjonen fortalte at kvinneinteresser var ulike til ulike tider og at kvinneinteressene ikkje kunne kome før erfaring

i empirien. Dette gjor kvinneinteressene kontekstrelaterte og opne for evaluering samstundes som dei var eit kollektivt produkt av samhandling mellom kvinner som identifiserer sine prioriteringar. Dette kom av at objektiv definering av kvinneinteresser ville oversjå viktige hendingar i det breiare feltet av politiske reformer som kunne fremje eller skade kvinner som gruppe (Celis et al. 2008:106). Desse meinte at det var vanskeleg eller umogleg å definere nøyaktig kva som var kvinneinteresser (Koning 2009:175, Phillips 1995).

## **Ein kvinnevenleg politikk**

Teoretisk definering kopla objektiv definering som tok for seg definering gjennom litteraturen på feltet der målet var å ”elaborate theoretically founded definitions that are sensitive to diversity among women but also state some common ground” (Wängnerud 2009:53). Innhaldet i omgrepet kunne vere både smalt og briedt. I min analyse tok eg i bruk ein smal definisjon slik at eg hadde klart for meg kva som skilte menn- og kvinneinteresser. Valet falt eg på ein definisjon som gjekk ut på at kvinneinteresser var kvinnene sine delte interesser kring høve som ville fremje auka sjølvstende gjennom å ikkje ”allowing oneself to be oppressed as a woman, or, in fighting patriarchy” (Wangnerud 2000:69, Lovenduski et al. 2004:4). Denne definisjonen var tett knytt til kvinnene sitt daglegliv og gjekk ut i frå at kvinner hadde ei felles interesse i å verte frigjorde gjennom sjølvstende. Denne definisjonen var kopla til feminismeteori. Politiseringa var ein prosess som kunne angripast gjennom å sjå på kvinner som ein sosial kategori samsundes som ein sat spørsmål ved nøytraliteten i politikken, erkjenning av maktubalanse mellom kjønna, og ein sat i kraft verkemiddel for å auke kvinnene si sjølvstende (frigjering) (Lovenduski et al. 2004:4-5). Substansiell representasjon av kvinner og handling til det beste for kvinner vart dermed teoretisk definert til å vere fremjing av interesser som medverka til å auke kvinnene sin autonomi gjennom særskilt politisk handling: **”Acting for women is to denounce a situation that is disadvantageous for women, to formulate a proposal to improve the situation of women or to claim a right for women with the same goal”<sup>7</sup>** (Celis 2007:88). Dermed vart sjølvstende eit viktig omgrep i definisjonen på kvinneinteresser. Ei sentral oppgåve innafor likestilling av kjønna gjennom sjølvstende var å løyse opp skiljet mellom rollene som *forsørgjar* (mannleg) og *omsorgsgjevar* (kvinneleg) for å bryte ned kjønnsordenen som eksisterte i samfunnet: ” to dismantle thjåe roles and their cultural coding is in effect to

---


<sup>7</sup> Ut heva av meg sidan den er svært viktig for analysen i oppgåva.

overtake that order. It means subverting the existing gender division of labor and reducing the salience of gender as a structural principle of social organization" (Fraser 1994:612). Desse høva vert illustrert i avsnittet under.

## **Modell over økonomisk frigjering og korleis kvinne er avhengig**

Denne modellen som vert presentert her danna grunnlaget for mi objektive definering av kvinneinteresser særskilt gjennom øvste hjørne i trekanten løn som i lønsarbeid. Deltaking i lønsarbeid kan fremjast gjennom politiske og økonomiske verkemiddel som skildra i dette og komande avsnitt. I forsking på likestilling har det vorte spurta etter kor avhengig kvinne var av andre menneske eller skildring av kvinne som eit biologisk kjønn kopla til sitt mødrepotensiale (Hernes 2004:292). Det at kvinne var avhengig kan enten institusjonalisera i familien eller gjennom sosialpolitiske verkemiddel overført til staten som trygd.

**Figur 1:** Avhengig av familien eller staten, eller uavhengig gjennom lønsarbeidet.



Kjelde: (Hernes 1987)

Det er i nedre venstre hjørne av Figur 1 at ein ser at kvinne er personleg avhengig av ektemannen og familien. For at kvinne kan verte økonomisk fri frå ektemannen må ho kome i rørsle mot dei to andre hjørna som tek for seg yrkesdeltaking og sosial stønad. Ein mulig bruk av desse modellane er å syne moglege politiske verkemiddel som kan gjere kvinner mindre avhengig av familien (Skjeie 1992:153-6). Aksen mellom ekteskap og løn kan utløyse tre ulike politiske handlingar nemleg formelle rettar som likestillingslovgjeving, legge til rette for yrkesdeltaking gjennom barnehagar eller omfordelingsverkemiddel som kvotering. Den andre aksen mellom ekteskap og trygd kan erstattast av stat eller kommune gjennom omsorgstønad. Aksen mellom løn og trygd syner at det er mulig med løna permisjon frå arbeid for å yte omsorg og at dette vil gjere kvinner mindre avhengig av familien. Då vert ein fri frå mannen

men ein vert ikkje frigjordt til å delta i lønsarbeidet sidan dette tilhøvet berre er synt i topphjørnet, av den grunn markert med feit type.

- Økonomisk sjølvstende kan oppnåast gjennom både politiske og økonomiske verkemiddel.

### ***Politiskverkemiddel for oppnåing av sjølvstende***

Kvinnepolitiske område/standpunkt kunne leiast til å ligge innanfor politikkfeltet gjennom å fremje rett til deltaking i arbeidsmarknaden og tilrettelegging av deltakinga i arbeidsmarknaden. Den politiske dimensjonen tok føre seg fremjing av likestilling mellom kjønna gjennom rett til deltaking og var basert på ein feministisk tone (Wangnerud 2000:72, Lovenduski et al. 2004, Skjeie 1992:42, Celis 2007:87).

Dei politiske indikatorane som vil verte nytta i analysen av FrP sitt partiprogram var kvinnene sine rettar, lik sjanse (politisk deltaking, deltaking i arbeidslivet, staten burde tryggje og fremje lik sjanse), arbeidsdeling, arbeidsvilkår, barneomsorg/-pass, barnehageutbygging, fødselspermisjon, opplæring og utdanning, og 'affirmative action' (kvinneliste, reserverte seter, økonomisk stønad for kvinnelege kandidatar, kvotering, likestillingslov).

### ***Økonomiskverkemiddel for oppnåing av sjølvstende***

Det var hevd at kvinne kunne oppnå generell sjølvstende gjennom økonomisk sjølvstende og den vert òg hevd å vere viktigare enn den politiske dimensjonen (Skjeie 1992:40-3, Wangnerud 2000:69, Lovenduski et al. 2004:3). To vegar kunne leie ein ut av ein situasjon av å vere personleg avhengig familien, nemlig lønsarbeidet og staten sine overføringar og trygder. I prinsippet var omsorgsløn eller kontantstønad kjønnsnøytrale, men i praksis vil slike statlege overføringar føre til uløna omsorgsarbeid for kvinner (Skjeie 1992). Sidan staten alltid ville ha problem med å fullt ut erstatte lønsutbetalinga sitt nivå med til dømes barnetrygd, vil det vere større fordel for kvinne å delta i lønsarbeidet gjennom fulltidskontakten (Simonsen et al. 2010, Skjeie 1992). Økonomisk sjølvstende var ein naudsynt, men ikkje alltid ein tilstrekkeleg føresetnad for frigjering. For å oppnå økonomisk sjølvstende argumenterte ho for at kvinne trong å delta på likt nivå med mannen i

arbeidsmarknaden. Den økonomiske dimensjonen tok føre seg tilrettelegging for yrkesdeltaking gjennom løn og overføringer.

Dei økonomiske indikatorane som vart nytta i analysen av FrP sine partiprogram var lønsvilkår, fulltidskontrakt, likeløn, pensjonsreglar, overføringer (barnetrygd, kontantstønad, omsorgsløn), og studiefinansiering.

## Konsekvensane av operasjonaliseringa

Kvinner som omgrep var forma av både deltaking i samfunnet og biologien vi vart fødd med. Desse to delane av oss formar kvinnene til individ og vil skape både likskapar og skilnadar mellom kvinnene som kan vere både større og mindre enn mellom kjønna. Dermed er kvinnene heterogene og kunne minst vere enten relasjonelle eller liberale feministar. Eg nytta omgrep frå dei liberale feministane i oppgåva mi sidan den har vorte oftast nytta tidlegare, i tillegg til subjektiv definering frå kjønnsskilnadane hjå FrP-veljarane, skildra i kapittel sju. Sidan FrP-kvinnene vart sagt å vere relasjonelle feministar ville ein nødvendigvis ikkje finne samsvar mellom dei to definisjonane (diskutert i kapittel ti). Om dei skulle ta for seg dei same tema ville truleg ikkje FrP-politikken fremje deltaking i lønsarbeidet. Dette er sjølv sagt avhengig av koplinga mellom kvinneleg deltaking eller nærvær og innhaldet i politikken. Dette presenterar eg i neste kapittel med teori kring representasjon av kvinner.

## Kapittel 5 : Kvinnerepresentasjon

*Pitkin (1967) sine representasjonskategoriar*

Kvinner i parti og parlament og storleiken på deira deltaking gjennom kvinnerate har vorte eit stadig sterkare symbol på demokratisk kvalitet (Tremblay 2007:539). Fleire politiske teoretikarar argumenterer for at likskap mellom menn og kvinner ikkje vil vere heilt oppnådd før begge kjønn er likt representert innafor feltet (Koning 2009:172). Dermed var det eit demokratisk underskot om kvinnerata var ulik mannerata i fora for offentleg avgjersle, sidan normativ teori seier at kvinner var likeverdige borgarar og skulle få delta på likt grunnlag som menn. Politisk likskap kunne difor koplast til omgrepene likestilling (mellom kjønna) gjennom det maskuline felt av formell politikk kontra det feminine feltet av uformell politikk (Lister 2003:145-66). Spørsmålet var om kvinneleg nærvær påverka åferda til menn ved å forsterke eller endre kjønnsskilnadane (Wängnerud 2009:60). Kjønnsskilnadane i politiske interesser vart dessutan forventa å minke dess fleire kvinner som deltok (Koning 2009:180). Kvinner sin underrepresentasjon hadde i den svenske maktutgreiinga vorte formulert og problematisert som følgjande: "...vissa grupper eller kategorier framställs i stereotypa bilder och skiljs ut som i väsentliga avseenden annorlunda, samsundest som deras närvaro i många sammanhang (för)blir osynliggjort (Sverige, Dalstedt og Hertzberg 2005:275).

I dette kapitlet ynskte eg å etablere eit nyttig rammeverk for mi skildring og forklaring av kvinnepolitikk i FrP. Eg tek for meg diskusjonen rundt dei fire representasjonstypane til Pitkin (1967): formell, symbolsk, skildrande og substansiell. Vidare tek eg for meg diskusjonen kring kvinnerepresentasjon som koplar kvinnerata til kvinnepolitikk (objektiv og subjektiv) saman med ulike verkemiddel for å få auka kvinnene sitt nærvær. Til slutt presenterte eg fem hypotesar som skulle danne grunnlaget for diskusjon kring samanhengen mellom kvinnerata hjå FrP-veljarane og i partiorganisasjonen oppimot kvinnepolitikken (teoretisk og subjektiv) i partiprogrammet.

### Formell representasjon

Teorien kring formell representasjon gjekk ut på å ha og gjev autoritet (Pitkin 1967:38). Gjennom tidene hadde forskrarar meint at representasjon var likestilt med formell

representasjon. Denne typen representasjon hadde to dimensjonar i form av autorisasjon og folkeleg kontroll (Galligan 2007:36). Autorisasjonen kom til syne i form av ”a transaction that takes place at the outset, before the actual representing begins” (Pitkin 1967:39). Representanten fekk autorisasjon til å handle. I følgje denne teorien ville representanten etter å ha vorte tildelt autoriteten kunne syne den åtferd han sjølv meinte var ynskt sidan all åtferd ville vere teikn på representasjon (Pitkin 1967:39,58). Det fanst då heller ingen god eller därleg måte å representere på, enten representerte ein eller så gjorde ein det ikkje. Det var altså ingen forventning for korleis representanten skulle handle og dermed kva som gjekk føre seg gjennom representasjonen. Folkeleg kontroll vart introdusert som ei forbetring av autorisasjonsdimensjonen ved at representanten stilte til val (Galligan 2007:37, Pitkin 1967:55). Pitkin (1967:38-9) meinte at formell representasjon berre var ein del av omgrepet og ville dermed ikkje gje eit fullstendig bilet i sin mangel på substans.

## Symbolsk representasjon

Symbolsk representasjon tydde at indre eller skjulte kvalitetar kunne fungere som symbol og danne grunnlag for representasjon (Pitkin 1967:95). Fokuset var her folket si tilfredse kjensle av å verte rett og rettsamt representert (Galligan 2007:39). Det hadde òg vore diskutert i kva grad eksistensen av naturlege symbol var reell og eventuelt kor mange slike symbol som fanst (Pitkin 1967:96). Emosjonelle element som ikkje var rasjonelle slik som ein fann i religiøs tru danna grunnlag for representasjon (Pitkin 1967:102-111). For at representasjonen skulle finne stad måtte folket akseptere symbolbruken og dette skjedde gjennom arbeid med symbolet og folkemedvitet gjennom seremonielle handlingar og ritual. Folkerøyningar ville dermed her ikkje vere like effektive som paradar og uniformer, men var eit mål for å vedlikehalde eller tryggje representasjon. Problemet var at denne typen representasjon leidde folket vekk frå den reelle forståinga av representasjon gjennom indoktrinering, propaganda og bedrag. Dette fekk Pitkin (1967:107) til å meine at symbolsk representasjon låg nærmre fascistisk teori. Innafor denne representasjonstypen var tesen at kvinner kjente seg meir inkluderte i det politiske system når det var fleire kvinner i parlamentet eller partiet gjennom ei symbolsk effekt (Koning 2009:171-3). Det symbolske element i representasjonen hadde vorte støtta av ein brei litteratur når det gjaldt regimestabilitet og –legitimitet (Galligan 2007:39).

## **Skildrande representasjon**

Vegen var relativt kort frå symbolsk til skildrande representasjon sidan karakteristikkar gjennom synlege kjenneteikn kunne fungere på liknande måte som symbola (Galligan 2007:39). Skildrande representasjon tok for seg tilhøvet mellom samsvarande synlege kjenneteikn hjå politikaren og veljarane. I teorien kring skildrande representasjon representerte ein kvinner i eigenskap av å sjølv vere kvinne (Saward 2008:96). Når menn og kvinners levekår er ulike, gjev det seg sjølv at menn ikkje legitamt kan gjere krav på å representera kvinner sine interesser og erfaringar (Skjeie og Teigen 2003:75).

Skildrande representasjon inkluderte grunnlover og fordelingar, røysterett og partiorganisering, valsystem og røysting (Pitkin 1967:60). Denne typen representasjon tok for seg den rette samansetjing av lovgjevande forsamlingar og ein teoretisk dimensjon. Ein var dermed ikkje oppteken av initiativ eller handling, men overbringning av informasjon om veljarane sine interesser (Galligan 2007:38). Samansetjinga burde dermed samsvare nøyaktig med nasjonen som heilskap gjennom at representantane skulle vere eit spegelbilete av folket, staten eller nasjonen sitt samvit, eller rørslene til dei sosiale og økonomiske kretene (Pitkin 1967:61). Skildrande representasjon føresette dermed eit mikrokosmos av samfunnet i det politiske felt (Mateo Diaz 2005:14). Representanten skulle då tenkje, kjenne, resonnere og handle på same måte som dei ein representerte. Skildrande representasjon gav ikkje rom for handling, autorisasjon, eller kontroll av politikarane sidan det avgjerande var karakteristikkane. Representanten skulle vere noko og samtidig stå for noko og valhandlinga si oppgåve vart då ei metode for å finne personar som sat inne med typiske karakteristikkar (Pitkin 1967:76). Proporsjonal representasjon, PR, var ein konsekvens av dette synet eller målet sidan denne omrekninga av stemmer til mandat var den som hadde vist seg best for kvinner i overføring av røyster til mandat i parlamentet (Lijphart 1999). Pitkin (1967:90) argumenterer derimot for at ein i staden for å basere seg på skildrande representasjon like godt kunne ta i bruk loddtrekking.

## **Kritisk masse**

Ei kritisk masse av kvinner får ein om kvinneratane oppnår ei særskilt nivå som vil føre til endra politikk til dømes i form av ein meir kvinnevenleg politikk. Konseptet kritisk masse låg dermed nærme debatten om kvinneleg deltaking i politikken utgjer ein skilnad (Dahlerup

2006a:517). Omgrepene har sitt opphav frå Kanter (1977) si skildring av 'tilted groups' og 'tipping point' (Lovenduski et al. 2004:5). Nivået på denne rata er omdiskutert og varierar frå 15 til 30 prosent (Beckwith et al. 2007:553). Ein har vore samd i at kvinneleg nærvær var ein kontekstuell faktor som påverka kvinnepolitikken, men ein var usamd i kva som var naudsynt storleik eller om det fanst nokon slik storleik (Celis 2009:105, Celis 2008:115). Problemet med omgrepene var i følgje Beckwith et al. (2007:553-4) at det var uspesifisert, moglege negative konsekvensar kunne oversjåast, låg rate kunne òg gje utslag i ein meir kvinnevenleg politikk, kvinneleg deltaking kunne påverke menn sine handlingar, og politisk og sosial kontekst spelte òg ei rolle for oppnåing av ein kvinnevenleg politikk. Dei negative konsekvensane av auka kvinneleg deltaking kunne vere tilbakeslag frå portvaktene i partia, samarbeidshinder for kvinner frå ulike parti, eller innveljing av kvinner som var uinteresserte (eller fiendtlig til) ein kvinnevenleg politikk (Beckwith et al. 2007:554). Politisk kontekst, òg kalla politisk hinder, var relatert til partivilje, institusjonelle normer, manglande røynsle og eksternt politisk miljø (Celis et al. 2008:102)

## Kvotering

Kvotering og likestillingsdepartement vart innført fordi ein meinte at kvinnerata førte til ein meir rettferdig og demokratisk politikk samstundes som kvaliteten på avgjerslene og kvinnepolitikken vart betra (Celis 2009:95). Om kvotering av kvinner fremja auka kvinnerate kunne verkemiddelet medverke til at kvinnene oppnådde ei kritisk masse av representasjon og dermed kvinnepolitikk. Nokre norske parti har innført formelle strategiar for kvinneleg deltaking. Partia på kvar si yste fløy, SV og FrP, hadde aldri hatt noko indre kvinneslør og Høgre og FrP hadde aldri hatt kvotering (Heidar et al. 2006:200). Synet på kvotering hadde vore nærme kopla til likskapssynet i partia og då som fremjar av lik sjanse eller likt resultat (Dahlerup 2007:73-5). Kvotering av kvinner ved val hadde vore meint å samsvare med å gje verkeleg like muligheter og resultatlikskap. Dette kom av at bruken av kvotering av kvinner ved val i eit partibasert politisk system tilbydde ein kombinasjon av sosial representasjon og representasjon av idear. Empirien har vist at med unntak av reservering av seter til kvinner hadde ikkje kvotering garantert individuelle eller grupper av kvinner ei spesifikk rate (Dahlerup 2007:88). Dessutan ville eit kvoteringssystem som ikkje var tilpassa valsystemet berre verte symbolsk. For små parti vil dessutan radikal kvotering 50 prosent kombinert med rangordning kunne resultere i ei stortingsgruppe med berre menn om menn var topplassert i

dei distrikta som fekk sende politikar (Dahlerup 2007:84-5). Kritikken mot bruk av kvotar for å rekruttere kvinner inn i politikken hadde vore klaging over at kvinner vart gjeve posisjonar utan å måtte konkurrere. Forsvaret var at kvotering som konkurranse mellom kvinner ikkje var særskilt ulikt konkurranse mellom menn som tilhøvet før kvinner fekk politisk deltaking .

## **Substansiell representasjon**

Substansiell representasjon er meint å vere kjernen til politisk representasjon: "the representant – independent of physical or other characteristics- serves the interests of the community that he or she represents" (Mateo Diaz 2005:14). Denne representasjonsteorien tok for seg "kva" som vart representert og korleis dette vart representert (Dahlerup 2009:5, Galligan 2007:35). Spørsmålet "kva" var kopla til substansen og innhaldet i representasjonshandlinga. Substansiell representasjon gjekk ut på å handle på vegne av andre, altså ein aktivitet på vegne av, i interesse av eller som ein agent for nokon andre. Dermed fanga substansiell representasjon opp tilhøvet mellom representanten og den representerte. Representanten var ein agent eller ein aktør for den ho/han representerte (Pitkin 1967:123). Vidare kunne tilhøvet prinsipal-agent kome til syne som mandat eller som tillitsvalt. Om representanten var ein delegat som arbeidde etter eit mandat eller var ein tillitsvalt avhang av samvariasjonen i kunnskapsnivået mellom dei to partane (Celis et al. 2008:101). Representanten handla som ein delegat dersom dei var likeverdige eller om sakene var knytt til personlege preferansar som kritikk av styresmaktene eller motsetnadstilhøve mellom lokale og nasjonale interesser. Representanten var tillitsvalt om ho eller han var overlegen i visdom eller erfaring. Representanten burde og skulle ta omsyn til kva veljarane ynskte. Parti og kandidatar ville ta standpunkt kring sakar og desse vallovnadane band politikarane etter valet. Dømming av handlinga til delegaten eller den tillitsvalte skjer utanfor autoritet og folkeleg kontroll, men representanten måtte til slutt stå til ansvar for sine handlingar sjølv om denne kontrollen eller grunngjevinga ikkje fann stad i røynda (Pitkin 1967:112,127). Interessene til representanten og den representerte, mellom delegat og veljar, ville ofte samanfalle (Celis et al. 2008:100, Mateo Diaz 2005:14). Dette skjedde fordi veljarane sine interesser gjennom røysting vart kopla til politikarane sine interesser og åtferd gjennom konkurranse kring valhandlinga (Pitkin 1967:281). Dermed ville kvinneinteresser stå sentralt i representasjonsprosessen (Celis 2009:97). Substansiell representasjon byrja då med veljarane sine interesser heller enn deira røyster (Powell 2004:274). Kritikken som vart presentert gjekk

på at delegat og tillitsvalte føresat ei fast liste med interesser (Celis et al. 2008:101). I staden for ein slik låst kategori meinte ein at kvinneinteressene følgde dynamikken i kulturen og historia (Beckwith et al. 2007:554). I følgje teorien kring substansiell representasjon representerte ein kvinner gjennom sin substansielle kapasitet og orientering ved å kjenne kvinnene sine interesser og vere motivert til å handle utifrå desse (Saward 2008:96). Substansiell representasjon vart vidare påstått å vere grunna i ein feministisk teori kring kvinnene sin underrepresentasjon, mannleg dominans og -privilegium i det å definere kva som er politikk (Dahlerup 2009:10). Omgrepet kvinnevenleg politikk vart òg ofte kopla til feministane.

Gjennom substansiell representasjon treng det ikkje vere noko problem at politikarane skil seg frå veljarane gjennom empirisk underrepresentasjon og låg kvinnerate (Phillips 1995:39). Forsking på substansiell representasjon syner eit mindre modest felt enn forsking på kvinnerata samsundes som den var meir diffus og fleiregga (Mackay 126). I dei seinare åra har omgrepet fått tre nye konsept knytt til seg som har skildra tilhøvet mellom representanten og den representerte med omsyn til handling. Desse undergruppene av substansiell representasjon går under nemningane ”anticipatory” (forventande), ”gyroscopic” (eigenskap) og ”surrogate” (Celis et al. 2008:101). Sidan mi oppgåve er nærmare knytt til skildrande representasjon gjennom problemstillinga vert desse nyare kategoriane berre nemnt her.

## Kritisk aktør

Substansiell representasjon kan kome frå fleire aktørar, kjelder og arenaer. Ein kritisk aktør kunne vere ein politikar som fremja gruppa sine interesser. Kritiske aktørar har vore mannlege og kvinnelege feministar i parlamentet, regjeringa, byråkratiet eller sivilsamfunnet som arbeider som entreprenørar (Mackay 2008:131). Andre aktørar kunne vere allierte, medreisande, ”ørkenblomar”<sup>8</sup> og portvakter som støtta feministane eller andre grupperingar. Ein måtte òg inkludere dei aktørane som motsette seg endring i dei politiske høva og til dømes ikkje ynskte kvinnekjønnspolitikk. Dette kunne kome som konsekvens av auka kvinneleg deltaking. Dette var ei ny tilnærming til substansiell representasjon som tok for seg å spørje etter kvar, kvifor og korleis kvinnekjønnspolitikk kom på bana (Celis 2009:100). Kritiske aktørar hadde vore sagt å vere viktigare enn kritisk masse innafor substansiell representasjon sidan

<sup>8</sup> Eg tolkar ein ørkenblome til å kunne vere ein som har vore særskilt oppteken av rettferd eller likestilling og som har kjempa for dette trass i strukturelle faktorar.

desse aktørane var berarane av det politiske innhaldet (Celis 2009:103). Ein spurde seg då om kven som fremja endringa og kva type strategiar som då vart nyttige (Wängnerud 2009:60). Kritiske aktørar hadde størst sjanse til å oppnå politisk endring der dei haldt høge posisjonar og hadde samarbeidd med andre aktørar og fremja saker som låg nærmere ideologien til regjeringspartiet (Celis et al. 2008:104). Eit døme kom frå statar med få kvinnelege parlamentarikarar og risiko for "pro-life"<sup>9</sup>-lovendring, då ville demokratkvinner kompensere for den låge rata gjennom å plassere seg i dei komiteane som kunne få stoppa lovendringa (Celis 2008:115). For å finne fram til dei kritiske aktørane måtte ein sjå på dei politiske institusjonane sine indre liv (Mackay 2008:132). Representasjon av kvinneinteresser og/eller kvinnevenleg politikk utan kvinnerate vil kunne kome frå arbeidet til kritiske aktørar.

## Kvinnrepresentasjon

Normative argument kring gruppresentasjon, legitimitet og nærvær gjev grunnlag for både studie av kvinnene si deltaking i det politiske systemet og korleis kvinnene sine interesser har vorte representert. Det er likeins omdiskutert om det er kritisk masse eller kritiske aktørar som er avgjerande for å oppnå ein kvinnevenleg politikk (Dahlerup 1988). Debatten i dag har vore særskilt knytt til spørsmål kring politisk representasjon av kvinner og etniske grupper (Heidar et al. 2002). Pitkin (1967) konseptualiserte ikkje kvinnene sin politiske representasjon sjølv, men analysen hennar har sidan dannar grunnlaget for mange, om ikkje alle, seinare studiar av kvinnrepresentasjonen (Galligan 2007:36). Hennar representasjonskategoriar og definisjonar vart heller ikkje vidareutvikla eller omdiskutert dei første tretti åra, før valdimensjonen vart dratt inn i 1997 (Urbinati og Warren 2008:393). No kunne ein skilje mellom aktiv og passiv representasjon samsundes som ein byrja å diskutere gruppresentasjon med fokus på marginalisering av grupper basert på kjønn eller kultur (Manin, Przeworski og Stokes 1999:394).

"Representation means the making present *in some sense* of something which is nevertheless *not* present literally or in fact" (Pitkin 1967:8). I følgje Heidar et al. (2002:242) syner denne analogien to ulike posisjonar. På den eine sida nokon som kunne spele alle roller der poenget var formidling av personlegdom, idear og interesser. På den andre sida kunne representasjonen berre utøvast av ein som kjente karakteren og problema på seg sjølv.

<sup>9</sup> "Pro-life" er ei amerikansk (USA) politisk og sosial rørsle som er knytt saman kring mottand mot selektiv abort av foster og embryo. Dei støttar juridiske forbod mot og avgrensa tilgang på utføring av abortar.

Fokuset var på handlinga eller på personlege karakteristikkar slik vi ser det skildra i sitatet under. “We might ask what a representative does, what constitutes the activity of representing. Or we can ask what a representative is, what he must be like in order to represent” (Pitkin 1967:59). Dette tok for seg skilnaden på å handle på vegne av andre (substansiell representasjon) og å stå for det same som andre (symbolisk og skildrande representasjon). Aktiv representasjon gjennom handling fekk ein gjennom substansiell representasjon og sidan kvinneinteresser òg kunne fremjast av menn<sup>10</sup> ville kvinnerata stå for ein passiv type av representasjon (Mackay 2008:126).

Feministane meinte at kvinner ikkje berre står for, men òg handlar på vegne av kvinner gjennom åtferd, sjølvrapportering og kulturelle tiltak (Lovenduski et al. 2004:3, Phillips 1995). Kvinner hadde dessutan vore betre enn menn til å setje likestilling mellom kjønna på den politiske agendaen (Dahlerup 2006b:518). I det ein snakka om handling kopla ein skildrande representasjon saman med substansiell representasjon. Argumentet for skildrande representasjon vart då at kvinner var betre til å representera kvinner enn menn (Koning 2009:171-4). Dette ville gje forventing om ei substansiell effekt som ga utslag i større sannsyn for at interessene, haldningane og perspektiva til dei kvinnelege politikarane ville samanfalle med dei kvinnelege preferansane. Dette ser ein òg i argumentet om at ei auka kvinnerate i parlamentet var betre enn ”å skyte i mørke” med tanke på å oppnå kvinnekjønnpolitikk (Wängnerud 2009:53). Samsundes var det usemje i litteraturen kring kva ein kunne vente seg av auka kvinnerate (Wängnerud 2009:66). Det som hadde vore mest avgjerande for kvinneraten både i parti og parlament ligg i dei politiske partia. Sannsynet for at eit parti ville inkludere nye veljargrupper som til dømes kvinner og rekkefølgja dette vart gjort på var forma av etablerte reglar, normer og politiske høve (Kittilson 2006:19). Det hadde seg slik at partiideologi og distriktsinteresser overskygga kjønnsskilnadane i partia (Celis 2008:116). Auka kvinnerate kunne føre til tilbakeslag frå portvaktene, gjorde samarbeid mellom kvinnene i ulike parti vanskelegare, eller fremja kvinner som var uinteresserte i - eller fiendtlig innstilt til - kvinnekjønnpolitikk (Beckwith et al. 2007:554). Dermed ville kvinnerata og kvinnene si rolle i regjering og partia sannsynlegvis påverke eit kvart forsøk på å representera kvinner (Grey 2006:498). Det var behov for å sjå på kvinnerata i dei politiske partia og då særlig i sterke partisystem. Kvinner røysta dessutan etter partiviljen samsundes som at kvinnealliansar vert sett på som urett åtferd. Partitilhørsle spelte oftast den viktigaste rolla i fremming av

---

<sup>10</sup> Sjå avsnittet om kritiske aktørar tidlegare i kapitlet.

interesser, men ikkje når det kom til lovgiving om like rettar for begge kjønn (Celis 2008:115). Gjennom analyse av kommunedata i Noreg har ein funne ein positiv samanheng mellom kvinnerata i partia og talet på barn i statsstøtta barnehagar (kvinnevenleg politikk), særleg i periodar der styresmaktene arbeidar innafor politikkfeltet (Kittilson 2006:14). Barnerata i barnehagen var det ein ynskte å få forklart, medan kvinnerata i kommunestyret var forklaringsvariabel (Bratton og Ray 2002:431). Sjølv om konservative kvinner fremja ei anna løysing enn liberale for barnepass sto kvinnene frå heile det politiske felt saman om å få temaet på dagsorden. Den auka kvinnepresentasjonen i Noreg har endra den politiske dagsorden og gjeve politikken nye saksfelt (Skjeie og Teigen 2007, Heidar et al. 2002: 82).

## **Oppsummering av teorien kring kvinnepresentasjon**

Ein auke i kvinnerate fører ikkje åleine automatisk til endra politisk vinning for kvinner på grunn av politiske hinder relatert til partivilje, institusjonelle normer, urøynsle i parlamentet, og eksternt politisk miljø (Celis et al. 2008:102, Mackay 2008:129). Kvinnene kunne likevel påverke partiavgjersler til trass for denne konteksten i parti som er internt demokratiske ved at kvinnene dreiv politisk aktivisme som kritiske aktørar (Heidar et al. 2006:193, Mackay 2008:130).

Kort sagt vil ein vente seg ein samanheng mellom kvinnerate og kvinnepolitikk om ein legg teorien kring skildrande representasjon til grunn, medan ein ikkje vil kunne vente seg ein samanheng mellom kvinnerate og kvinnevenleg politikk om ein legg substansiell representasjon til grunn. Ein kan òg oppleve at kritiske aktørar kan skape kvinnepolitikk trass i låg kvinnerate i følgje teorien kring substansiell representasjon.

**H1:** Ein auke i kvinneraten gjev ei positiv endring, ein auke i kvinnepolitikken i partiprogrammet

**H2:** Ein reduksjon i kvinnerata gjev ei negativ endring, ein reduksjon i kvinnepolitikken i partiprogrammet

**H3:** Auka kvinnerate høgt oppe i systemet gjev auka sannsyn for positiv endring i kvinnepolitikken og motsatt.

## Kapittel 6 : Veljarane

*Kvinner sitt nærvær, deltaking, bakgrunn og interesser hjå FrP-veljarane*

Dette kapitlet er inndelt i fire avsnitt som tek for seg veljarane sin bakgrunn, politiske deltaking, -nærvær og politiske interesser ved vala i 1993 og 2005. Målet var å oppdage og skildre kjønnsskilnadene hjå veljarane. Eg byrja med å ta for meg kvinnene sitt nærvær som i veljarsamanheng tydar kvinnerata av FrP-veljarane og FrP-rata hjå dei kvinnelege veljarane. Veljarane påverkar nærværet av kvinner i FrP sitt sentralstyre og på Stortinget. I 1989 fekk FrP sin første kvinnelege representant og sidan dette har partiet hatt kvinnelege representantar på Stortinget. I 2005-2009 hadde partiet seks kvinnelege representantar. Veljarane si politiske deltaking vert synt gjennom deira avisinnleggsskriving, saksopptaking med politiske parti, partimedlemskap og møtedeltaking. Grunngjevinga for å sjå på nærvær og deltaking finn ein i den tradisjonelle resurstesen om at mange ressursar gjer menneske i stand til auka deltaking som organisasjonstilknyting, nettverk med meir (Heidar et al. 2002:247). Deretter såg eg på veljarane sin bakgrunn gjennom utdanning, yrke og inntekt. Dette er politisk relevante bakgrunnskjenneteikn samsundes som det òg tek for seg sekundær representativitet (Heidar et al. 2002:81). Bakgrunn vil difor kunne påverke politisk åtferd.

### Politisk nærvær hos veljarane

I dette avsnittet skal eg skildre korleis kvinner hadde høve til å påverke den politiske dagsorden og innhaldet i avgjerslene gjennom å vere tilstades. Dette kjem til syne gjennom skildring av dei kvinnelege veljarane i FrP, Høgre og KrF med omsyn til nominasjonsmøtedeltaking, saksopptaking med parti og sending av skriftleg klage til styresmaktene. Om kvinner handla ovanfor der avgjersler vart tatt så er det større sjanse for at deira interesser vart tatt omsyn til. Det var stort sett minimale skilnadar mellom kjønna med omsyn til veljarane sine politiske nærvær, men det var noko større kjønnsskilnad i 2005 enn i 1993 og tydlegast i KrF etterfølgt av FrP og minst i Høgre.

**Tabell 6.1: Nominasjonsmøtedeltaking<sup>11</sup> av veljarar etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>12</sup>, 1993 og 2005.**

MØTE	FrP		Høgre		KrF	
	Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%
<b>1993</b>	0	-5,5	3,6	1,2	0	-7,8
<i>Sign.</i>	<i>0,172</i>		<i>0,382</i>		<i>0,045</i>	
<b>2005</b>	1,6	-2,2	1,8	0	3,9	1,4
<i>Sign.</i>	<i>0,347</i>		<i>0,861</i>		<i>0,622</i>	

Kjelde: (Fjerstad 2001, SSB 2007)

Tabellen fortel at det berre var kjønnsskilnadar hjå veljarane til KrF i 1993 i deltaking på partimøte. Det var ingen kvinnelege veljarar frå verken KrF eller FrP som i 1993 som har rapportert at dei har delteke på partimøte. I 2005 har 1,6 prosent av dei kvinnelege FrP-veljarane og 3,9 prosent av KrF-veljarane delteke på partimøte. Derimot var det relativt færre av dei kvinnelege Høgre-veljarane som deltok på partimøte i 2005 enn i 1993. I 2005 var det KrF sine kvinnelege veljarar som var mest aktive på partimøte.

**Tabell 6.2: Saksopptaking<sup>13</sup> med politisk parti av veljarar etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>14</sup>, 1993 og 2005.**

SAK	FrP		Høgre		KrF		
	Kvinne	%	Diff.	Kvinnerate	Diff.	%	Diff.
<b>1993</b>	3,7	-10,8		12,7	-4,6	7,1	-3,6
<i>Sign.</i>	<i>0,14</i>			<i>0,307</i>		<i>0,48</i>	
<b>2005</b>	12,5	-0,7		12,8	3,6	11,8	-3,2
<i>Sign.</i>	<i>0,859</i>			<i>0,34</i>		<i>0,651</i>	

Tabellen fortel at ikkje var kjønnsskilnadar i det heile når det gjeld å ta opp saker med politiske parti, men det var over ti prosentpoeng skilnad mellom kjønna til veljarane til FrP i 1993. I FrP har dei kvinnelege veljarane auka si deltaking i å kontakte politiske parti med saker relativt kraftig gjennom ein auke i kvinnerata på 8,7 prosentpoeng. Sidan menn òg har auka si deltaking noko har kjønnsskilnadane vorte mindre. I KrF har kvinnerata auka med 4,7 prosentpoeng til at 11,8 prosent av dei kvinnelege veljarane har tatt opp ei sak med partiet sitt, men her har menn følgje same utvikling slik at kjønnsskilnadene har haldt seg. Hjå Høgre sine veljarar var tilhøvet slik at rata kvinner som tek opp saker med partiet sitt var tilnærma likt i

<sup>11</sup> "Partiene har arrangert møter for å diskutere oppstillingen av valglistene foran høstens Stortingsvalg, dvs. nominasjonene. Har du deltatt i noen slike møter?"

<sup>12</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

<sup>13</sup> Om veljarane har delteke i indre partidebattar (tatt opp politisk sak i parti, fagforeining eller anna org.).

<sup>14</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

1993 og i 2005, medan kjønnsdifferansen varierar - noko som tydar at mennene i Høgre har redusert sin aktivitet.

**Tabell 6.3: Sending av skriftleg klage<sup>15</sup> til styresmaktene av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>16</sup>, 1993 og 2005.**

KLAGE	FrP		Høgre		KrF	
	Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%
1993	3,7	-5,4	9,1	-1	5,7	-1,4
Sign.	0,379		0,777		0,744	
2005	10,2	0,3	18,3	6,5	3,9	-8,6
Sign.	0,939		0,123		0,127	

Tabellen fortel at det var berre minimale kjønnskilnadar hjå veljarane til alle partia ved begge vala. Dei kvinnelege veljarane i både FrP og Høgre sendte i klart større grad klager til styresmaktene i 2005 enn enn det dei gjorde i 1993. FrP-veljarane sine kvinner hadde ein auke på 6,5 prosentpoeng, medan auken var enda større i Høgre med 9,2 prosentpoeng. Utviklinga i kjønnsdifferansen fortel at det var hovudsakleg kvinnene som har auka denne typen påverknad.

## Politisk deltaking hos veljarane

Yngre velutdanna vil i aukande grad vende ryggen til politiske parti og val tilfordel for direkte former for politisk deltaking (Aardal et al. 2007:303). Det har vore ubetydelege kjønnskilnadar i aksjonsforma deltaking, grasrotdeltaking, særleg i dei yngre årskulla (Raaum 1999:47). I Noreg har dessutan kvinner i større grad delteke i politikken gjennom grasrota. Dette kan kome av at det har vore slik at kvinner som har røysta på parti til høgre i politikken bryr seg mindre om politikaren sitt kjønn (Koning 2009:185).

**Tabell 6.4: Skildring av dei kvinnelege veljarane i FrP, prosent, 1985-2005.**

KVINNERATE <sup>17</sup>	1985	1989	1993	1997	2001	2005
FrP	41,2	37,4	32,3	38	36,5	41,3
Kvinner	6,6	7,5	2,6	7,7	6,2	16,2

<sup>15</sup> "Sendt skriftlig klage, fremmet annet forslag e.l. til myndighetene?"

<sup>16</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrapa mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

<sup>17</sup> Kjelde er Valundersøkingane frå 1985 til 2005 (Fjerstad 2001 og SSB 2005)

Tabell 6.4 syner kvinnene i FrP som rate av FrP og dei kvinnelege veljarane, i tillegg til dei kvinnelege FrP-representantane dei har valt inn. Rata kvinner av dei som røyster på FrP ser ein i fyrste rad, medan rata FrP-veljarar av alle dei kvinnelege veljarane finn ein i rada Kvinner. På nedste rad ser ein at det var klart fleire av Noreg sine kvinner som røysta FrP med ein kraftig auke i 2005 og syntre ein auke på 14,7 prosentpoeng sidan 1985. Likevel ser ein at berre 7,7 prosent av kvinnene røysta på FrP. På same tid gjorde KrF sitt hittil beste val, 20 prosent av kvinnene røysta på dei (Aardal 2007:204). Kvinnene som rate av veljarane som røysta FrP var derimot relativt stabil i overkant av tredjedelen. Denne rata låg på eller nærmere 40 prosent i 1985, 1989, 1997 og 2005. Dette støtta tesen om at partiet hadde gjort det særlig godt hjå menn (Bjørklund 2003:134-7). I 2005 var det for fyrste gong balanse mellom unge kvinner og unge menn, velgarar under 30 år, når det gjaldt valoppslutnad kring FrP (Aardal et al. 2007:207). Dette svarte til ei firedobling hjå dei unge kvinnene. Det hadde generelt vore størst kjønnsskilnad i røysting hjå veljarane under 30 år, noko som truleg òg var tilhøvet i FrP.

**Tabell 6.5: Partimedlemskap<sup>18</sup> hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>19</sup>, 1993 og 2005.**

MEDLEM	FrP		Høgre		KrF	
	Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%
<b>1993</b>	3,7	-7,2	13,6	-0,7	22,1	4,6
<i>Sign.</i>	0,272		0,709		0,553	
<b>2005</b>	6,3	-1,4	12,8	3	11,8	-15,7
<i>Sign.</i>	0,626		0,435		0,056	

Tabellen 6.5 fortel at det var signifikante kjønnsskilnadar hjå KrF sine veljarar i 2005. Det kan sjå ut som at dette kan skuldast den nedgangen vi ser i kvinnerata frå 1993 til 2005 på 10,7 prosentpoeng. I Høgre hadde ein òg opplevd ein svak nedgang i kvinnerata hjå partimedlemmane, men her såg det ut til at menn i enda større grad hadde forlate partiet sidan kjønnssdifferansen gjekk frå negativ til positiv. Kvinnene i FrP hadde auka rata si med 2,6 prosentpoeng til 6,3 prosent og kjønnssdifferansen hadde vorte mindre.

<sup>18</sup> "Var du for tiden betalende medlem av noe parti?"

<sup>19</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

**Tabell 6.6: Deltaking i demonstrasjoner<sup>20</sup> av veljarar etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>21</sup>, 1993 og 2005.**

DEMONSTRERE	FrP		Høgre		KrF	
	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.
<b>Kvinne</b>						
<b>1993</b>	0	-9,1	8,2	1,7	4,3	-1,1
<i>Sign.</i>	<i>0,106</i>		<i>0,606</i>		<i>0,779</i>	
<b>2005</b>	11,7	6,8	9,2	1,2	13,7	1,2
<i>Sign.</i>	<i>0,028</i>		<i>0,728</i>		<i>0,864</i>	

Tabellen fortel at det berre var hjå FrP-veljarane ein finn signifikante kjønnsskilnadar i demonstrasjonsdeltaking, klarast i 2005 samsundes som differansen ligg nærmere ti prosentpoeng i 1993 og signifikans på like over ti. Elles var kjønnsskilnadane berre minimale. I 1993 var det ingen av FrP sine kvinnelege veljarar som rapporterte at dei hadde delteke i demonstrasjon, medan i 2005 hadde meir enn ein av ti rapportert det same. Dette skjedde samsundes som at FrP sine mannlege veljarar i mindre grad deltok i demonstrasjonar. I Høgre var det berre minimale endringar. Hjå KrF sine kvinnelege veljarar ser ein at auken hadde vore på 9,4 prosentpoeng. Kjønnsdifferansen har ikkje endra seg like mykje i KrF, noko som tydar på at òg dei mannlege KrF-veljarane i større grad deltok i demonstrasjonar.

## Bakgrunnseigenskapar hos veljarane

FrP har hatt det sterkeste innslag av arbeidarar, lågt utdanna og middels til lågt løna hjå sine veljarar (Bjørklund 2003:140). Partiet har dermed omrokka det sosiale mønsteret mellom parti og klasse gjennom at verdiar har oppteke veljarane i staden for klasseinteresser samsundes som økonomi var viktigast. FrP har alltid stått sterkare i privat enn i offentleg sektor og dei som røystar på partiet står sterkest i på sørvestlandet og i Finnmark. Dei siste tiders nyvunne område var tidlegare arbeidarpartiveljarar. Dette kan henge saman med appellen dei gjev til arbeidarar. Eit signifikansnivå på ti eller lågare var tilfredstillande og vil tyde på statistiske skilnadar mellom gruppene kvinner og menn.

<sup>20</sup> "Deltatt i demonstrasjon/aksjon eller lignende for å fremme en bestemt politisk sak?"

<sup>21</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

**Tabell 6.7: Utdanningsnivå<sup>22</sup> hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>23</sup>, 1993 og 2005.**

Trend	UTDANNING	FrP		Høgre		KrF	
		Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%
1993	Grunnskule	22,2	4	10,9	3,1	21,4	3,2
	Vidaregåande	63	4,8	47,3	5,1	50	6,4
	Universitet	14,8	-8,8	41,8	-8,2	28,6	-9,6
	Sign.	0,637		0,363		0,363	
2005	Grunnskule	22,7	5,7	5,5	1,2	7,8	-2,2
	Vidaregåande	57,8	5,6	39,4	3,8	54,9	-0,1
	Universitet	19,5	-11,3	55	-5,1	37,3	2,3
	Sign.	0,071		0,686		0,928	

Tabellen fortel at det berre var FrP som har signifikante kjønnsskilnadar i utdanningsnivå hjå veljarane og det var for 2005. Dette fortel oss at kjønnsskilnadane i FrP var større i 2005 enn i 1993. Det var fleire enn ti prosent menn som hadde høgare utdanning, universitetsnivå i 2005. FrP hadde eit høgare utdanningsnivå i 2005 enn i 1993, men auken i kvinner med høgare utdanning var større i både KrF og Høgre. Dermed ser det ut til at auken i utdanningsnivået i større grad hadde kome FrP sine menn til gode.

**Tabell 6.8: Yrkessektor<sup>24</sup>, offentleg tilsett, hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>25</sup> 1993 og 2005.**

YRKE	FrP		Høgre		KrF	
Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.
1993	34,8	4,2	44,8	-21,2	53,4	6,6
Sign.	0,735		0,001		0,175	
2005	29,4	4,1	25,5	-1	38,3	-4,6
Sign.	0,458		0,868		0,677	

Tabellen fortel at det berre var i Høgre i 1993 ein fann signifikant kjønnsskilnad med omsyn til om veljarane var offentleg tilsette eller ikkje. Høgre hadde klart færre offentleg tilsette i 2005 og hadde nådd eit nivå som var likt med mennene i eige parti. I FrP var det liten skilnad mellom desse valåra og tilnærma ein tredjedel av kvinnene var frå offentleg sektor. Det interessante var tilhøvet for offentleg sektor ser ein i KrF der partiet gjekk frå å ha kvinnedominans i 1993 til flest menn i 2005. Trass i at kjønnsskilnadane innafor valåra ikkje var signifikante var det ein klar nedgang i kvinnerata i offentleg sektor for KrF frå 1993 til

<sup>22</sup> Omkoding i 1993 av "utdanning 4 kutt (ssb)" til tre verdiar, gymnas 1 og gymnas 2 var slått saman til vidaregåande

<sup>23</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

<sup>24</sup> Sektor, inkludert tidl/ektef hvis ikke eget, dikotom variabel offentleg eller privat sektor.

<sup>25</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

2005. KrF hadde klart fleire kvinner i offentleg sektor enn dei andre partia i begge valperiodane.

**Tabell 6.9: Inntekt<sup>26</sup> hjå veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>27</sup>, 1993 og 2005.**

Trend	INNTEKT	FrP		Høgre		KrF	
		Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%
1993	Låg	15,8	-19	23,7	5,1	32,2	-10,4
	Middels	36,8	10,7	23,7	3,2	44,1	12,6
	Høg	47,4	8,3	52,7	-7,8	23,7	5
	Sign.	0,3		0,433		0,359	
2005	Låg	33,3	-3,2	19,8	6,6	28,9	-7,2
	Middels	45,6	10,3	26,7	-5,5	46,7	5,3
	Høg	21,1	6,5	53,5	-1,1	24,4	10,5
	Sign.	0,223		0,313		0,473	

Det var ingen signifikante kjønnsskilnadar i nokon av dei tre partia. Likevel kan ein sjå innafor kategoriane at det var klart fleire menn som hadde låg inntekt i FrP i 1993 samsundes som det òg var skilnad på kjønna innafor middels inntekt. I 2005 var det berre overvekta av kvinner i middelinntektskategorien som var att. Innafor høginntektskategorien var det berre mindre kjønnsskilnadar. I KrF var det i 1993 òg klare kjønnsskilnadar liknande høva i FrP med overvekt av menn med låg inntekt og kvinner med middels inntekt. Skilnaden var at for KrF var dette historie i 2005 med at ein fekk ei overvekt av kvinner med høg inntekt. I Høgre var det berre minimale kjønnsskilnadar over alle kategoriane for begge åra. Denne skilnaden speglar situasjonen med at veljarar med låg utdanning og låg inntekt har valt FrP over Høgre (Aardal et al. 2007:219).

## Hovudfunn for dei kvinnelege veljarane

Det var stort sett minimale skilnadar mellom kjønna med omsyn til veljarane sitt politiske nærvær, men det var noko større kjønnsskilnadar i 2005 enn i 1993 og tydlegast i KrF etterfølgt av FrP og minst i Høgre. Dette kom mellom anna til syne ved at kvinnene si rate av FrP sine veljarar hadde minimale endringar mellom 1985 og 2005, men partiet hadde tiltrekt seg fleire veljarar i løpet av desse tjue åra. Dette såg ein att ved at ein i 2005 kunne oppleve ein auke på nesten ti prosentpoeng i rata kvinner som røysta på partiet. Det var stort sett berre

<sup>26</sup> Låg er under 200 000, middels er 200-399 000, og høg inntekt er over 400 000.

<sup>27</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

minimale kjønnsskilnadar med omsyn til nominasjonsmøtedeltaking, saksopptaking med parti og sending av skriftleg klage til styresmaktene. Det var berre KrF som hadde signifikante kjønnsskilnadar med omsyn til å delta på nominasjonsmøte i 1993. FrP hadde samsundes ein differanse på over ti prosentpoeng for å ta opp saker med parti. Når det galdt veljarane sin bakgrunn er det minimale skilnadar mellom kjønna. Det var berre i FrP i 2005 og Høgre i 1993 at ein fann signifikante kjønnsskilnadar. I FrP var det kjønnsskilnadar i utdanningsnivåa, og då tydelegast på universitetsnivået der menn dominerte. FrP hadde òg den lågaste kvinnerata på dette nivået. Auken i utdanningsnivået som samfunnet hadde opplevd har tydelegvis i størst grad kome dei mannlege FrP-veljarane til gode. Det var relativt fleire mannlege Høgre-veljarar som var offentleg tilsett i 1993. I 2005 hadde dette partiet både relativt færre kvinner og menn i offentleg sektor enn KrF og omlag relativt like mange som FrP. Det er tydeleg relativt færre kvinner med høg inntekt i FrP sidan kvinnerata hadde gått ned med 26,3 prosentpoeng. Hjå dei andre partia er inntektsendringane minimale.

# Kapittel 7 : Kvinneinteresser definert av FrP-veljarane

## *Subjektivt definerte kvinneinteresser*

Dette kapitlet tek for seg primærrepresentativitet altså meiningsrepresentasjon (Heidar et al. 2002:81). Denne meinингa kjem fram gjennom kvinnesakene som vert definert gjennom prosentdifferansen mellom kjønna. Dei tre sakene kvinnene ikkje delte med menn ved kvart val mellom 1985 og 2005 vert synt i ein tabell saman med den tydlegaste mannesaka og einkilte nøytrale saker. Eg samanlikna òg høva i FrP med Høgre og KrF. Interessene kjem frå variabelen sak<sup>28</sup> som fortel om veljaren si viktigaste sak for røystinga ved valet omgjort til prosent. Dette kapitlet har sin slektning i avsnittet "Haldning til politiske spørsmål" i partiorganisasjonskapitlet (kapittel 8). Dette kjem av at dei involverar dei same sakene eller tema, medan ein ikkje har noko retning (haldning) på variabelen med tanke på om ein ynskjer auke eller reduksjon i skattenivået.

## Kvinneinteressene i 1985

I dette avsnittet skildrar eg kvinneinteressene ved stortingsvalet i 1985. Kvinneinteressene var "Eldreomsorg", "Regjeringsmakt" og "mediespørsmål". Kvinnesaker basert på kjønnsdifferansen i FrP vert diskutert med omsyn til høva i Høgre og KrF.

**Tabell 7.1: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>29</sup> (SSB 1986).**

1985	FrP		Høgre		KrF	
	Kjønnsskilnad	%	Diff.	%	Diff.	%
Eldreomsorg	11,5	8,1	20,6	8,4	20,2	10,9
Regjeringsmakt <sup>30</sup>	6,6	6,6	1	-2,1	8,5	3,2
Mediespørsmål <sup>31</sup>	4,9	3,7	0	0	0	0
Sysselsetting	4,9	1,4	5,9	-0,2	0	-4
Helsevesenet	9,3	-3,8	25,5	8,7	21,3	16
Tryggingsspørsmål, rest	1,6	-8,9	1	-1,3	5,3	4
Skatt og avgift	3,3	-9,5	2	-1,8	1,1	-8,2

<sup>28</sup> "Kan du nevne en eller to saker som var viktig for din egen stemmegivning? Fyrste oppgitte sak". Variablane heiter v67 i 1985, v76 i 1989, v82 i 1993, spm3a i 1997, spm30a i 2001 og spm4a i 2005.

<sup>29</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

<sup>30</sup> "Hvem som skulle få regjeringsmakten" (SSB 1986)

<sup>31</sup> "Mediespørsmål (nærradio/TV, reklame)" (SSB 1986)

Den klaraste kvinnesaka hjå FrP-veljarane ved valet i 1985 var "Eldreomsorg" etterfølgt av "Regjeringsmakt" og "Mediespørsmål". Desse tre kvinneinteressene samlar i overkant av ein femdel av kvinnene i FrP. Ingen av saksfelta har prosentdifferanse på over ti prosentpoeng, noko som tydar på at det berre var marginale kjønnsskilnadar i FrP. "Eldreomsorg" var òg ei klarare kvinnesak i KrF enn i FrP. Dette tyder på eit klarare skilje mellom kjønna i KrF enn i FrP. Når det gjaldt "Regjeringsmakt" så var saksfeltet kvinneinteresse i FrP og KrF, men ikkje i Høgre. Ingen i Høgre eller KrF nemnte "Mediespørsmål" som viktig for eiga røysting. Manneinteressefeltet "Skatt og avgift" var ei noko klarare manneinteresse enn "Eldreomsorg" var kvinneinteresse i Høgre. KrF delte den prioriteringa i større grad enn FrP og Høgre der saksfeltet var tilnærma nøytralt. Det interessante var at saksfeltet "Helsevesenet" var ei mannesak trass i ei relativt stor kvinnerate òg meiner at denne saka var viktig for eiga røysting. I KrF var saksfeltet ei tydeleg kvinnesak med prosentdifferanse på seksten, medan det for Høgre med sin prosentdifferanse på like under ti var ei tydeleg kvinnesak. I motsett høve finn ein i saksfeltet "Sysselsetting" som var ei marginal kvinneinteresse i FrP, men som var mannesak hjå dei to andre partia om enn marginalt i KrF.

## Kinneinteressene i 1989

I dette avsnittet skildrar eg kvinneinteressene ved stortingsvalet i 1989. Kvinneinteressene var "Eldreomsorg", "Helsevesenet" og "Immigrasjon". Kvinnesaker basert på kjønnssifferansen i FrP vert diskutert med omsyn til høva i Høgre og KrF.

**Tabell 7.2: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>32</sup> (SSB 1990).**

1989	FrP		Høgre		KrF		
	Kjønnsskilnad	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.
Eldreomsorg	19,5	12,5	13,5	11	6,5	0,9	
Helsevesenet	14,3	9,6	10	7,5	13	13	
Immigrasjon	15,6	4,7	2,5	-1,9	0	0	
Miljøvern	7,8	-1,5	7,5	-0,8	9,8	2,8	
Skatt og avgift	3,9	-8,5	5	-7,7	0	0	

<sup>32</sup> Prosentdifferanse er skilnadarne i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

Biletet i 1989 var klarare enn i 1985. Her har ein tre kvinnesaker, eit nøytralt saksfelt og ei mannesak. "Eldreomsorg", "Helsevesenet" og "Immigrasjon" var kvinnesakene. Om lag halvparten av kvinnene i FrP har oppgitt ei av dei tre kvinneinteressene som viktig for eiga røysting. "Eldreomsorg" og "Helsevesenet" har klare skilnadar mellom kjønna, medan "Immigrasjon" har berre mindre kjønnsskilnadar. I KrF var ein ikkje oppteken av "Immigrasjon" eller "Skatt og avgift" i det heile og begge kjønn prioriterar "Eldreomsorg" i tilnærma like stor grad. Saksfeltet miljøvern var marginalt ei mannesak men fanga likevel meir enn ein av tretten av dei kvinnelege FrP-veljarane. "Skatt og avgift" var òg ved dette valet mannesaka i FrP trass i at prosentdifferansen har vorte svekka sidan sist val i 1985.

## Kvinneinteressene i 1993

I dette avsnittet skildrar eg kvinneinteressene ved stortingsvalet i 1993. Kvinneinteressene var "Eldreomsorg", "Immigrasjon" og "Barn og familie". Kvinnesaker basert på kjønnsdifferansen i vert FrP diskutert med omsyn til høva i Høgre og KrF.

**Tabell 7.3: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>33</sup> (SSB 1995).**

1993	FrP		Høgre		KrF		
	Kjønnsskilnad	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.
Eldreomsorg	22,2	20,4	1,8	0	2,8	1	
Immigrasjon	25,9	11,4	0,9	0,3	0	0	
Barn og familie	7,4	7,4	5,5	4,9	18,6	11,5	
EF/EU	22,2	3,7	32,1	-3,6	42,9	9	
Utdanning	0	-1,8	9,2	8	0	-3,6	
Sysselsetnad	0	-16,4	3,7	-4,6	2,9	-2,5	
Helsevesenet	0	0	4,6	4,6	1,4	-2,2	

I tillegg til kvinne-, manne- og nøytrale interesser hadde ein ved dette valet to saksfelt som var med fordi helsevesenet og utdanning var prioritert av kvinnene i Høgre. "Helsevesenet" var ikkje nemnt som viktig av nokon i FrP, medan utdanning var prioritert i marginalt større grad av menn i FrP og i Høgre. Kvinneinteressene i FrP fanga opp over halvparten av kvinnene som røysta på partiet. Om ein tok med det nøytrale saksfeltet "EF/EU" hadde ein med nesten fire av fem kvinner. Ein såg òg at ingen av kvinnene hadde vektlagt den tydelege mannesaka "Sysselsetnad" som hadde ein prosentdifferanse på over seksten. KrF var heller

<sup>33</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

ikkje her delt i prioriteringa på "Eldreomsorg" og ingen i dette partiet nemnte saksfeltet "Immigrasjon" som viktig for si røysting akkurat som ved sist val. "Barn og familie" hadde no kome inn som saksfelt og var ei relativt klar kvinneinteresse hjå alle tre partia om enn tydelegast i KrF med ein differanse på over ti. I FrP og Høgre var kvinneinteressa marginal.

## Kvinneinteressene i 1997

I dette avsnittet skildrar eg kvinneinteressene ved stortingsvalet i 1997. Kvinneinteressene var "Helsevesenet", "Helse og sosial, rest" og "Eldreomsorg". Kvinnesaker basert på kjønnsdifferansen i FrP diskutert med omsyn til høva i Høgre og KrF.

**Tabell 7.4: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>34</sup> (SSB 1999).**

1997	FrP		Høgre		KrF	
	Kjønnsskilnad	%	Diff.	%	Diff.	%
Helsevesenet	20,5	6,2	20	14,9	8,8	1,1
Helse og sosial, rest	4,1	3,3	20	14,9	2,5	2,5
Eldreomsorg	23,3	3,1	16,4	4,4	13,8	0,3
Sosial utjamning	2,7	1,9	8,2	-3,8	6,3	2,5
Utdanning	1,4	0,6	11,7	4,1	5	1,1
Kontantstønad	0	-0,8	6,4	4,5	11,3	3,6
Skatt og avgift	2,7	-4	8,2	-3,8	1,3	0,3

Kvinnene har spreidd seg noko meir ved dette valet enn ved dei tre tidlegare vala. Dei tre kvinneinteresefelta til FrP, "Helsevesenet", "Helse og sosial, rest" og "Eldreomsorg", famnar ved valet i 1997 under halvparten av kvinnene i partiet. Dette kan ha noko med at spesielt mange kvinner hadde kryssa av for at ingen saker var spesielt viktige for røystinga ved dette valet<sup>35</sup>. Denne kategorien ville dermed tatt plassen til saksfeltet eldreomsorg. Om lag like stor rate av kvinnene i Høgre vektlagde "Helsevesenet" samsundes som saksfeltet i større grad vert vektlagt av begge kjønn i FrP. Det var berre moderate kjønnsskilnadar i saksfelta for FrP ved dette valet. Det same var tilhøve i KrF. Høgre var derimot polarisert i kvinneinteresefelta "Helsevesenet" og "Helse og sosial". Manneinteressa "Skatt og avgift" var berre svakt polarisert med ei prosentdifferanse på fire. KrF har dette som nøytralt saksfelt med relativt svak oppslutnad generelt sett. "Sosial utjamning" var med fordi det var ei marginal mannesak

<sup>34</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

<sup>35</sup> 12,3 prosent av dei kvinnelege veljarane i FrP og marginalt fleire kvinner enn menn , kjønnsdifferanse på 3,9.

i Høgre. "Utdanning" var relativt sterkt kvinneinteresse i Høgre samsundes som saka generelt var viktig i dette partiet. "Sosial utjamning" og "Utdanning" vart òg veklagt av kvinnene i FrP, men "Kontantstønad" var eit saksfelt som ikkje vert nemnt som viktig for eiga røyusting av nokon av FrP sine veljarar.

## Kvinneinteressene i 2001

I dette avsnittet skildrar eg kvinneinteressene ved stortingsvalet i 2001. Kvinneinteressene var "Eldreomsorg", "Barn og familie" og Utdanning". Kvinnesaker basert på kjønnsdifferansen i FrP vert diskutert med omsyn til høva i Høgre og KrF.

**Tabell 7.5: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>36</sup> (SSB 2003).**

2001	FrP		Høgre		KrF		
	Kjønnskilnad	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.
Eldreomsorg	25,8	10,1	9	7,3	6,1	4,9	
Barn og familie	8,1	6,2	2,6	0,9	22,7	2,2	
Utdanning	8,1	2,5	22,8	11,9	9,1	5,4	
Immigrasjon	6,5	0	0,8	0,3	0	0	
Helsevesenet	4,8	-2,6	7,4	1,1	12,1	7,3	
Skatt og avgift	29	-11,7	39,2	-15,2	4,5	-12,4	

I 2001 var manneinteressa "Skatt og avgift" det saksfeltet som hadde den høgaste kvinnerata. Dette tydde at "Skatt og avgift" var det viktigaste saksfeltet i FrP ved dette valet sidan nesten førti prosent av partiet sine veljarar nemnte dette som viktig sak for si røy sting. Likevel var denne saka viktigare for veljarane i Høgre der nesten halvparten hadde prioritert dette saksfeltet, samsundes som det var større skilnad mellom kjønna i dette partiet. "Skatt og avgift" var eit enda klarare manneinteressefelt i Høgre enn i FrP. "Barn og familie" var derimot hovudsaksfelt i KrF med stønad frå omlag tjue prosent av veljarane. Alle dei tre kvinneinteressene til FrP var òg kvinneinteresser hjå dei andre partia. "Immigrasjon" var ved dette valet eit nøytralt saksfelt i FrP, men hadde ei relativt høg kvinnerate. Kvinner i dei andre partia nemner i klart mindre grad "Immigrasjon" som viktig for eiga røy sting ved valet. "Helsevesenet" var ei marginal manneinteresse i FrP, medan Høgre sine veljarar synte

<sup>36</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

minimale kjønnsskilnadar. KrF hadde "Helsevesenet" som ei relativt klar kvinnesak sidan prosentdifferansen ligg relativt nærme ti.

## Kvinneinteressene i 2005

I dette avsnittet skildrar eg kvinneinteressene ved stortingsvalet i 2005. Kvinneinteressene var "Utdanning", "Barnehagar" og Immigrasjon". Kvinesaker basert på kjønnsdifferansen i FrP vert diskutert med omsyn til høva i Høgre og KrF.

**Tabell 7.6: Saksfelt prioritert av veljarane etter parti og kjønn, prosent og prosentdifferanse<sup>37</sup> (SSB 2007).**

2005	FrP		Høgre		KrF		
	Kjønnsskilnad	Kvinnerate	Diff.	Kvinnerate	Kjønnsskilnad	Kvinnerate	Diff.
Utdanning	10,9	6		18,3	4,8	15,7	3,2
Barnehagar	3,9	3,4		0,9	-0,3	0	0
Immigrasjon	13,3	2,9		1,8	0	0	0
Eldreomsorg	15,6	1,3		13,8	-1,2	17,6	12,6
Skatt og avgift	10,2	-6,2		22	-2,5	0	-5

Veljarane i FrP var ved dette valet meir spreidd mellom saksfelta enn ved valet i 2001. Saksfeltet som samla flest av FrP sine veljarar var "Eldreomsorg" tett etterfølgt av "Skatt og avgift". "Skatt og avgift" samlar flest av Høgre sine veljarar og ein større del enn FrP sine veljarar. Ein kan seie at "Utdanning" òg var viktig for dei andre partia ved dette valet, men kjønnsskilnadarne var små. Hjå FrP hadde ingen av saksfelta prosentdifferanse over ti og var dermed berre marginale. "Eldreomsorg" syntet eit klar kjønnsskilnad i KrF med ein differanse på over ti samsundes som saksfeltet hadde tiltrekt seg ein relativt stor del av kvinnene i partiet. Hjå Høgre sine veljarar var "eldreomsorg" eit marginalt manneinteressefelt.

## Hovudfunna frå kvinneinteressene hos veljarane

I løpet av perioden hadde FrP-veljarane definert ni saksfelt som kvinneinteresser. Desse var, etter tal på valundersøkingar kvinneinteressene vart definert gjennom og samtidig når dei fyrst dukka opp: "Eldre", "Immigrasjon", Helse ("Helse og sosial, rest" og "Helsevesenet"), "Barn og familie", "Utdanning", "Regjering", "Mediespørsmål og "Barnehage".

<sup>37</sup> Prosentdifferanse er skilnadarne i prosentrata mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

Eg vil no presentere kvinneinteressene til FrP etter når dei dukka opp i partiet og vart kvinnepolitiske sak. Saksfeltet "Eldre" var kvinneinteressefeltet som gjekk att ved alle vala i perioden for FrP. Det hadde topplassering i nesten alle valåra, unntatt for valet i 1997 og i 2005. I 1985 hadde kvinnene både i Høgre og KrF i større grad enn hjå FrP-kvinnene rapportert "Eldre" som viktigaste saksfelt ved valet det året. Allereie frå 1989-2001, som var alle vala der "Eldre" var kvinnesak i FrP, hadde FrP høgast kvinnerate av dei tre partia med omsyn til dette saksfeltet. Valet i 1993 etterfølgt av valet i 1989 var sterkest kjønnspolarisert fordi om lag alle kvinnene fordelar seg over få (tre-fire) saksfelt og kjønnsdifferansen var høg. Dette gjaldt også for KrF sidan "EU" og "Barn og Familie" fanga over 60 prosent av kvinnene i partiet, men ein kunne ikkje seie noko ut i frå tabellen om dette også gjeld for Høgre. "Barn og familie" dukka opp som kvinneinteresse i 1993 og var sidan med som kvinneinteresse, trass i at saksfeltet ikkje hadde nådd opp på topp-tre-plasseringa i 1997 og i 2005. Saksfeltet "Immigrasjon" var kvinneinteressa med tydelegast kjønnsskilnad i 1993 med ein differanse på over ti, ei noko mindre differanse på omlag fem prosentpoeng i 1989 og nøytral prosentdifferanse i 2001. Ingen av dei to andre partia delte prioriteten av "Immigrasjon" som viktig saksfelt verken i kjønnsskilnadar eller kvinnerate. Høgre hadde høgast kvinnerate i 1989 med ein mindre kjønnsskilnad som synte at menn i knapt større grad var opptatt av "Immigrasjon" då. Utdanning som saksfelt hadde alltid vore viktig i FrP, men vart kvinnepolitikk frå 1997. I Høgre var dette saksfeltet enda viktigare for kvinnene. Saksfeltet "Helse og sosial, rest" var kvinnepolitikk i 1989, 1993 og 1997 og mannlige saksfelt i 1985, 2001 og 2005, medan "Helsevesenet" var kvinnepolitikk i 2005, 2001, 1997 og 1989, og mannlige saksfelt i 1985. Ingen veljarar prioriterte "Helsevesenet" i 1993, medan KrF-kvinner og Høgre-menn prioriterte dette saksfeltet noko. Ingen av desse to saksfelta hadde kome med i tabellen for 2005. Toppåret for saksfeltet for FrP var 1997 der kvinnerata så vidt oversteig den for Høgre. Helsesaksfelta hadde alltid vore kvinnepolitikk i Høgre med eit toppår i 1997 der førti prosent av kvinnene i partiet prioriterte desse saksfelta og kjønnsskilnad til fordel for kvinnene. Kvinneratane tok seg opp att i 2001 for FrP og KrF, samstundes som kvinnerata gjekk ned for Høgre. I 1985 prioriterte både Høgre og KrF sine kvinner i større grad "Helsevesenet" enn FrP og FrP-menn var dessutan i større grad opptekne av dette saksfeltet. Kvinnene i KrF vart mindre opptekne av dette saksfeltet etter 1989 med botnår i 1993. 1993 var dårleg for dette saksfeltet generelt og ingen av FrP sine veljarar prioriterte saksfeltet ved dette valet. "Barnehagar" som saksfelt var kvinnepolitikk i FrP i 2005. Høgre hadde dette til mannesak i 2005. I KrF var det ingen veljarar som hadde prioritert dette saksfeltet ved dette

valet. Mediespørsmål var kvinnesak berre i 1985. Ingen av dei to andre partia hadde gjort same prioritering av saksfeltet. Saksfeltet "Skatt og avgift" var den store mannesaka i FrP unntatt for Stortingsvalet i 1993, då "Sysselsetnad" var mannesak nummer ein. FrP hadde alltid lågare kvinnerate enn Høgre med omsyn til dette saksfeltet. Høgre hadde størst kjønnsdifferanse av alle tre partia i 2001. I KrF var dette eit saksfelt som i noko større grad vert prioritert av menn, men berre marginalt. I 1989 og i 2005 var det ingen kvinner i KrF som prioriterte dette saksfeltet. Saksfeltet "Sosial utjamning" var mannleg saksfelt i 1989, 1993, 2005 og kvinnekjønnspolitikk i 1997 i FrP og i KrF, men ikkje i Høgre. Samsundes så var kvinnersata høgast i Høgre . "EU og Schengen" var mannleg saksfelt i 1989 og i 2005 og eit marginalt kvinneleg saksfelt i 1993. Heile tjueto prosent av kvinnene i FrP prioriterte dette saksfeltet ved dette valet, men rata var høgre både i Høgre og i KrF. I KrF var saksfeltet ei klar kvinnesak med ein kjønnsskilnad på ni prosent. I Høgre var saksfeltet ei marginal mannesak. "Barnetrygd og kontantstønad" var kvinnekjønnspolitikk i 1993 og i 2005 og var mannekjønnspolitikk i 1997, men hadde berre kome med i tabellen for 1997 fordi den var viktig for kvinnene i KrF. Ingen av kvinnene i FrP prioriterte dette saksfeltet. Samsundes så prioriterte kvinnene i KrF i størst grad dette saksfeltet. I Høgre var dette òg ei kvinnesak. Tryggingsspørsmål var òg viktig for mennene i FrP og for kvinnene i KrF i 1985. I Høgre var dette saksfeltet berre marginalt veklagt av veljarane samsundes som den var ei marginal mannesak.

## **Kapittel 8 : Partiorganisasjonen**

*Kvinner sitt nærvær deltaking, bakgrunn og haldning i FrP sin partiorganisasjon.*

Dette kapitlet tek for seg partiorganisasjonen gjennom både medlemsmasse og leiarskapen. Eg byrjar med å skildre grasrota, landsmøtet og sentralstyret i eit kort avsnitt for deretter å sjå på det kvinnelege nærværet i Framstegspartiet sin partiorganisasjon. Kapitlet er satt opp etter inspirasjon frå Heidar og Saglie (2002) sitt kapittel "Kjønnsmakt i partiene" samsundes som tabellane i dette kapitlet nyttar relevant informasjon frå tabellane i "Kjønnsmakt i partiene". Eg skildrar og diskuterar forsøgjarbakgrunn og utdanningsnivå, aktivitetsnivå og haldningar til politiske spørsmål i partiorganisasjonen. Fokuset er å syne kjønnsskilnadene der slike finst.

### **FrP sin partiorganisasjon**

Partiorganisasjonen er i denne oppgåva partimedlemmar, landsmøtedeltakarar og sentralstyremedlemmar. FrP var eit parti mot straumen med omsyn til veksten i medlemsmassen den hadde opplevd. Partiet hadde omlag tusen medlemmar ved utgangen av det året partiet vart danna i 1973, i 1989 talte medlemsmassen ti tusen medlemmar (Svåsand, Strøm og Rasch 1997). Medlemsveksten gjorde eit hopp i 1989 og i 2002. Partiet opplevde ein medlemsvekst frå 16529 til 20104 mellom 2001 og 2002 (Mjelde 2008:29). Ved utgangen av 2009 hadde partiet i overkant av tjueseks tusen medlemmar og dei har aldri hatt fleire medlemmar enn dette.

Kvar vår har partiet halde landsmøte der leiinga vert peika ut og partiprogrammet vert vedteke (Heidar et al. 2002:201-2). I tillegg er landsmøtet politiske verkstadar der programmet vert diskutert i forkant av avrøystingane. Deltakinga på landsmøta har òg auka i omfang frå 62 delegatar i 1980 til godt over 200 delegatar i 2010 (FrP 1980, FrP 2010a). Dei som deltok på landsmøta var representantar frå fylkesorganisasjonane etter korleis det gjekk ved sist stortingsval, sentralstyret, stortingsgruppa, ungdomsorganisasjonen sitt sentralstyre og partiet sin ordførar (Svåsand 1990:69, FrP 2009d). Det var ingen grunn til å tru at delegatane var representative for medlemmane som heilskap sidan dei mest engasjerte enda som delegatar (Heidar et al. 2002:84). Preferansane til fylkesårsmøta og andre organ har hatt stor påverknadskraft for utveljinga av delegasjonssamsetnaden. På landsmøta var det summen

av desse delegasjonane som "var" partiet. Delegatane i FrP var dei som i størst grad vektlagde partileiinga sine synspunkt og la stor eller avgjerande verkt på Galluptal i konfliktsaker (Heidar et al. 2002:229-36). Under handsaminga av partiprogrammet vektlegg delegatane landsmøtet si rolle særskilt høgt samanlikna med andre parti og at dei burde kunne pålegge stortingsgruppa sine standpunkt.

Sentralstyret tek seg av den daglege drifta i partiorganisasjonen mellom landsmøta som klart skildra i partiet sine vedtekter (FrP 2010b). Sentralstyret vart valt for to eller fire års periodar gjennom særskilte avrøystingar på landsmøtet, tre medlemmar kvart år (FrP 2010a, FrP 2009b). Formannen, no partileiaren, vart valt på landsmøtet i mellomvalår, medan resten av vala til partiorganisasjonen vart gjort i valåra (FrP 2009d). Talet på medlemmar i dette utvalet har variert noko og vart auka frå seks til åtte medlemmar i 1985 og det skjedde òg ei endring i 2001. Sentralstyret er i 2010 samansett av leiar, fyrste nestleiarane, andre nestleiar, seks øvrige medlemmar, FpU sin formann eller vara og parlamentarisk leiar eller vara.

## **Politisk nærvær i partiorganisasjonen**

I dette avsnittet skildra eg korleis kvinner prega den politiske dagsorden og innhaldet i avgjerslene. Dette handla om makt, om kvinnene hadde makt i paria, og om makta var aukande eller minkande (Heidar et al. 2002:263). Makt er ikkje lett å måle, men deltaking og nærvær gjev i alle fall sjansen til å utøve makt. Dei aller fleste skilnadane gjekk i retning av at kvinner i mindre grad søkte innflytelse, men skilnadane var små. Heidar og Saglie (2002:263) synte dette gjennom aktivitetsindikatorar for maktutøving, ein for medlemmar og seks for delegatar. I tillegg fann dei at personlig karakter hadde tyding for maktutøvinga. Det var ein tydeleg kjønnsskilnad med tanke på å kontakte partirepresentantar i offentlege verv for å få synspunkt på ei sak eller for å få tatt opp ei sak. Halvparten av kvinnene hadde handla på ein slik måte. Hjå delegatane var det berre mindre skilnadar mellom kjønna på alle dei seks spørsmåla. Vektlegging av personleg karakter var kategorien med størst prosentdifferanse etter kontakt med partirepresentant. Menn hadde i større grad blikk for nettverket si rolle (Heidar et al. 2002:265). Det var derimot ikkje signifikante kjønnsskilnadar i nokon av dei tre partia. Når det gjaldt om delegatane hadde tatt initiativ til eller vore med på å førebu politiske utsegner og vedtak som skulle handsamast av stortingsgruppa var det generelt ein mindre skilnad mellom kjønna, medan ein i FrP og Høgre fann ein meir markert skilnad. Menn i FrP

var dei mest aktive landsmøtedelegatane fordi dei har klart høgare prosentdifferanse til sin fordel i å ha vore med på initiativ meir enn to gangar det siste året. Kvinnene i FrP har lågast representasjon i førebuing av politiske vedtak i partiet si stortingsgruppe (Heidar et al. 2002:267). FrP-kvinnene var dermed mindre ”tilstades”.

**Tabell 8.1: Kvinnene i FRP sin partiorganisasjon, 1980-2009. Tal på kvinner og kvinnerate.**

KVINNERATE	Kvinne	1980	1986	1987	1990	1994	1995	2001	2005	2009	2010
Medlemmar <sup>38</sup>	<i>Stk</i>						4400				
	%						27				
Landsmøte delegatar	<i>Stk</i>			17	35		24	22		67	58
	%	12,1		14,6	17,2		15,6	10,7		28,9	24,6
Sentralstyret	<i>Stk</i>	2	2	1	2	1		4	3	3	2
	%	25	16,6	8,3	16,6	8,3		36,4	27,3	27,3	18,2
Partileiar				Carl I. Hagen						Siv Jensen	

Kjelde: Partidokument<sup>39</sup>, (Heidar et al. 2002:89) for 2001 og (Kvaale 2010) for Sentralstyret 2010-2011.

Diverre hadde eg berre eit tidspunkt som fortalte om fordelinga mellom kjønna hjå medlemmane, det er for året 2001. Kvinnerata var då 27 prosent. Dette kjem av at partiet ikkje skil sine representantar med omsyn til kjønn, rase eller etnisk tilhøyre (FrP 2009c:7, Fossum 2009). Dette var ikkje overraskande sidan eit kjenneteikn ved PRR-parti er misstenksem og hemmeleghald (Mudde 2007:97). I 2001 var det som det ofte vart venta relativt færre kvinner på landsmøtet enn det som medlemsrata skulle tilseie. Dette kjem av at kvinner og andre minoritar gjerne vil oppleve minkande deltaking etter kvart som dei stig opp til høgre nivå som følgje av ”jarnlova” om aukande ulikskap oppover i dei politiske hierarkia (Haavio-Mannila 1983). Overraskinga var den høge kvinnerata ein opplever for sentralstyret i 2001. Det hadde aldri vore fleire enn fire kvinner i sentralstyret. Sidan 1998-2006 var Siv Jensen nestformann og sidan 2006 formannen i FrP. Ho vart dermed ein gradvis meir sentral aktør. Hennar nærvær kunne òg ha medverka til auken i talet på kvinner i sentralstyret. Det ser ut som at det er eit skilje etter 1994/2001 frå ein til to kvinner i sentralstyret til at nivået er på to-

<sup>38</sup> Heidar med fleire fant denne prosentrata gjennom Partiundersøkinga 2001. Eg brukte denne rata til å finne ut om lag kor mange kvinnelege medlemmar som er i partiet. Kvinnene utgjorde 52 av 223 respondentar.

<sup>39</sup> Informasjon kring samansettningen av sentralstyret: ”Årsberetning for Fremskrittpartiet” 1986 og ”Sentralstyrets årsberetning” 1986, 1990, og ”Landsmøte Protokoll 1986”, ”Landsmøtedokumenter” 2009. Informasjon kring deltakinga på landsmøta kjem frå ”Fremskrittspartiets åttende landsmøte-delegatliste 1980”, ”Landsmøte Protokoll 1986”. ”Fremskrittspartiets landsmøte 1990”, ”Fremskrittspartiets landsmøte 1995”, ”Landsmøtedokumenter” 2009 og 2010.

tre kvinner i tillegg til Jensen. Hjå landsmøtedelegatane såg ein større variasjon i kvinnerata, men òg her kunne dette vere teikn på eit skilje mellom 2001 og 2009 frå å ha ein kvinnerate på mellom ti og femten prosent til å oppnå ei kvinnerate i overkant av 25 prosent. På landsmøtet i 2009 hadde ein toppnivå i deltaking av kvinner med 67 kvinner av 239 delegatar.

## **Politisk deltaking i partiorganisasjonen**

Det var minimale kjønnsskilnadar i aktivitetsnivå i 2001 slik det var i sist partiundersøking i 1991 (Heidar et al. 2002:248). Størst skilnad hjå delegatane var det i å delta i indre partidebattar og ved å skrive avisinnlegg saman med det å ha hatt offentlege verv tidlegare, men skilnadane var berre minimale. Det var eit relativt større skilje mellom kvinner og menn sin partiansiennitet hjå delegatane på landsmøta til FrP og Høgre (Heidar et al. 2002:250-1). Kvinner utan lang fartstid slapp lettare og tidlegare til i FrP. Det at kvinnene lettare slapp til i desse partia enn i KrF og Høgre kunne ha kome av patriarkalske strukturar i desse partia eller at desse partia i større grad hadde vore kanalar for maktposisjonar. Politikk som motivasjon for å melde seg inn i parti hadde auka etter 1991. Dei største kjønnsskilnadane fann ein innafor politikk og passiv stønad som medlemskapsmotiv. Politikk var eit manneargument, medan kvinner dominerte passiv stønad. I KrF såg kvinner på seg sjølv i særskilt stor grad som passive støttespelarar. Det var klart fleire menn enn kvinner som både ynskte å auke aktiviteten og å trekke seg ut ifrå partiet.

## **Bakgrunnseigenskapar i partiorganisasjonen**

Informasjonen frå bakgrunnsvariablane kunne tyde på at kvinner og menn drog med seg ulike handlingar samsundes som partia sendte ulike signal om kven dei representerte i politikken (Heidar et al. 2002:243). Ein betra kjønnsbalanse meinte Heidar med fleire (2002) kunne gje større rom for kvinnekjønnpolitikk samsundes som ein får auka legitimitet, men legg òg vekt på at det ikkje gjeng automatikk i dette. Ein prosentdifferanse under ti vil tyde på relativt små kjønnsskilnader. Dette gjeld for all differanse i dei komande avsnitta.

**Tabell 8.2: Oppvekstbakgrunnen til dei kvinnelege partimedlemmane, prosent<sup>40</sup> og Prosentdifferanse<sup>41</sup>, 2000-01.**

BAKGRUNN	Jordbruk eller fiske		Arbeidar eller handverkar		Funksjonær		Sjølvstendig næringsdrivande		Sign.
	Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.
FrP	11	-8	37	-8	19	1	33	15	0,07
Høgre	17	-3	17	-1	31	1	33	15	0,94
KrF	50	15	19	-6	20	-8	11	-1	0,17

Kjelde: Heidar med fleire (2002:244)

Høgstatusbakgrunn ligg i kva yrke hovudforsørgjar hadde då partimedlemen vaks opp. Kvinner i FrP har ein noko meir høgstatus bakgrunn (Heidar et al. 2002:245). Dette fekk ein eit inntrykk av gjennom at relativt færre i FrP enn i Høgre og KrF hadde bakgrunn frå "Jordbruk eller fiske". Halvparten av kvinnene i KrF hadde denne bakgrunnen. Det var relativt flest kvinner i FrP som hadde bakgrunn frå "Arbeidar eller handverkar". Mennene i FrP hadde i større grad hovudforsørgjar med yrke innan "Jordbruk eller fiske" og "Arbeidar eller handverkar". FrP saman med Høgre hadde dermed høgst prosentdifferanse mellom kjønna der hovudforsørgjar var "Sjølvstendig næringsdrivande" (Heidar et al. 2002:244). Kjønna var likt fordelt i både FrP og Høgre med hovudforsørgjar innafor "Funksjonær". Det var signifikante skilnadar i FrP for alle kategoriane innanfor hovudforsørgjar sitt yrke, sju prosent signifikant (Heidar et al. 2002:244). Dette tydar at det var statistiske signifikante skilnadar mellom kjønna i FrP sidan det er relativt vanleg å ha ti prosentnivå som utgangspunkt for å vurdere signifikans.

<sup>40</sup> N er 1544 . Spørsmål: "Hva var hovedforsørger sitt yrke i den tiden du vokste opp?"

<sup>41</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentratra mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

**Tabell 8.3: Utdanning<sup>42</sup> for partimedlemmar og landsmøtedelegatar etter kjønn, prosent<sup>43</sup> og prosentdifferanse<sup>44</sup>, 2000-01.**

UTDANNING	FrP		Høgre		KrF	
	Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%
Medlemmar:						
Grunnskule	64	-4	33	-3	56	11
Vidaregåande	13	-3	24	1	7	-5
Universitet	23	4	43	2	37	-6
Sign.	0,13		0,12		0,02	
Delegatar:						
Grunnskule	55	12	22	2	20	-7
Vidaregåande	14	-9	16	4	8	-1
Universitet	31	-3	62	0	72	8
Sign.	0,61		0,76		0,28	

Sidan sist partiundersøking som var i 1985 hadde utdanningsnivået auka for begge kjønn, men det var fleire menn med høgre utdanning då (Heidar et al. 2002:245). I 2001 drog kvinnene i større grad inn høgutdanningsgruppene i alle parti. På medlemsnivå var utdanningsstrukturen om lag lik i alle parti, men unntaket var der kvinnene i langt større grad enn menn hadde høgare utdanning. I medlemsmassen til FrP var det ei marginal overvekt av kvinner med universitetsutdanning, medan dette skiljet vart vekke når ein kjem opp på delegatnivå. Det var hjå FrP ein fann størst skilnad i utdanningsnivå frå medlemsmassen til delegatane (Heidar et al. 2002:244). Begge kjønna var i FrP relativt likt fordelt med omsyn til kjønnss differanse på kategoriane med "Grunnskule" og "Vidaregåande" på medlemsnivå. Høgre har klart flest kvinner med høgare utdanning, men KrF har klart fleire med høgare utdanning enn FrP. KrF hadde klart flest kvinner med inntil tre år vidareutdanning, medan Høgre låg nærmere FrP i kjønnss differanse. Høgre hadde klart færrest kvinnelege medlemmar med berre grunnskule, medan FrP har klart flest. På landsmøta var det jamt over slik at kvinnene hadde eit høgare utdanningsnivå (Heidar et al. 2002:245). FrP skilte seg frå dei to andre partia med å ha færrest kvinner med høgare utdanning og tilhøyrande flest med grunnskule som var den same tendensen som for medlemmane. Delegatmenn i FrP dominar kategorien "Vidaregåande" og i kategorien "Universitet eller høgskule" var det berre minimale kjønnsskilnadar.

<sup>42</sup> Grunnskule er brukt som forkorting av opphavlege "Inntil 3 år med vidareutdanning". Universitet står for Universitet eller høgskule.

<sup>43</sup> N er 850 for medlemmar og 1129 for delegatar.

<sup>44</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentratra mellom kjønna. Positiv forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativ forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

**Tabell 8.4: Yrkessektor, offentleg tilsett, for partimedlemmar og landsmøtedelegatar etter kjønn, prosent<sup>45</sup> og prosentdifferanse<sup>46</sup>, 2000-01.**

YRKE	FrP			Høgre			KrF		
	Kvinne	%	Diff.	Sign.	%	Diff.	Sign.	%	Diff.
Medlemmar	52	38	0,00	54	31	0,00	70	30	0,00
Delegatar	35	9	0,29	57	29	0,00	77	30	0,00

Kjelde: Heidar med fleire (2002:246)

Auken i offentleg sektor hadde i all hovudsak kome frå auka kvinnerate i partia til tross for at menn òg i større grad var offentleg tilsette (Heidar et al. 2002:247). Kvinnene si forankring i offentleg sektor gav høg representasjon av offentleg tilsette både på medlems- og delegatnivå i partia (Heidar et al. 2002:245-6). Fordi så mange av kvinnene arbeidde i offentleg sektor kom ikkje den lågare inntekta som ei overrasking. I FrP var det færre i offentleg sektor høgre oppe i organisasjonen hjå delegatane. FrP hadde alltid stått sterkare i privat enn i offentleg sektor i partiorganisasjonen (Bjørklund 2003:140). I KrF og Høgre var det ein kjønnsdifferanse på minst tjue prosent hjå delegatane. Så mange som 77 prosent av dei kvinnelege delegatane i KrF kom frå offentleg sektor. Dette nivået var høgare hjå delegatane enn hjå medlemane. I Høgre var det derimot minimale skilnadar mellom medlemmar og delegatar. Tendensane i prosentfordelinga samsvarar med tendensane for kjønnsdifferansen.

**Tabell 8.5: Inntekta<sup>47</sup> til partimedlemmar og landsmøtedelegatar etter kjønn, prosent<sup>48</sup> og prosentdifferanse<sup>49</sup>, 2000-01.**

INNTEKT	FrP		Høgre		KrF		
	Kvinne	%	Diff.	%	Diff.	%	Diff.
Medlemmar:							
Låg	57	31	40	26	72	39	
Middels	43	-14	51	3	28	-28	
Høg	0	-17	9	-29	0	-11	
Sign.	0,00		0,00		0,00		
Delegatar:							
Låg	32	18	43	9	25	17	
Middels	43	0	42	9	50	6	
Høg	25	-18	34	-18	20	-23	
Sign.	0,05		0,05		0,00		

<sup>45</sup> N er 1647 for medlemmar og 1129 for delegatar.

<sup>46</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

<sup>47</sup> Låg er under 200 000, middels er 200-399 000, og høg inntekt er over 400 000.

<sup>48</sup> N er 850 for medlemmar og 1129 for delegatar.

<sup>49</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

Av tabellen ser ein at det var ingen kvinnelege medlemmar i FrP eller i KrF med inntekt over 400 000, og det var ingen kvinnelege delegatar i FrP med middeles inntektsnivå. Skilnaden mellom partia var mindre høgare oppe i organisasjonen. Dei kom til syne med dei største kjønnsskilnadane på middelnivå hjå medlemmane, der heile 31 prosentpoeng skilte Høgre og KrF. Dessutan hadde heile 34 prosent av delegatkvinnene i Høgre høg inntekt og dermed høgast rate. Høgre hadde størst kjønnssdifferanse på det høgaste lønsnivået for medlemmar, medan det var KrF som hadde den største kjønnsskilnaden hjå delegatane på dette inntektsnivået. Heidar med fleire (2002:246) meinte at det ikkje kom som noko overrasking at kvinner tente mindre enn menn når kvinner i så stor grad arbeidde i det offentlege.

## Haldning til politiske spørsmål

På haldningssida haldt skilnadane mellom menn og kvinner seg (Heidar et al. 2002:258). Hedar og Saglie (2002:255) samla dei fem sakene som samla/generelt gav størst samla positiv og negativ prosentdifferanse i to tabellar som synte fordelinga over dei ulike partia på medlems- og delegatnivå. Det var hjå delegatane generelt at ein kunne sjå dei klaraste kjønnsskilnadane der ein finn at tolv saker har ti prosent kjønnssdifferanse eller meir, medan det på medlemsnivå berre var tre slike saker (Heidar et al. 2002:252-4). Dei tre sakene på medlemsnivå fordelte seg på ei kvinnesak og to saker dominert av menn. Elles var sakene prega av mindre kjønnsskilnadar. Kvinnesaka var miljøvern, medan alkoholavgifter og gasskraftverk er saker som er særskilt viktige for mannlige medlemmar. Dei tolv sakene på delegatnivå fordelte seg på fem kvinnesaker og seks saker med mannleg dominans. Kvinnesakene er likestilling, kriminalitet, miljøvern, offentlege tenester, fristilte selskap og innvandring. Menn dominar spørsmål kring økonomisk vekst, karakterar, lønsskilnadar, alkoholavgifter, sterkt forsvar og gasskraftverk. I partia som var for kvotering av kvinner inn i partiposisjonar finst det fleire som meinat at kjønn spelar ei rolle for politikkutforming enn i parti som var motstandarar (Heidar et al. 2002:262). Desse partia kunne dermed seiast å vere prega av kjønnspolitisk korrektleik. Generelt så synte både medlemmar og delegatar kjønnsskilnadar med omsyn til haldningar knytt til lønsskilnadar, eldreomsorg og miljøvern (Heidar et al. 2002:251).

**Tabell 8.6: Haldningar til politiske spørsmål hjå partimedlemmar etter parti og kjønn, Prosentdifferanse<sup>50</sup>, 2000.**

Haldning hjå medlem	Satse på miljøvern tross evt. lågare forbruk	Meir likestilling mellom kjønna	Styrkje storbyen sin økomomi	Auke i løvingar til eldre-omsorg	Styrkje kristen tru og moral	Noreg bør verte medlem av EU	Godta løns-skilnadar	Reduksjon i alkoholavgifter
<b>FrP</b>	9,8	15,5	6,5	5,3	-7,3	-0,9	-15,5	3,5
<b>Høgre</b>	10	17,3	9,8	13,5	9,8	4	0,7	-3
<b>KrF</b>	9,2	8,2	11,5	12,6	-0,3	-5,8	-11,6	3

Kjelde: Heidar med fleire (2002:255)

Det klaraste skiljet fann ein i FrP opp mot å legge tilhøva til rette for likestilling og dette kom tydlegast fram hjå delegatane der 45 prosent var usamd i dette. Neste parti på lista var KrF som skårar 16 prosent. Ein ser då at haldningane til likestilling og kjønnskvotering i FrP skilte seg sterkt frå dei andre politiske partia (Heidar et al. 2002:267). Det var på delegatnivå at FrP profilerar eit mest markert anna syn enn andre parti (Heidar et al. 2002:251). Den sterkeste koplinga mellom sak og kjønn både for medlemmar og delegatar var haldninga til likestilling mellom kjønna.

Hjå partimedlemane hadde FrP to kvinnehaldningar og to mannehaldningar. Kvinnesakene hjå partimedlemane i FrP var om ein ynskte auka likestilling mellom kjønna og om ein ville satse på miljøvern trass i lågare forbruk. Miljøsaka hadde ein prosentdifferanse som låg tett opp til ti prosent, og difor tok eg den med. Høgre delte FrP sine kvinnehaldningar, men hadde høg prosentdifferanse og dermed kvinnehaldning òg ovanfor "Storbyøkonomi", "Eldreomsorg", og "Kristen tru og moral". KrF delte kvinnehaldning med Høgre i "Storbyøkonomi" og "Eldreomsorg". Ein syntet òg at haldninga å ville styrkje kristen tru og moral syntet berre marginale kjønnsskilnadar i FrP og KrF. "Reduksjon i alkoholavgifter" vart i større grad veklagt av menn i Høgre. Det var større variasjon i ratane i likestillingssaka enn i miljøsaka. Likestillingshaldninga delte FrP-kvinnene med Høgre. Dette kunne fortelje oss at det var relativt stor forskjell mellom kjønna med omsyn til denne saka på høgresida i politikken, likevel var det mogleg at kvinner og menn samla var meir opptatt av likestilling. I miljøsaka låg FrP på medianen. Dei mannlege medlemane i FrP meinte at ein burde byggje ut gasskraftverk og at ein burde godta lønsskilnadar. Mennene i FrP skilte seg klart frå dei andre partia sine menn i begge desse sakene sidan skårane til FrP syntet størst avstand mellom

<sup>50</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

kjønna og var omlag dobbelt så høg som snittet. KrF vog opp for FrP i gasskraftsaka med sine svar med omsyn til snittverdien. I lønssaka var partia meir spreidd enn i gasskraftsaka. I Høgre var det kvinnene som var marginalt meir opptatt av at ein skulle kunne godta lønnsskilnadar, medan det elles var ei klar mannesak. KrF var neste parti på lista etter FrP når det kjem til prosentdifferanse mellom kjønna. Ein ser òg at saka om at Noreg burde verte medlem av EU var den saka som skilte kvinner og menn i FrP minst. I Høgre var dette ei kvinnesak.

**Tabell 8.7: Haldningar til politiske spørsmål hjå landsmøtedelegatar etter parti og kjønn, Prosentdifferanse<sup>51</sup>, 2000.**

Haldning hjå delegat	Meir likestilling mellom kjønna	Førebyggande arbeid hindrar kriminalitet	Satse på miljøvern tross evt. lågare forbruk	Viktigare med off. tjenester enn skattelette	Styrke politisk styre av fristilte selskap	Oppretthalde sterkt forsvar	Reduksjon i alkoholavgifter
<b>FrP</b>	4,3	17,7	-9,4	-1,0	-0,2	5,9	3,0
<b>Høgre</b>	15,0	16,0	15,5	0,1	9,5	-0,5	7,1
<b>KrF</b>	17,6	18,7	13,0	19,0	7,5	-13,2	-1,5

På landsmøte var det klart færre samsundes som det var andre haldningars som skilte kvinner og menn i FrP. Saksfeltet "Førebyggande arbeid hindrar kriminalitet" var den einaste tydelege kvinnehaldninga (Heidar et al. 2002:255). Høgre og KrF låg svært nærmre FrP i denne haldninga. Dei mannlege delegatane i FrP dominerte klart haldinga om å "Godta lønnsskilnader" og om å "Satse på miljøvern til tross for eventuelt lågare forbruk". Det var berre FrP som hadde negativ forteikn på denne haldninga. Høgre sine kvinner var klart meir opptatt av miljø og hadde den høgaste skåren av alle partia. I FrP var delegatane tilnærma likestilte i haldingar kring å "Styrke politisk styre av fristilte selskap" og om det å satse på høg økonomisk vekst. Kring politisk styre var FrP relativt meir likestilt på delegatnivå, medan dette var ei klar kvinnesak i Høgre og KrF. Klarast kjønnsskilje fann ein i Høgre .

<sup>51</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

**Tabell 8.8: Tilhengrarar av kjønnskvotering til partipolitiske verv, prosent<sup>52</sup> og prosentdifferanse<sup>53</sup>, 2000-01<sup>54</sup>.**

<b>KVOTERING</b>	<b>FrP</b>			<b>Høgre</b>			<b>KrF</b>			
	<b>Kjønnsdifferanse</b>	<b>Kvinnerate</b>	<b>Diff.</b>	<b>Sign.</b>	<b>Kvinnerate</b>	<b>Diff.</b>	<b>Sign.</b>	<b>Kvinnerate</b>	<b>Diff.</b>	<b>Sign.</b>
<b>Medlemmar</b>	33	19	0,00		24	4	0,13	32	4	0,42
<b>Delegatar</b>	7	6	0,06		36	18	0,00	74	16	0,02

Kjelde: Heidar et al. 2002:260

Eit av dei sentrale stridstema i norske parti sidan 1970-talet hadde vore kvoteringsspørsmålet (Heidar et al. 2002:258-9). I 2001 var det samla sett 38 prosent av mennene og 46 prosent av kvinnene i dei politiske partia som var tilhengrarar av kjønnskvotering. Dermed sto kvotering på grunnlag av geografi framleis sterkare enn kjønnskvotering (grupperepresentasjon). Generelt var delegatane meir positive til kvotering enn medlemmane. Sterkast var motstanden mot kjønnskvotering i parti som ikkje hadde innført slike tiltak sjølv, slik som i FrP og Høgre. Det var motsetnad mellom kvinnelege og mannlege medlemmar i FrP og mellom kvinnelege og mannlege delegatar i Høgre. Trass i KrF sin relativt seine innføring av kvotering hadde verken FrP eller Høgre kvotering, difor ville ein kunne vente seg større stønad der. KrF hadde dessutan solid stønad frå delegatane, men ikkje frå medlemmane, noko som kunne skuldast at delegatane i større grad følgde partilinja. Mennene i KrF var dessutan mest lunkne til kvotering og dette kom tydlegast fram på landsmøtet.

## Hovudfunn for kvinnene i partiorganisasjonen

No skal eg oppsummere kapitlet gjennom å syne korleis høva var for kvinnene i FrP og i kva grad dei var lik kvinnene i Høgre og KrF. Toppåra for kvinnerata i organisasjonen var i 2001 for medlemmane og sentralstyret, og i 2009 for delegatane til landsmøtet. Då var 27 prosent av medlemmane, 36,4 prosent av sentralstyret og 28,9 prosent av landsmøtet kvinner. Mennene var mest aktive av FrP sine landsmøtedelegatar. Liknande høve hadde ein òg i Høgre. Kvinnene kontakta meir sine representantar i offentlege verv for å få synspunkt på ei sak eller få tatt opp ei sak. Politisk deltaking var prega av minimale kjønnsskilnadar, men det

<sup>52</sup> N varierar på medlemsnivå mellom 60 og 169 for kvinner og menn i partia, og på delegatnivå mellom 28 for kvinner og 113 for menn i partia.

<sup>53</sup> Prosentdifferanse er skilnadane i prosentrata mellom kjønna. Positivt forteikn tydar at flest kvinner delte aktiviteten, negativt forteikn tydde at flest menn delte aktiviteten.

<sup>54</sup> Spørsmål: ”Flere parti har tatt i bruk kvotering for å få en jevnere fordeling mellom kjønnene i partienes organer. Er du selv en tilhenger av en eller annen form for kjønnskvotering til partipolitiske verv eller er du *imot* selve prinsippet?”

var noko større skilnadar hjå FrP og Høgre. Dei kvinnelege delegatane i KrF såg i større grad på seg sjølv som passive støttespelarar, medan menn i alle parti har politikk som motivasjonsfaktor for partimedlemskap. Menn i FrP og KrF ynskte i større grad å godta kjønnsskilnadar.

I FrP var det kjønnsskilnadar med omsyn til bakgrunnen til hovudforsørgjar. Kvinnene hadde i større grad bakgrunn frå "Sjølvstendig næringsdrivande", medan mennene hadde bakgrunn frå "Arbeidar eller handverkar" eller "Jordbruk eller fiske". Dette var eit mønster som skilte seg særleg frå KrF, medan Høgre og FrP hadde lik kjønnsdifferanse for "Sjølvstendig næringsdrivande" og er kjønnsnøytral for "Funksjonæryrke". Innafor utdanningsnivå var det berre minimale kjønnsskilnadar, men det var nokre skilnadar mellom partia. Relativt fleire delegat- og medlemskvinner i FrP hadde berre grunnskule, medan det var dei mannlege delegatane og dei kvinnelege medlemmane i KrF som dominerte denne kategorien. I KrF var det òg ei slik omvendt kjønnsfordeling frå medlemmar til delegatar på universitetsnivå, der ein hadde relativt fleire mannlege medlemmar og kvinnelege delegatar innafor denne utdanningskategorien. FrP hadde den lågaste kvinnerata på universitetsnivået. Det var signifikante kjønnsskilnadar hjå medlemane og delegatane kring offentleg tilsetjing, men ikkje hjå FrP sine delegatar. Det var relativt færre kvinner i FrP som var tilsett i offentleg sektor enn i både Høgre og KrF, men på medlemsnivå er avstanden til Høgre berre minimal. FrP sine kvinnelege medlemmar var i større grad enn delegatane plassert med låg inntekt. Det var ingen kjønnsskilnadar på middelinntektsnivået i FrP, men kvinnerata var lik den til Høgre. Delegatmennene i Høgre hadde i relativt større grad høgare inntekt, men hadde lik kjønnsdifferanse som FrP.

Kvinner og menn hjå FrP sine medlemmar delar haldingar i feire spørsmål enn i dei to andre partia. FrP-kvinnene ynskte meir likestilling mellom kjønna og mennene vil godta lønsskilnadar. KrF har tydelege kjønnsskilnadar i fire spørsmål og Høgre i fem spørsmål. Tydeleg differanse tydde ei prosentdifferanse avrunda til ti eller høgare. Kvinnene i Høgre som i FrP ynskte meir likestilling. Menn i KrF som i FrP godtek lønsskilnadar. Hjå delegatane er FrP-kvinnene særskilt opptekne av å førebyggje kriminalitet, medan mennene var relativt meir opptekne av miljøvern. I Høgre og KrF er det kvinnene som var relativt meir opptekne av miljøvern. Kvinnene i KrF som i FrP hadde trua på førebyggande arbeid. Hjå delegatane var det KrF som hadde kjønnsdifferansar over flest spørsmål med fem stykk, tett etterfølgt av Høgre sine fire.

# Kapittel 9 : Kvinnepolitikken i FrP

*Dokumentanalyse av partiprogram, 1985-2005*

I dette kapitlet ser eg på FrP sine partiprogram i perioden fra 1985 til 2009. Kvinneinteresser kunne kome til syne gjennom lovgjevande produkt som inkluderte røystehistorie, sakshaldningar og politikkprioriteringar (Wängnerud 2009:61-2). Partiprogrammet syner FrP sine politiske prioriteringar av interesser og vil dermed eigne seg til analyse kring partiet sin kvinnepolitikk. For å analysere kvinnepolitikken nyttar ein saksfelt frå subjektiv (kapittel 7) og teoretisk operasjonalisering (kapittel 4) på partiprogrammet. Partiprogrammet består av eit prinsipp og eit valprogram. I tillegg til partiprogramma (1985-2005) nyttar eg "Framskritt" til å diskutere eventuell usemje og diskusjonar innafor partiet. I analysen ser eg etter utviklinga i dei kvinnopolitiske saksfelta som eg diskuterar i underkapittel kring operasjonaliseringa av kvinneinteressene: "Likestilling", "Familien", "Pass og stell", "Lønsarbeid", "Trygd" og "Helse og immigrasjon." Desse underkapitla tek for seg saksfelt som fell innafor den teoretiske definisjonen og FrP-veljarane si subjektive definering. Den teoretiske definisjonen er inndelt i politisk og økonomisk verkemiddel. Kvinnepolitikk basert på politiske verkemiddel har gjeve avsnitt kring likestilling av kjønna, organisering av familien, barnepass, eldreomsorg, deltaking i lønsarbeidet og opplæring til lønsarbeid. Økonomisk verkemiddel er ulike offentlege stønader i form av avsnitt kring studiefinansiering, kontantstønad og trygd. I underkapitlet likestilling tek eg mellom anna for meg partiet sitt syn på kvotering. Det finst òg andre former enn kvotering for å aktivt fremje grupper sin representasjon innafor politiske verkemiddel, til dømes reserverte seter eller stønad til kvinnelege kandidatar, men desse vert ikkje nemnt i partiprogramma til FrP. Familien, eldre og det som går på utdanning fell innafor både teoretisk og subjektiv definering gjennom at FrP er både opptekne av kvaliteten i skulen samsundes som partiet og den teoriske operasjonaliseringa er opptekne av skulestart, lengda på skuledagen og SFO. FrP-veljarane har åleine definert helse (saksfelta "helsevesenet" og "helse og sosial, rest" frå valundersøkingane), og immigrasjon som kvinnepolitikk. Søkeorda som vart valt ut til tabellane er basert på saksfelta som vart definert, men eg assosiert meg ut indikatorar og synonym til desse for å kunne skildre kvinnepolitikken. Tabellen er dermed truleg ikkje komplett, men eg meinat at desse orda syner eit bilet av kvinnepolitikken.

## Partiprogrammet i FrP

Valprogrammet, som saman med prinsipprogrammet utgjer partiprogrammet, har ofte vore det einaste representative, offisielle og nedskrive dokumentet for partipolitikken. Likevel er ikkje partia sine valprogram folkelesing i den forstand at veljaren set seg ned og les programmet før vitjing til valurna. Valprogramma fortel kva partiet ynskte utført i komande periode dersom dei fekk politisk makt, medan prinsipprogramma skildrar partia sine langtidsmålretta ålmenne verdiar (Heidar et al. 2002:109). Partiprogramma har likevel ein nokså klar innverknad på veljarane si oppfatting av politikken til dei ulike partia, sidan programma vert brukt som utgangspunktet for kommentarar og debattar i massemedia. I utspørjingsprogramma på tv før vala har det òg vore vanleg at partileiarane har måtte svare for det som sto i programmet (Bilstad 1994:22). Politikarane har tatt i bruk partiprogrammet som hjelp til å forme sine standpunkt, men politikken var ikkje låst og den dagsaktuelle politikken måtte dermed utformast utifrå den situasjonen som til ei kvar tid utspelte seg. Ein vil dermed kunne oppleve manglende samsvar mellom utsegner i ulike debattar i Storting eller på TV og det som står i programmet.

Partiprogrammet er eit grundig førebudd dokument som har vorte handsama i partiorganisasjonen for deretter å verte vedteke på landsmøta og sjølve prosessen byrja lenge før landsmøtet (Bilstad 1994, Heidar et al. 2002:214-6). Ein programkomité har ansvaret for å utforme utkastet. I dette arbeider byggjer komiteen på innspel innafrå partiet, men òg organisasjoner og einskildpersonar utanfor partiet har fått medverka. Utkastet sendast ut på høyring i partiorganisasjonen før den endelige og reviderte innstillinga vart presentert. Landsstyret, sentralstyret eller programkomiteen legg fram innstillinga på landsmøtet som deretter vert grunnlaget for landsmøtet si programbehandling. FrP har hatt relativt få landsmøtevedtak sidan partiet held langt færre voteringar enn andre parti. Dette kjem av at mange avgjersler vert kanalisiert gjennom landsstyret i staden for til landsmøtet, berre saker som landsstyret ikkje vart einige om sendast vidare til landsmøtet. Landsmøtedeltakarane står fritt til å føreslå endringar, men dette har ikkje vore vanleg praksis i FrP.

Programma har auka i omfang etter andre verdskrig frå ti sider til omfangsrike dokument på over åtti sider hjå alle dei norske partia. Tradisjonelt har det likevel vore dei store og ressurssterke partia som har forfatta dei største dokumenta (Bilstad 1994:23).

Partiprogrammet saman med partileiinga set dagsorden og den politiske kurseren (Heidar et al. 2002:202). Dette gjeld sjølv om programmet ikkje kan verte eller vert gjennomført.

**Tabell 9.1: Oversikt<sup>55</sup> over partiprogrammet til FrP med sidetal og ordteljing.**

PROGRAM	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Prinsipp-program</b>					4 sider <i>1210 ord</i>		14 sider <i>5589 ord</i>
<b>Val-program</b>					86 sider <i>37528 ord</i>		76 sider <i>32516 ord</i>
<b>Partiprogram:</b> Prinsipp med valprogram	42 sider <i>14950 ord</i>	49 sider <i>17127 ord</i>	65 sider <i>23997 ord</i>	81 sider <i>29614 ord</i>		107 sider <i>44219 ord</i>	

I tabellen ser ein at òg FrP sitt partiprogram har vekst seg større og større frå eit omfang på 1495 ord fordelt på 42 sider i 1985 til 44213 ord og 107 sider i 2005. Den store omlegginga i 2009 både endra strukturen i programmet og kutta ned med 21 sider.

Oppsettmessig har partiprogramma til FrP vore svært like frå år til år når det gjeld hovudkapitla (Skjørestad 2008), framtil ei omfattande endring av strukturen og utforming for 2009-programmet. Unntaket var ”Familie og barn” som vart eige kapittel frå og med 1993. Derimot vart understrukturen i kapitla endra hyppig ved at nye kom til, andre forsvann og underkapittel vart flytta innafør kapitlet eller til andre hovudkapittel. Dei klaraste kjernesakene i FrP sin politikk har vore kriminalitet, innvandrings- og flyktningpolitikk, u-hjelp og etter kvart eldreomsorg (Skjørestad 2008:54). Innhaldet i politikken har òg endra seg noko. Dette merka ein særleg ved at FrP gjekk i velferdsvenleg retning i 1997, frå reint skatte- og avgiftsfokus til òg vektlegging av eldreomsorg og helsepolitikk (Bjørklund 2003:139).

## Likestilling mellom kjønna i partiprogrammet

Når eg no tek til på diskusjonen kring kvinnepolitikken i FrP byrjar eg med likestillingspolitikken ved å sjå etter kvinnene sine rettar, likskap, sjanse, deltaking og ”affirmative action”. Dersom partiet var oppteken av desse problemstillingane ville ein kunne vente seg at dei ville handle, gjennom lovverk eller annan oppmuntring, for å betre kvinnene

<sup>55</sup> Partiet delte partiprogramma sine i to separate dokument som prinsipp og valprogram i 2001 og 2009, medan vart presentert samla som partiprogram til alle dei andre Stortingsvala. Difor opplever ein tomme tabellruter.

si deltaking i politikk og lønsarbeid. Problemstillingane kring likestilling vert prioritert av partiet sidan feltet vert diskutert allereie i valprogrammet sitt første kapittel. Saksfeltet gjekk frå å vere plassert mot slutten av kapitlet til å vere plassert i midten samsundes som det var i fyrste halvdel av prinsipprogrammet i 2009. Ein Fremskritt-debattant karakteriserte i 1989 partiet som eit "guteparti", men at kvinnene vil vere viktig for veksten i partiet og då må ein endre omdømet sitt og bruke ein språkbruk som passar kvinne (Jørgensen 1989). Likestilling er likevel inga prioritert sak hjå veljarane, noko ein ser ved at berre ein einkelt FrP-veljar har definert likestilling mellom kjønn som viktigaste sak for Stortingsvalrøystinga si og det var ved valet i 1985 (SSB 1986).

Likestilling var eige avsnitt i eit fyrste kapittel i FrP sine valprogram som stort sett har hatt namnet "En demokratisk rettsstat" (FrP 1985:7), plassert nest sist før avsnitt om "Kirken og staten". I 2005 var kapitlet likestilling til dette valet òg plassert før eit nytt avsnitt kring "Friviljige organisasjoner" (FrP 2005:10). I 2009 var likestilling i prinsipprogrammet, samsundes som det var midt i fyrste kapittel "Demokrati" etter avsnitt om valordninga og folkerøystingar, og før tre avsnitt kring regionalisering (FrP 2009c:6,7). Relevante utsegn fanst i tredje kapittel "Markedsøkonomi for fritt næringsliv og velstand" med avsnitt "Næringsfrihet" i 1997 og "Løyver og konsesjoner" i 2001, og i kap "Trygghet for liv og eiendom" og avsnitt "Politi og påtalemyndighet" i 1997.

**Tabell 9.2: Likestilling, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.**

SØKEORD	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
Kvinne	5	6	2	12	1	1	3
Likestilling	3	3	3	3	4	5	7
Likeverd	0	1	5	1	2	12	3
Mulighet	12	14	40	45	73	84	60
Like muligheter	0	0	0	0	1	0	1
Likhet	2	1	4	4	5	5	2
Rettighet	12	15	29	32	38	52	41
Deltagelse	0	0	6	0	2	2	2
Delta	5	4	16	11	17	26	18
Likebehandling	1	1	0	0	2	4	8
Kvotering	0	1	2	3	3	3	4
<i>Sum</i>	40	46	107	111	148	194	149
<i>Sum, %</i>	0,27	0,27	0,47	0,38	0,39	0,44	0,46

Tabellen fortel at partiprogrammet for 1993 og 2009 utmerkar seg med å ha høgare tal på treff òg med prosent summen, medan kvinne skil seg ut med å ha toppen sin i 1997. "Likeverd", "Mulighet", "Rettighet" og "Delta" har toppår i 2005. Ein kan sjå at "Likebehandling" fekk eit

omfang i 2001 og har dobla sine treff ved kvart val til 2009. Det kan sjå ut som at partiet gjekk frå eit mulighetsfokus til rettskapsfokus i eit vendepunkt i forkant av valet i 1993, noko ein kan sjå i treffa til sökeorda "mulighet" og "rettighet".

FrP støttar ikkje og har heller aldri støtta noko form for kvotering eller annan "affirmative-action" i partiprogrammet sitt, noko ein får stadfesta gjennom sitatet: "Fra det offentliges side skulle det ikke forekomme noen form for kjønnskvotering" (FrP 1985:7). Likevel var det tydelege kjønnsskilnadar<sup>56</sup> innafor FrP sine medlemmar og landsmøtedelegatar med omsyn til om dei var tilhengrar av prinsippet (Heidar et al. 2002:260). Partiet skulle dessutan ha fokus på likestilling i forsvaret fram til 2005 sidan dei ynskte å innføre verneplikt for begge kjønn. Liv Leirstein synar at det var ein debatt innafor partiet kring verneplikt for kvinner gjennom at ho ikkje ville ha kvinneleg verneplikt programfesta sidan kvinnene gjorde innsats for samfunnet gjennom fødslar (Fremskritt 1985). Partiet sitt våpen mot kjønnsdiskriminering var konkurranse i marknaden (FrP 1985:11). Dette er eit vanleg synspunkt henta frå eller inspirert frå ny-klassisk økonomisk teori (Frank 2006). Partiet gjorde det òg tydeleg at partiet ynskte eit kjønnsnøytralt lovverk gjennom å leggje vekt på likeverd og (val)fridom (FrP 1985:1-4). Dette skjedde gjennom at FrP fokuserte på rettane til individet gjennom borgaren og dei fire fridomane liv, eigedom, demokrati og val. Tolv år seinare presiserte partiet at dette òg skal gjelde for dommarar og i utdanningssystemet (FrP 1997:35, 60). Kjønnsnøytraliteten tryggjast gjennom ektefelledelt skattlegging som tydar at inntektene til begge vart slått saman og fordelt på begge ektefellane for å sidestille uløna og løna arbeid gjennom subsidie-, skatte- og trygdelovgjevnad (FrP 1985:7). Dette synspunktet har partiet hatt gjennom heile perioden 1985-2009, men verkemidla eg nettopp ramsa opp var vekke til neste program. Fri konkurranser har innimellom ikkje hatt full tillit i partiet som då ein FrP-ar i 1989 meinte at det er menn sitt ansvar å velje inn kvinner i partiorganisasjonen sidan det er menn som sit der (Bay-Johansen 1989). Innan valet i 1993 fatta partiet vedtak om at dei ynskte å auke kvinnerata hjå veljarane og i organisasjonen og dette skulle hjelpast fram gjennom ei intern kampanje for å gjere kvinnene kvalifiserte, saman med oppmuntring av valkomiteen og nominasjonsmøta for å fremme ei betre kjønnsmessig fordeling og eit kvinneutval (Børresen 1993). Det var i samanheng med valet i 1997, og når kvinnedebatten var tilnærma vekke i

---

<sup>56</sup> Tihengar av kvoteringsprinsippet: 33 prosent av dei kvinnelege medlemmane, med ein kjønnsdifferanse på 19 prosentpoeng. 7 prosent av dei kvinnelege delegatane, med ein kjønnsdifferanse på 6. Funnet er sterkare hos medlemmane som har ein sterk statistisk signifikans, men delegatane har òg kjønnsskilnadar på 0,6 prosent signifikans som er under ti prosentnivået som er eit relativt normalt val for signifikansnivånivå.

Fremskritt, at retten til å velje vart presisert og tydeleggjort innafor alle dei politiske felta. Dette vert nærmare diskutert under dette kapitlets sitt "Pass og Stell".

Individfokuset vi vart presentert for i byrjinga av dette avsnittet vert ytterlegare presisert i 1997 gjennom at "einkeltmennesket er den største ressursen i samfunnsutviklingen" (FrP 1997:1). Med det nye avsnittet "Toleranse" frå 2001 var kvindefokuset knytt til omgrep som åferd, likeverd og mangfold. Her presiserte partiet at alle menneske skulle ha like rettar som ikkje skulle vere knytt til gruppetilhøyre. Innafor dette vart kvotering sett på som diskriminering sidan det for dei tydde ulik handsaming av kvinnene. Det vart likevel presisert at ein måtte respektere skilnadar mellom einskiltmenneske etter gruppetilhøyre (kultur, haldningar og livsførsel) (FrP 2001:1), slik som at menn og kvinner er ulike. Partiet ynskte òg i ein valperiode å fjerne marknadsføringslova si avgjersle kring kjønnsdiskriminering (FrP 2001:18). Alt dette var truleg grunna i at "Framskrittspartiet vil ikke akseptere diskriminering med bakgrunn i kjønn, religion eller etnisk tilhørighet" (FrP 1997:1, FrP 2009c:7).

## **Hovudfunna for likestilling mellom kjønna i partiprogrammet**

Noko av det viktigaste funnet var vernepliktdiskusjon om kvinner si deltaking i fyrstegangstenesta som gjekk føre seg mellom 1985 og 2005. Det var og ein viktig erkjenning at partiet i 1989 oppfatta seg sjølv som å ha eit kvinneunderskot. Kvinnedebatten stilna i 1997 og vart erstatta med individ og diskriminering. Skilnadar, toleranse og likebehandling kom på bana særskilt frå 2001. Dette søkeordet 'kvinne' si treffrate kan tyde på at det var eit vendepunkt i partiet då med omsyn til kjønn og likeverd overtek for likestilling. Partiet var dermed ikkje for likestilling sidan dei òg meinte at kvinner og menn var ulike og ynskte å ivareta skilnadane. Politikken til FrP fremjar ikkje kvinnene si deltaking i lønsarbeidet.

## **Familien i partiprogrammet**

Dette delkapitlet tek for seg organisering av familien og er knytt til omgrepa barneomsorg og fødselspermisjon frå den teoretiske definisjonen på kvinnepolitikk. Saksfeltet "Barn og familie" vart òg definert av FrP-veljarane som kvinneinteresse i 1993 og 2001. Frigjering av kvinna med omsyn til barneomsorg og fødselspermisjon vil kunne vere både lengda på

permisjonen og løna kompensasjon av frigjeringa kopla til fordelinga av permisjonen mellom mor og far, òg med omsyn til elles barneomsorg. Ved å sjå på korleis FrP ynskte at familiane burde organiserast får ein kjennskap til kor avhengig kvenna vert av familien dersom partiet sin politikk skulle få gjennomslag. Desse saksfelta vert prioritert av partiet etter 1993 gjennom plassbruk, men er plassert lengre bak i programmet i 2009 enn i 1993.

Frå 1985 til 1993 gjekk politikken på saker innafor familie og barn under kapittel "Helsevesen og sosial sikkerhet". I 1985 var "Familiepolitikk" fyrste avsnitt i dette kapitlet medan "Barn og ungdom" kom fire sider seinare i valprogrammet. "Barn" vart flytta fram til like etter "Familie"-avsnittet i 1989. Saksfeltet får sitt eige kapittel "Familie og barn" i 1993 åtskilt frå og plassert framfor "Helse og sosial sikkerhet".

**Tabell 9.3: Familien, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.**

SØKEORD	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Barn</b>	34	24	63	88	88	121	85
<b>Familie</b>	23	13	36	52	52	58	35
<b>Foreldre</b>	8	13	40	49	55	77	25
<b>Omsorg</b>	5	9	26	42	58	62	66
<b>Barneomsorg</b>	0	0	0	0	0	0	2
<b>Svangerskap</b>	0	1	1	1	1	1	0
<b>Fødsel</b>	0	0	0	1	2	2	2
<b>Sum</b>	70	60	166	233	256	321	215
<b>Sum, %</b>	0,47	0,35	0,69	0,79	0,68	0,73	0,66

I tabellen ser ein at søkeorda barn og familie tok den relativt største delen av partiprogrammet i 1997 og att ein liten topp i 2005, men vendepunktet kom til valet i 1993. Omsorg derimot har gradvis auka etter 1993 og tok opp størst plass i 2009.

Familien har vore det grunnleggjande i partiet saman med privat eideomsrett. Dette får ein presentert gjennom andre punkt "Samfunnssyn" i prinsipprogrammet for 1985. Familien vart av partiet særskilt veklagt som viktig for barna sin oppvekst og framtid synt i sitatet: "Den einkelte familie må selv ta hånd om sine helsemessige og sosiale problem" (FrP 1985:32). Kva innhaldet i denne omsorga gjekk ut på har endra seg noko over tid. I 1989 fortalte partiprogrammet at barneoppsedinga var foreldra sitt ansvar både moralisk og økonomisk sett (FrP 1989:30). Partiet omformulerte seg til at det var foreldres rett og plikt til å oppsede sine barn (FrP 2001:42), før det enda på å likestille desse rettane og pliktene (FrP 2009c:42) - òg ved samlivsbrot (FrP 2009c:7).

Familien vart definert som ”personer som bor i samme husholdning, og båndene til de øvrige husholdningsmedlemmene er enten ekteskap eller et foreldre-barn forhold” (FrP 1997:46). Dette var den siste presiseringa av vektlegginga av verdien av det tradisjonelle ekteskapet som har kome til syne i dei ulike partiprogramma med at det forpliktande ekteskap var meir attraktivt (FrP 1989:27). Dei har òg påpeika at familien var det beste døme på at oppgåver i samfunnet kunne løysast frivillig (FrP 1993:31).

No skal eg seie litt om menneska utanfor dette tradisjonelle omgrepene. Dei som er mest utanfor familieomgrepet - dei ugifte, skilte og separerte - vart i 1997 samla til omgrepene einsleg (FrP 1997:57). I 2001 presiserte partiet at det ikkje var ynskt med ytterlegare lovregulering av sambuarforma som òg bryt med ekteskapsnorma (FrP 2001:42). Fyrst i 2005 vart sambuarskap inkludert i familieomgrepet til FrP (FrP 2005:64-5). Allereie i 1989 var det røyster innafor partiet, politisk nestformann med fleire, som ynskte å inkludere sambuarane og leverte inn alternativ formulering til programutkastet på landsmøtet (Fåne 1989). Det vart òg tatt sterkt avstand frå tvangsekteskap på grunn av frivilligprinsippet i familieomgrepet. Partiet ville heller ikkje la homofile få høve til å adoptere barn grunna i at familien som var til det beste for barna besto av kvinne, mann og barn. Tvangsekteskap-fokuset utvikla seg til at partiet i 2005 ynskte å arbeide mot tvangsekteskap. Dette vart grunngjeve i at familien heile vegen har skulle vore basert på fridom. Sjølv om familien var viktig vil ikkje FrP påstå at dette var ein ”menneskerett” å få barn, men ein skulle ha reell sjanse til å velje mellom adopsjon eller assistert befrukting (FrP 2009c:65). Røyster i partiet hadde ynskt at det offentlege skulle ta rekninga ved kunstig befrukting sidan desse meinar at det er ein menneskerett å få barn (Nielsen 2001). Samsundes presiserte dei at denne teknologien berre skulle vere eit tilbod innafor den tradisjonelle familien gjennom å ekskludere lesbiske. Partiet presiserte at lesbiske ikkje skulle kunne få kunstig befrukting samsundes som dei ynskte den nye ekteskapslova revurdert.

Når eg no går over til å diskutere fødselspermisjonen ser ein at partiet fokuserar på valfridom og finansiering gjennom Statsbudsjettet. Partiet presiserte at oppteninga av fødselspermisjonen skulle vere basert på foreldra si samla inntekt, samsundes som partiet ynskte at dagens ordning med fødselspermisjon skulle vidareførast, men korleis dette skulle organiserast skulle vere valfritt i familiane: ”Hvem av foreldrene som skal være hjemme med barnet, avgjøres av foreldrene” (FrP 2009c:42). Fyrste gang partiet nemnte permisjon i

samanheng med fødsel var i 1989 under kapitlet "Helsevesen og sosial sikkerhet" og avsnitt "Folketrygden". Der fortel partiet at svangerskapspermisjonen skulle overførast til statsbudsjettet (FrP 1989:30). I 1997 endra partiet omgrepene barselspengar og omgrepene til eingangsstønad ved fødsel. Kapitlet "Familie og barn" og avsnitt "Barnetrygd og barnehager" presiserte i 2001 at "All offentlig støtte til barnefamiliene, herunder kontantstøtte, barnehagesubsidier og fødselspengar, skulle samles i én ytelse, nemlig en sterkt øket barnetrygd" (FrP 2001:47). I 2005 har eingangsstønad vorte utvida til å ta for seg svangerskapspermisjon, fødselspengar og adopsjonspengar (FrP 2005:79).

## **Hovudfunna for familien i partiprogrammet**

Hovudfunnet i partiprogrammet er at saksfeltet får sitt eige kapittel "Familie og barn" i 1993, ørkeorda "barn" og "familie" følgjer same trenden, auke til neste program og utan endringar før toppåret 2005. I rate av partiprogrammet er 1997 toppåret.

I familiepolitikken fokuserte partiet på familien si rolle i oppseding og omsorg av barn gjennom først ansvar før ein gjekk over til foreldra sin rett og plikt. I 2009 vart denne plikta og retten likestilt mellom begge foreldra. Familien var mor, far og barn som er juridisk samanbunde og som sjølv skulle ha ansvar for eigen økonomi. Det økonomiske ansvaret ville i seg sjølv føre til at ein måtte vere heime, og i vår kultur vil dette verte kvinne. Fyrst 2005 vart sambuarskap inkludert i familieomgrepet til FrP og svangerskapspengar som del av kontantstønaden. Permisjon i samanheng med fødsel kom med i programmet i 1989. Ytinga skulle ikkje vere kopla til lønsarbeidet sidan det skal overførast til statsbudsjettet. Dette på eit vis sjølvfinansierte familiesynet saman med stønadar som ikkje er kopla til lønsarbeid vil gjere kvinne meir avhengig av familien.

## **Pass og pleie i partiprogrammet**

FrP kopla sjølv barnepass til subsidiar av uløna arbeid. Barnepass er både barnehage, skule og skulefritidsordningar sidan alle desse frigjer tid, sidan barn særlig under tolv år ikkje kan vere heime åleine, noko ein òg ser att i retten til å vere heime med sjuke barn (NAV 2010). Dermed vil tilgang på institusjonar, nærleik, opningstider, pris og skulestartsalder vere døme på faktorar som vil påverke kvinne si deltaking i lønsarbeidet. Barnehage vert diskutert opp i

mot kontantstønad. Eldre er òg kopla til kvinnene si frigjering gjennom denne gruppa på liknande vis som for barn. Dette kjem av at kvenna tradisjonelt òg utøvar omsorg, pleie og pass til eldre. Om partiet hadde ynskt kvinneleg frigjering gjennom deltaking i lønsarbeidet ville det ha fremja institusjonalisert barnepass og eldreomsorg både i å byggje ut tilbod og ikkje subsidiere uløna arbeid. Dette for å frigjere tid for kvinneleg deltaking utanfor heimen. Lågt nivå i subsidiar til pass av barn, sjuke eller eldre vil òg opne opp for kvinner i lønsarbeid. "Barnehagar" vart definert av FrP-veljarane som kvinneinteresse i 2005, utdanning i 2001 og 2005, eldre 1985, 1989, 1993, 1997, 2001 i 2005.

Kapittelet som tok opp dette saksfeltet var i prinsippa i 1985 under "Sosialt ansvar" og 1989 under "Maktabalanse". Underkapitla som tok for seg desse tema var "Helseinstitusjoner" i valprogrammet med kapittel "Helsevesen og sosial sikkerhet" med avsnittet "Familiepolitikk" som frå 1989 vart delt i "Familie" og "Barn" med aktuelle avsnitt som "Økonomisk fundament" og "Barnetrygd" i 1985 og "Økonomisk fundament" i 1993. "Eldreomsorg" var eit avsnitt under "Helsevesen og sosial sikkerhet" frå 1989. Barnetrygd og kontantstønad fekk eiga overskrift under avsnittet "Økonomiske fundament" i 1997. Omsorgsløn vart diskutert under avsnittet "Funksjonshemmede" i kapittel om "Helsevesen og sosial sikkerhet" i 1997-programmet. I 2001 vart avsnittet "Barnetrygd" til "Barnetrygd og barnehager". Omsorgsløn vert diskutert i avsnittet "Psykisk utviklingshemmede" i kapittel "Helsevesen og sosial sikkerhet" og under "Eldreomsorg" i 2005. "Stykkpris" tok føre seg både eldre, barn og sjuke. "En skole for fremtiden" var frå 2005 "Utdanning". Dette kan tyde på ei nedprioritering av felta sidan det gjekk frå å vere kapittel til avsnitt samsundes som diskusjonen gjekk føre seg lengre bak i programmet. Partiet utførte større endringar samsundes som dei brukte meir plass på "Eldreomsorg" i programmet for 2005-2009. I 2009 vart "Eldre" supplert med "Seniorer". Nytt kapittel i 2001 "Valgfrihet for foreldre og likebehandling av barn, helse og omsorg" (FrP 2009c:41).

**Tabell 9.4: Pass og pleie, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.**

TREFF	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Barnehage</b>	2	8	0	10	10	9	10
<b>Barnepass</b>	0	0	3	3	2	2	0
<b>Driftstilstkudd</b>	2	2	0	3	3	1	0
<b>Hjemmeværende</b>	0	1	1	2	2	2	0
<b>Hjemme</b>	8	6	11	22	20	23	20
<b>Grunnskole</b>	12	8	6	5	9	27	9
<b>Skoledag</b>	0	1	3	1	0	4	4
<b>SFO</b>	0	0	1	0	0	2	1
<b>Eldreomsorg</b>	1	0	5	9	13	6	14
<b>Eldre</b>	12	20	61	75	90	105	61
<b>Senior</b>	0	0	0	0	0	2	5
<b>Aldershjem</b>	3	1	0	0	0	0	2
<b>Hjemmehjelp</b>	2	1	1	2	2	2	2
<b>Institusjon</b>	15	23	43	51	55	62	40
<b>Egenbetaling</b>	2	2	1	0	0	0	0
<b>Kontantstøtte</b>	0	0	0	2	2	1	4
<b>Støtte /stønad</b>	49	64	71	74	74	61	39
<b>Overføring</b>	14	15	12	12	11	13	14
<b>Barnetrygd</b>	4	1	4	7	4	3	0
<b>Familieøkonomi</b>	0	0	0	0	1	1	1
<b>Omsorgslønn</b>	0	0	0	2	2	2	2
<b>Sum</b>	<b>126</b>	<b>153</b>	<b>223</b>	<b>278</b>	<b>298</b>	<b>328</b>	<b>228</b>
<b>Sum, %</b>	<b>0,84</b>	<b>0,89</b>	<b>0,93</b>	<b>0,94</b>	<b>0,79</b>	<b>0,74</b>	<b>0,70</b>

Tabellen syner eit vendepunkt i 1993 gjennom at søkeorda gjer eit hopp med omsyn til treff. Ein ser òg at 1997 er eit viktig år for desse saksfelta sidan dette er toppåret for fleire av søkeorda. Partiet er òg særskilt opptekne av heimen. Med omsyn til "Barnehage" utmerkar det seg med å ha låg rate i 1985 og ingen treff i 1993. "Barnepass" gjorde eit hopp i 1993, og vart vekke i 2009. "Hjemme" dobla seg i 1997 og haldt nivået deretter. Grunnskulen var i fokus i 2005 gjennom alle søkeorda knytt til seg som "Grunnskole", "Skoledag" og "SFO". I tabellen ser ein at desse søkeorda fekk ein oppsving med 1993-programmet og hadde eit toppår i 2005". "Eldreomsorg" gjorde eit hopp i 1997 og hadde eit dårleg år i 2005 før toppår i 2009. "Senior" dukkar opp i 2005. Det var mykje snakk om eigenbetaling til og med i programmet for 1993. "Aldershjem" er tilbake i 2009 etter å ha vore vekke sidan 1993. "Institusjon" utmerkar seg i 2005. Tabellen syner at frå 1993 til 2001 fekk "Støtte/stønad" og "Overføring" mykje merksemrd i programmet. "Kontantstøtte" og "Omsorgsløn" kom på bana i 1997. "Barnetrygd" hadde toppen i 1997. Overføring har fleire treff i 2009 enn i 2005 tilbake på 1980-talsnivå. "Familieøkonomi" og "Omsorgsløn" har like mange treff i 2009 som i 2005-programmet.

Partiet har vore lite opptatt av offentleg institusjonalisering sidan dei vektlegg familieansvaret for barneomsorg. FrP meinte at foreldra i utgangspunktet sjølv burde ta seg av sine barn og ville stogge utviklinga. Partiet åtvvara særskilt mot ei utvikling der samfunnet i større grad overtok familien sine oppgåver mellom 1985 og 1993, noko ein får innblikk i gjennom sitatet: "**Fremskrittspartiet vil stanse utviklingen i retning av at offentlig ansatt personell overtar familiens naturlige sosiale funksjoner f.eks. når det gjelder pass av barn, oppdragelse av ungdom og pleie av eldre og syke**" (FrP 1985:11). Omgrepene pleie i sitatet vart til pleie og omorg i 1997 (FrP 1997:8). Sjuke vert skildra under "Helse" seinare i oppgåva. Partiet fremja sitt ynskje om å verne familien si tradisjonelle rolle og såg på den måten negativt på kvinnene si auka deltaking i utdanning og yrkesliv (FrP 1993:34-6). Det å vere heime med barn hadde vorte eit verdival gjennom valfridom. Samsundes gjekk partiet noko vekk frå det naturlege i at familien tek seg av sine barn og over til at det var mogleg å velje noko anna. Partiet uroa seg over at institusjonar i stor grad hadde overteke familien sitt tradisjonelle arbeid og meinte at dette hadde svekka familien (FrP 1997:51). Partiet ville særskilt åtvare mot at staten overtok oppsedarfunksjonen. Staten, som uttrykk for kven som overtok familien sitt arbeid, vart utvida med andre offentlege organisasjonar i 2001 og skulen i 2005 (FrP 2001:41, FrP 2005:64). Trass i dette presiserte partiet at "danninga" til barna var eit samarbeid mellom heimen og skulen (FrP 2005:83). Problema i skulen meinte partiet var grunna i ein feilslått familiepolitikk frå styresmaktene, som hadde resultert i problem med å halde disiplin og lære elevane folkeskikk (FrP 1997:60). I 2005 ynskte partiet å overføre oppsedinga til skulen gjennom å gjeninnføre "høflighet, dannelsje, folkeskikk, og disiplin" (FrP 2005:64). I 2009 kom partiet med føreslårte verkemeiddel i form av karakterar i orden og åtferd frå tredjeklasse (FrP 2009c:61).

Det har vore ein diskusjon kring omfanget til grunnskulen. I det fyrste programmet ynskte partiet at det ikkje skulle vere opplæringsplikt frå sjuande klasse og valfri åttande og niande klasse (1985:29). Partiet ynskte til valet i 1989 lengre skuledagar, medan dette allereie ved neste val vart satt opp mot det som var vanleg i andre europeiske land med skulestart for den gjennomsnittlege seksåring om foreldra ynskte det (FrP 1989:38, FrP 1993:46). I 1997 nemnte ikkje partiet lengda på skuledagen i partiprogramma, men ynskte å tilby stønad til leksehjelp på ettermiddagane for elevar med behov (FrP 1997:58). Kommunalråd Nielsen fra FrP meinar at det er feil å kategorisk avvise heildagsskulen (Nicolaisen 2001). I 2005 ynskte partiet ei utviding av skuledagen, men presiserte at dette ikkje skulle vere ein "heldagsskole" fordi ein ikkje ynskte å institusjonalisere fritida til barna (FrP 2005:88). Skulemåltid vart

samsundes nemnt for fyrste gang og partiet ynskte ein niårig grunnskule med seinast skulestart ved sju år. Skulefritidsordninga (SFO) er òg ei ordning som tok for seg normalarbeidsdagen som ikkje vert dekt av skulen og er dermed viktig for kvinnene si frigjering. Dette var ikkje ei oppgåve for skulen, men skulle finansierast gjennom sjølvkostpris (FrP 2005:88). I 2009 nyanserte partiet sit synspunkt ved å seie at denne institusjonen skulle opprettast ved behov og drivast av private eller frivillige organisasjonar (FrP 2009c:43). Ein får òg kjennskap til korleis partiet såg for seg den utvida skuledagen. Det skulle vere ei lengre pause midt på dagen med skulemåltid og det skulle vere karakterar i orden og åtferd (FrP 2009c:60-1). I Fremskrift var det tidleg ein debatt kring lengda på skuledagen, men han som uttrykte seg positivt meinte at avgjersla måtte overlatast til den einskilte skule samsundes som skuleåret måtte utvidast med fire veker (Wara 1989).

Partiet var tidleg opptekne av institusjonalisering av eldre gjennom å pålegge det offentlege eit ansvar for å arbeide for tilstrekkeleg med alders- og sjukeheimar, trygdebustadar og ordningar for heimehjelp (FrP 1985). Dei ynskte òg i større grad å opne opp for open omsorg samsundes som det var ynskt å ha institusjonane i nærmiljøet på grunn av kontakt med den yngre generasjonen og sjølvhjelp. I 1989-programmet meinte partiet at det var staten som skulle ha omsorg for dei psykisk utviklingshemma, og eldre vart pleietrengande eldre (FrP 1989). I 1997 ynskte partiet å auke talet på sjukeheimspllassar og einerom som skulle fungere som mellombelse opphaldsstadar (FrP 1997:54). Partiet ynskte seg ein kraftig auke omsorgsbustadar med døgnbasert bemanning. Drifstilskot til institusjonane skulle etter partiet sitt forslag kome etter mønster frå barnehagane. Partiet ynskte òg bygging av bustadar med høgare standard, ”omsorgshjem”. Eldreomsorga skulle vere eit offentleg ansvar, men måtte ikkje utøvast av det offentlege meinte partiet i 2001 (FrP 2001:48). Partiet ynskte samsundes ei auka konkurransestimulering innafor eldreomsorga saman med tilbod om plassar òg i utlandet. I 2005 ynskte dei òg utanlandstilbod innafor heimehjelp-tenesta. Dei fremja utbygging av sjukeheimpllassar utover det eldreplanen legg opp til. Dette kjem at dei meinte at omsorgsbustadar ikkje var egna til personar med sterkt pleiebehov og lita evne til sjølvhjelp. I 2009-programmet fortel partiet at dei eldre skal få bu heime så lenge dei ynskjer. Samsundes skal det vere brukarval på heimehjelp og -sjukepleie (FrP 2009c:46-7). Partiet ynskjer meir dugnad i eldreomsorga og vil bruke utlandet til å tilby økonomisk gunstige institusjonspllassar.

Når det gjeld finansieringa av institusjonspllassar er det skilnadar for barn og eldre. Eldreomsorg skulle i følgje partiet administrerast av trygdekontora og finansierast av

Folketrygda. Finansieringa av institusjonsplassane til eldre og i skulen skulle skje gjennom stykkpris (FrP 1989:9,33,35). I 1997 har partiet fått eit noko endra syn som opnar opp for heimebasert omsorg gjennom ynskje om å gje omsorgsløn til pårørande som frivillig tek på seg omsorgs- og pleieansvar for eldre og påpeikar at ordninga måtte forsterkast og utvidast (FrP 1997:51). Til neste partiprogram skulle omsorgsløn òg gjelde for psykisk utviklingshemma (FrP 2001:51). I 2009 ynskte partiet å utvide retten til ”pleiepenger/sykepenger” for å kunne pleie eigne alvorleg sjuke familiemedlemmar etter eige ynskje og som supplement til det offentlege tilbod gjennom tidsavgrensa sjukeløn (FrP 2009c:55). På same måte som omsorgsløn for eldre og sjuke har partiet føreslått politikk som ville hjelpe fram at familiane skulle kunne ta seg av sine barn: ”For å stimulere til flere barnefødsler og for å gi familiene mulighet til å velge å være hjemmearbeidende med barn, var det nødvendig å kunne opparbeide seg rett til økonomiske og sosiale rettigheter gjennom arbeid i hjemmet” (FrP 2009c:42). Det same gjeld ideen om ”ektefelledelt skattlegging med delte pensjonspoeng” (FrP 1985:11,18). Det at ein har høve til å vere heimeverande vart då òg definert som distriktpolitikk fordi det vil halde å skaffe lønsarbeid til ein i familien. All stønad til familien skulle kome gjennom barnetrygd og barselpengar samsundes som dei ynskte å auke dette beløpet (FrP 1985:18). Kjelder i partiet har vore skeptiske til kontantstøtta sidan den er ei overføring og dermed fridomshemmande (Rønning 1989).

Eigenbetalinga på institusjonane (mitt val av ord, ”aldershjem” brukt i partiprogrammet) skulle vere uavhengig av eiga formue meinte partiet (FrP 1985:30). Ein opna for eigenbetaling i skulen i 1989 (FrP 1989:34). I 2005 presiserte partiet at det ikkje skulle vere eigenbetaling for aktivitetar i skulen sin regi. Trass i desse liknande høva så skal foreldre ta barnehagekostnaden sjølve (FrP 1985:26). Barnehagar skulle òg verte drifta utan offentlege stønadar sidan pass av barn ikkje skulle tyngde dei offentlege budsjetta (FrP 1989:30). Sidan foreldra skulle dekke kostnadane sjølve ynskte partiet å liberalisere barnehagelova kraftig grunna i institusjonsbehovet og for å redusere kostnadane gjennom endring i bemannings- og areallovgjevnad. Til neste val vart det presisert at pengane staten sparar på å ikkje gje subsidiar til barnehagane skulle gå til å auke barnetrygda (FrP 1993:35-6). Barnetrygda skulle dermed aukast som ein kontantstønad tilsvarende subsidiene til barnehageplass. Dei ynskte likevel eit større likstilling av ulike typar barnepass i lovverket, utover barnehagar som ”familiebarnehaver”, ”barneparker”, ”daghjem” og ”praktikant-tilbud” (FrP 1993:36). I 1997-programmet fortel partiet at det såg for seg at barnetrygda uansett storleik skulle utbetalast fram til ein var 18 år om barnet går på skule (FrP 1997:43). Subsidiering av barnehagar vart

sett på som diskriminering av foreldre som tek ”verdivalget” (FrP 1997:48). Familiane skulle då sjølve kunne velje mellom barnetrygd og barnehage. Til neste val såg ein for seg ei barnetrygd i form av kontantstønad fram til skulealder (FrP 2001:48). Ein ser at partiet etterkvart likevel omfamnar barnehageomgrepet samsundes som dei såg at barn var i barnehagen og at foreldre var i arbeid (FrP 2001:43). FrP ser det likevel ikkje som ei prioritert oppgåve for det offentlege å drive barnehagar. Slik som hovudbodskapen i skulepolitikken har vore fritt skuleval gjennom å likestille private og offentlege skular (FrP 1989). Drifta måtte overlatast til friviljige organisasjoner og det private (FrP 2009c:42). Alle godkjente barnehagar skulle likestilla med omsyn til stønad og overføringer frå det offentlege. Partiet vil ha større mangfold og alternative barnehagar og dermed sørge for billigare omsorgstilbod. FrP ynskjer no òg å styrke familien si stilling i samfunnet gjennom familieøkonomien for å kunne prioritere heim og familie. I 2009 ville partiet fortsetje å vidareføre kontantstøtta, men av omsyn til barn sine oppvekstvilkår ville partiet leggje nokre føringar. Partiet ynskte dessutan å modernisere den: ”Ytelser til barneomsorg skulle kunne utbetales direkte til den institusjon eller omsorgsperson foreldrene velger” (FrP 2009c:42).

## **Hovudfunna for pass og pleie i partiprogrammet**

Partiet har utvikla seg i positiv retning med tanke på institusjonalisering av barnepass slik at kvinnene kan arbeide eller drive politikk. Partiprogrammet i 1997 utmerkar seg med tanke på ørkeorda ”Barnetrygd”, ”Barnehage” og ”Hjemme”. I dette og det komande 2001-programmet skjer det viktige endringar innafor barnehagar. I 2005-programmet for skuledagen og oppseding, og i 2009 for SFO. Med omsyn til ”Eldreomsorg” kan ein seie at partiet i 1997 ynskjer utbygging av institusjonsplassar. I 2009 var partiet opptekne av omsorg i heimen og dognadsarbeid. Med omsyn til utdanning fokuserar partiet på innhaldet i skulen, men relativt lite på lengda på skuledagen og skulestart. Dette kjem nok av at omsorg og oppseding skulle skje i heimen og skulen skulle vere for læring. Trenden er auka fleksibilitet i opningstidene i barnehagen og lengda på skuledagen og dei eldre skal òg få eit betre institusjonstilbod. Partiet har arbeidd seg fram mot at det offentlege skal finansiere, gjennom stykkpris, skule og dei eldre sine behov. Barnehage og SFO skal foreldre dekkje kostnadane til. Eldre har på den måten gått i motsatt retning av barn. Eldre var i byrjinga det offentlege sitt ansvar med gradvis opning for heimebasert omsorg gjennom omsorgsløn, medan ein for barn byrja med

heimebasert omsorg og enda opp med å sjå at den enkelete òg kan ha behov for å institusjonalisere barn.

## Lønsarbeidet i partiprogrammet

Saksfelta som her skulle skildrast tok føre seg arbeidsmarknad og opplæring/utdanning på vidaregåande- og universitetsnivå med studiefinansiering. Kostnadane ved opptak til utdanningsinstitusjonane og skulepengar elles vil òg vere avgjerande. Opplæring til lønsarbeid kan skje både gjennom kursing, fagbrev, høgskular og universitet. Etterutdanning vil vere særskilt viktig for å få kvinner som vart mødrer tidleg ut i lønsarbeid. Studiefinansiering er viktig for å kunne skaffe seg opplæring til lønsarbeid. Stønadane bør vere til å leve av for familien samsundes som dei er prestasjonsretta for at ein skal velje å fullføre studiet og delta i lønsarbeidet i staden for å vere heime.

Arbeid gjennom FrP sine partiprogram kom til syne i prinsippet om "Arbeid og sysselsetting" frå 1985 og "Velferdssamfunnet" i 1997. I valprogrammet kom prioriteringane kring arbeid og forsking fram gjennom kapitlet "Markedsøkonomi for fritt næringsliv og velstand". Dette opplevde namneendring i 2001 til "Arbeidsdeling i økonomien" med delkapittel kring "Inntekspolitikk-lønnsdannelse". Kapitlet vart då òg flytta framover i valprogrammet. Avsnittet "Forsking" flyttar i 2001 frå "Markedsøkonomi" til "Utdannelse". I 2005 får kapitlet eit nytt avsnitt "Arbeid og sysselsetnad". Den største endringa ser ein i 2009 med fordeling over to kapittel Kapittelet "Markedsøkonomi" og "Arbeid og velferd" som mellom anna inneheld "Arbeidsmiljøloven". Kapitlet som tok for seg utdanning er "En skole for fremtiden" som òg inneheld avsnitt kring "Videregående opplæring", "Voksenopplæring" (vekke i 1993), "Høyere utdanning" og "Studiefinansiering". I 1997 fekk ein mål om etterutdanning for hjelpepleiarar, heimehjelper og omsorgsarbeidarar. Avsnittet "Forsking" flyttar frå "Markedsøkonomi" til "Utdannelse" i 2001.

Om partiet hadde vore kvinnepolitiske på den måten at dei ynskjer kvinneleg deltaking i arbeid og politikk utanfor heimen hadde det vorte lagt opp til skydd mot diskriminering mot til dømes meirkostnaden ved å tilsetje komande mødrer. Prioriteten til partiet kjem til syne veg at diskusjonen kring opplæring til lønsarbeid kjem stadig seinare i programma spesielt

etter 2001 sidan utdanning ligg langt bak i programmet. Prioriteten vart styrka i 2009 sidan arbeid er spreidd over to kapittel.

**Tabell 9.5: Lønsarbeidet, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.**

SØKEORD	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Arbeidsdeling</b>	0	1	1	1	2	1	1
<b>Karriere</b>	0	0	1	0	1	0	2
<b>Arbeid</b>	148	154	245	255	295	338	282
<b>Sysselsetting</b>	6	6	9	22	5	8	3
<b>Arbeidsmiljø</b>	3	3	4	7	5	5	8
<b>Overtid</b>	4	4	4	4	4	2	0
<b>Arbeidstid</b>	3	5	4	0	3	6	3
<b>Arbeidsdag</b>	1	1	0	7	0	0	0
<b>Inntekt</b>	62	68	73	79	77	61	42
<b>Lønn</b>	37	43	40	44	60	48	36
<b>Utdanning, -else</b>	21	22	47	55	60	109	86
<b>Opplæring</b>	10	14	20	13	31	32	22
<b>Yrkessfag</b>	1	3	4	4	10	9	3
<b>Lærling</b>	6	8	3	7	4	3	3
<b>Fagskole</b>	0	0	0	0	0	10	8
<b>Videreutdanning/-else</b>	0	0	0	0	1	0	1
<b>Etterutdanning</b>	0	0	1	0	1	2	2
<b>Forsking</b>	7	15	23	26	51	85	56
<b>Studiefinansiering</b>	1	1	1	1	2	3	4
<b>Studielån</b>	1	1	1	1	1	4	2
<b>Lånekassen</b>	2	2	5	4	4	0	0
<b>Sum</b>	<b>313</b>	<b>351</b>	<b>490</b>	<b>530</b>	<b>617</b>	<b>726</b>	<b>564</b>
<b>Sum, %</b>	<b>2,09</b>	<b>2,05</b>	<b>2,04</b>	<b>1,79</b>	<b>1,64</b>	<b>1,64</b>	<b>1,73</b>

Tabellen fortel at 2005 skil seg noko ut som eit toppår. Arbeid gjorde eit hopp i 1993 med påfølgjande vendepunkt. Sysselsetnad vert tydeleg oftare brukt i 1997. Arbeidsdag har mange treff i 1985 og i 1993 - og ein fann sju treff i 2001 før ein ser at ordet forsvann. Løn har toppunkt i 2001. Arbeidsmiljø hadde toppunkt i 1997 og i 2009. "Etterutdanning" og "Lærling" var søkeorda som hadde like mange søkeord i 2009, alle andre gjekk ned i talet på treff. "Utdanning", "Opplæring", "Fagskole" og "Forsking" hadde toppunkt i 2005. Ein ser eit vendepunkt i 1993-programmet for "Lånekassen", i 2001 for "Studiefinansiering" med toppunkt i 2009. "Studielån" hadde flest treff i 2005.

Ein fri arbeidsmarknad gjennom marknadsøkonomiske prinsipp var filosofien til FrP. Difor ynskte det ikkje reguleringar gjennom lover og reglar utanom for å ta vare på tryggleiken og helsa til arbeidarane (FrP 1985:5). FrP såg det heller ikkje som noko prioritert oppgåve å utjamne lønsskilnadar som naturleg oppstår i arbeidsmarknaden (FrP 1985:13). Partiet ynskte òg å la verksemder og andre stå fritt i val av personar ved tilsetjing. (FrP 1985:7). Partiet

presiserte i 1993 at det ynskte å arbeide for å avvikle misteløn, forenkle arbeidsmiljølova slik at arbeidstida vert basert på frivillige forhandlingar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar i den særskilte verksemda (FrP 1993:15). I 2009 hadde dette vorte til : "Midlertidige ansettelse er en nødvendighet av forskjellige årsaker" (FrP 2009c:13). Grunngjevingane er at dette ville gjere det lettare å få unge og seniorar inn i lønsarbeidet. Normalarbeidsdagomgrepet var ikkje med i kapittel "Arbeid og sysselsetting" i 1993, men flytta til "Utdanning og yrkesdeltaking" under kapitlet "Familieformer". Privatiseringa av offentleg forretningsdrift slik FrP føreslo vil òg påverke kvinnene si yrkesdeltaking sidan kvinner har dominert denne sektoren. Det vart auka fokus på ”å krympe beistet”<sup>57</sup> i 1993 gjennom vekst i "Markedsøkonomi". Interessant nok fjerna partiet i 1997 punkt kring minsteløn, arbeidstid og tilsetting. Samsundes, om enn berre i dette programmet, fortel partiet at dei ville ha vekk det lovregulerte tilhøvet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar (FrP 1997:20). Fokus er flytta over på streikerelatert vinkling på arbeidsmarknaden. Partiet presiserte i 2001 viktigheita av at organiseringa av arbeidsmarknaden var basert på frivillige høve og marknadsøkonomi (FrP 2001:9).

Høgare utdanning hadde tre føremål i 1985, nemleg å gje kvalifisert arbeidskraft, faglig utvikling og samfunnskritikk (FrP 1985:30). Programmet inneheldt òg krav om framdrift og opptak basert på karakterar frå vidaregåande. Avsnittet kring høgare utdanning vart utvida og tilførd mykje nytt i 1993. Endringane kom truleg som resultat av at røyster i partiet meinte at dei ikkje hadde meint noko om utdanning (Halle 1989). Partiet ynskte no ei endring i strukturen til lærestadane. Det viktige i denne samanhengen var sjølvstyrte einingar og at desse institusjonane sjølv skulle setje opptakskrava ved institusjonen (FrP 1993:40). Til neste val poengterte partiet at det ikkje ser det som eit mål med studieplassar som ikkje var kopla til søkeren sine evner, innsats og etterspurnaden etter slik kunnskap (FrP 1997:65). Valfridom kopla til ressurs og økonomisk effektivitet gjorde at partiet heller ikkje ynskte opplæringsplikt i den vidaregåande skulen (FrP 2001:59). Dei ynskte seg ein ”skulesjekk”<sup>58</sup> som elevane kunne bruke på alle skular, både private og offentlege. Skulesjekken skulle dekke alle utgifter med utdanninga. Partiet synte eit forskingsfokus i 2001 gjennom ynskje om fremjing av forsking innanfor dei fleste politikkområda. Dette kom til syne i skildring av og den positive innstillinga til grunnforsking som eit fellesgode (FrP 2001:62). Det offentlege måtte sørge for gode ramevilkår for grunnforskinga meinte partiet. Partiet ville betre høva utover ramevilkåra

<sup>57</sup> Partiprogrammet skildrar ikkje direkte tydinga, men politikken elles gjer det naturleg med ei tolking av uttrykket som eit ynskje om å redusere offentleg sektor til eit minimum.

<sup>58</sup> Skulesjekken er stykkprissystemet innanfor skuleverket.

gjennom å tilby skattefritak for gåver til slike ålmennyttige føremål. Dette òg for å tilpasse seg det stadig sterke nærværet frå den internasjonale marknaden. I 2009 ville partiet vidareutvikle "Ungt entreprenørskap" og liknande næringsrelatert elevarbeid (FrP 2009c:61), dette for å oppnå tettare tilknyting til næringslivet. Til dette valet synte partiet eit auka fokus høgare utdanning òg gjennom nytt avsnitt "Lærarutdanning", rett og plikt til etter- og vidareutdanning. Den nye strukturen på partiprogrammet i 2009 gav eit generelt fokus på utdanning innafor alle saksfelt, til dømes i avsnitt om tannehelse (FrP 2009c:49).

Det som vart nemnt kring opplæring av vaksne i 1985 var at lærlingordningar burde styrkjast (FrP 1985:33). Allereie her vart ein introdusert for partiet si merksemd på yrkesretta opplæring og utdanning. Til neste val får ein vite at partiet ynskte intensivkurs i staden for teoriopplæring og ville utvide ordninga til òg å gjelde for omsorgsyrka (FrP 1989:39). Yrkesretta fokus kom til syne gjennom to åtskilte avsnitt kring "Yrkesfag" og "Vanlige" lærlingfag. Eit vidare auka fokus i 1993 på vidaregåande og høgare utdanning med større omfang i programmet (FrP 1993:49). Mellom anna skulle næringslivet kunne overta yrkesopplæringa og partiet ynskte ein stykkpris til næringslivet for å dekke teoriutgiftene. Dei ville endre tilboden og privatisere tilboden om vaksenopplæring sidan den hadde eit kunstig stort omfang. Partiet ville berre tilby eksamenar som ungdomen òg fekk tilbod om og som òg var retta mot arbeidsmarknaden (FrP 1993:39).

FrP ville i 1985 avvikle semesteravgifta i si noverande form fordi inntektene frå den ikkje vart brukt riktig (FrP 1985:30). Partiet såg på utgifter til livsopphald i studietida som ei investering i framtidige inntekter, og utbetalingane skulle vere knytt til reell framdrift i studieprogresjonen. Dessutan skulle ikkje lån for myndige personar baserast på foreldra si inntekt og skal vere knytt til høva i marknaden. Stipendordningane skulle avgrensast til å utviske skilnadar i bustadutgifter. Dette endrar seg etterkvart når partiet ynskte stipend til å dekke utstyr som krevjast i studien og at ein ynskte at auken i studiestønad skulle kome gjennom stipend til valet i 1993 saman med premierung av normert tid og regress (FrP 1993:50). Det skulle òg vere premierung av fullføring før normert tid gjennom omgjering av lån til stipend, medan fullføring seinare enn normert tid skulle straffast med omgjering av stipend til lån (FrP 1997:61). Partiet snakka òg om materialutgifter som var det same som utstyr og då ynskte dei å dekke dette gjennom "tilleggslån". Det vart dessutan presisert at studentar frå andre land ikkje skulle få betre vilkår enn norske studentar. I 2001-programmet var stipendaugen, premierung av fullføring av studiar på normert tid og utlendingar vekke og

partiet har òg med at eiga formue ikkje skulle avgrense studiestønaden (FrP 2001:64). I 2005-programmet ville partiet avvikle staten si lånekasse for utdanning som skulle verte erstatta med ei statleg garantiordning med fokus på kjøpekraft (FrP 2005:92). Til neste program var premieringssynet tilbake, medan straffvinklinga var vekke gjennom at det skulle vere påskjønning av studentar som arbeidar hardt og leverer på normert tid eller kortare (FrP 2009c:62). I 2009 fortalte partiet at studiestønaden skulle justerast oppimot konsumprisindeksen (FrP 2009c:62). Utdanning på privatskular skulle få stønad på likt grunnlag som ved studiar i utlandet med omsyn til ekstra stipend og lån (FrP 2009c:63).

## **Hovudfunna for lønsarbeidet i partiprogrammet**

Viktigaste program for "Deltaking i lønsarbeid" vil vere 1993 der partiet vil krympe offentleg sektor. 1997-programmet var lite kvinnevenleg på grunn av at partiet ynskte å fjerne lovregulerte høve i arbeidsmarknaden og 2001 der dei vektlegg marknadssynet og fridom med omsyn til tilhøvet arbeidsgjever og arbeidstakar. Partiet vektlagde intensivkurs i staden for teori med sterkt yrkesfagleg fokus. I 1993 ville partiet at institusjonane skulle sjølv setje opptakskrava, stykkpris, vaksenopplæring med auka kvalitet med berre eksamenar som òg ungdomen tek saman med marknadsretting. I 2001-programmet ynskte ikkje partiet å ha opplæringsplikt i den vidaregåande skulen samsundes som det var eit sterkt forskingsfokus. Partiet hadde endra sitt syn på stipend frå 1993-programmet, studiestønaden skulle òg dekke utstyr. Til og med programmet for 1997-perioden ynskte partiet å straffe studentar som ikkje fullførte på normert tid, medan ein i 2009 har gått over til premiering av prosesjon i studiane.

## **Trygd i partiprogrammet**

Dette avsnittet tek føre seg sjukeløn, trygd, uføre- og alderspensjon. Pensjonen må vere basert på aktivitet i lønsarbeid for å medverke til deltaking i lønsarbeid. Sjukeløn, trygd og uførestønaden bør gjerne tilretteleggast etter samfunnstilhøva med tanke på kvinnene si omsorgsrolle og deltaking i fysisk belastande arbeid. Dette må til for å vere kvinnevenleg politikk.

"Helsevesen og Sosial sikkerhet", "Arbeid og velferd" i 2009 er kapitla som tek for seg tema i dette underkapitlet av oppgåva mi. Eit av de mest aktuelle avsnitta i denne diskusjonen er

"Folketrygden", der "Folketrygdens pensjonsdel" vert utskilt i 1993 og byt plass med helsedelen i 2005. Eit anna viktig avsnitt er "Pensjonsalder", som i 1989 skiftar namn til "Pensjoner". I 2009 får ein fleire relevante avsnitt med "Folketrygden", "Pensjoner" og "Alderspensjon", "Avtalefestet pensjon – AFP", "Offentlige tjenestepensjonsordninger" og "Etterlatte". Tema har vore diskutert omlag like etter midten av dokumentet, med unntak av 1993, der det var bakerst, og i 1997 og 2005 der det gradvis rykka framover i kapittel gjennom å få eitt avsnitt bak seg i 1997 og to i 2001. Høva i 2009-programmet er heilt nye og ikkje lett samanliknbare.

**Tabell 9.6: Trygd, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.**

TREFF	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Folketrygden</b>	25	32	43	51	27	48	20
<b>Trygd</b>	44	41	60	2	6	7	22
<b>Pensjonist</b>	1	1	0	3	6	6	15
<b>Pensjonsalder</b>	1	3	2	2	4	7	3
<b>Pensjon</b>	27	51	46	65	81	70	84
<b>Pensjonspoeng</b>	6	55	4	4	5	3	5
<b>Pensjonsordning</b>	1	2	2	3	2	1	8
<b>Alderstrygd</b>	0	0	0	0	0	1	0
<b>Ufør</b>	3	7	6	6	6	12	6
<b>Sum</b>	<b>108</b>	<b>192</b>	<b>163</b>	<b>136</b>	<b>137</b>	<b>155</b>	<b>163</b>
<b>Sum, %</b>	<b>0,72</b>	<b>1,12</b>	<b>0,68</b>	<b>0,46</b>	<b>0,37</b>	<b>0,35</b>	<b>0,50</b>

Tabellen fortel at søkeorda har samla flest treff i 1989-programmet og med ein mindre topp i 1997. "Trygd" har ein klar oppgang frå 2005 til 2009 saman med "Pensjonist", "Pensjon", "Pensjonspoeng" og "Pensjonsordning". Folketrygda auka fram til toppen i 1997, med nedgang i 2001 før søketreffa fekk ein tilbakegang i 2005 og halvering til 2009-programmet.

Folketrygda skulle etter partiet sitt synspunkt fungere som eit sjølvfinansierande forsikringssystem, samsundes som dei ytra at dette var eit "kamuflert ledd" i eit progressivt skattesystem (FrP 1985:25). Partiet ynskte dermed eit system der det var meir samstemming mellom innbetaling og utbetaling, og ville tilby 40 veker arbeidsløysetrygd. Statsbudsjettet, og ikkje Folketrygda, meinte partiet at skulle dekke utgiftene med menneske som ikkje har betalt inn til ordninga. Dessutan skulle dagpengar og stønad ved arbeidsløyse, statsgaranti for lønskrav ved konkurs, forlenga ferie for dei over 60 år, stønad til ugifte, skilte og separerte forsørgjarar, avlastingsstønad til pårørande med sterkt heimebasert omsorg, forskottering av underhaldingsmedverknad, barselspengar og svangerskapspermisjon òg overflyttast til statsbudsjettet (FrP 1985:29). Under avsnittet "Pensjoner" skriv partiet i 1989 at Folketrygda

sine inntekter skulle brukast til dekking av pensjonar. Hovudoppgåva til Folketrygda var å tryggje alle ein verdig alderdom samt å tryggje naudsynte helsetenestar (FrP 1989:31-3). Tenestene skulle vere like for alle gjennom arbeidsgjevaravgifta elles måtte ein teikne privat forsikring som skulle vere skattefri. Dessutan så var statsbudsjettet etter partiet sitt syn i 1989 riktig arena for politiske prioriteringar mellom grupper, stønad til arbeidsliv og økonomisk stønad som var grunna i ”generelle politiske målsetjingar”. Partiet ynskte i 1993-programmet at Folketrygda vart omorganisert til ein helsedel og ein pensjonsdel med tilhøyrande trygdedomstol (FrP 1993:40). Utbetalingerne skulle baserast på juridiske rettar til pensjon og betaling for medisinske tenestar ved sjukdom og for naudsynt pleie. Partiet ynskte òg trygging av finansieringa av helsedelen gjennom ein flat premie som vert betalt av arbeidsgjevar og arbeidstakar basert på brutto inntekt og ”påløpte rettighetsutgifter” (FrP 1993:38). Folketrygda vart føreslått å dekke sjukepengar tilsvarande ei særskilt rate som varierar noko (80 prosent i 1985 og etter 1993 og 100 prosent i 1989) av lønsinntekt stort sett etter to karensdagar<sup>59</sup>. Det vart føreslått 90 prosent sjukeløn på landsmøtet, men dette vart nedstemt (Børresen 1989). I 1997 var det diskusjon kring nivået på landsmøtet med fleire konkurrerande forslag der sentralstyret sitt forslag vant etter omval (Gjelsvik 1997). I 1989-programmet skulle sjukeløna inkludere uføretrygd ved fysisk eller psykisk sjukdom og forsørgjartap (FrP 1989:34). Det skulle òg vere regress<sup>60</sup> ved sjølvforskylda skade. Regress vart tolv år seinare berre føreslått nytta for grov manglande aktsemd (FrP 1997:58). Partiet ville i 2001 endre sjukelønsordninga som var ein del av helsedelen i Folketrygda. Folk skulle stimulerast til å kome raskt tilbake i arbeid etter sjukdomsfråvær og bruk av eigenbetaling ved korttidsfråvær (FrP 2001:53-5). Foreldre med sjuke barn måtte det takast omsyn til. Tolv dagar med totalt samla fråver vart føreslått verande, medan tre dagar med eigenmelding vart føreslått fjerna. I 2005 sat partiet fokus på trivsel på arbeidsplassen for å halde sjukefråveret nede (FrP 2005:15). Rehabiliteringspengar, attføringspengar og gravferdsstønad vart tilförd i kvar sine tre punkt (FrP 2005:79). I 2009 fortel partiet at dei ynskte å vidareføre stønaden til vidareføring av IA-avtalen<sup>61</sup>. Dei ynskte òg å innføre påskjønningsordningar for personar med

<sup>59</sup> Innafor sjukelønsordning tydar karensdag at om den tilsette er sjuk og må vere vekke frå jobben, går eit særskilt tal på dagar (kalla *karensdagar*, som den sjuke ikkje får betalt for) før arbeidsgjevar byrjar å yte sjukepengar. I Noreg vart karensperioden ved sjukdom oppheva i 1978, men ulike grupper har med jamne mellomrom tatt til orde for å innføre ordninga igjen.

<sup>60</sup> Regress tyder at forsikringsselskapet ikkje vil dekke erstatningskravet på grunn av føresett eller manglande aktsemd.

<sup>61</sup> IA-avtalen, intensjonsavtalen om eit inkluderande arbeidsliv. Avtalen er inngått mellom Regjeringa og arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, fyrste gong i 2001. IA-avtalen skal fremme eit meir inkluderande arbeidsliv, reduksjon i sjukefråver og uføretrygd, og at den enkelte sine ressursar og arbeidsevne ver utvikla og

lågt sjukefråver, saman med ein auka bruk av gradert sjukemelding. Partiet ynskje at dei som driv med risikosport eller annan risikofull åtferd teiknar tilleggsforsikring (FrP 2009c:47).

Partiet ser på eldre som ein ressurs på grunn av arbeids- og livserfaring (FrP 1993:40). Partiet tek sterkt avstand frå å gjere eldre over 67 umyndige (FrP 1997:53). Det skulle vere mogleg å pensjonere seg som 60-åring meinte partiet i 1985, men dei ville gje høgare pensjon for dei som held seg yrkesaktive til dei var 70 år samsundes som dei som vel å pensjonere seg tidlegare enn det som var ”vanleg” får tilsvarende lågare pensjonsutbetaling (FrP 1985:30). Vanlig pensjonsalder vart i 1989 presisert til 67 år (FrP 1989:34). Noko dei att i 2009 uttrykkar gjennom utsegn om at pensjonsalderen enno skulle vere 67 år (FrP 2009c:56). I 1989 vart pensjonsutbetalinga tatt vekk frå samanhengen med yrkesaktivitet etter normal pensjonsalder og byta ut med fleksibel pensjonsalder oppover (FrP 1989). Partiet ynskte i 1997 òg at nylig tiltredde pensjonistar får informasjon om rettane sine, både økonomiske og sosiale rettar (FrP 1997:54).

Partiet ynskte ei fleksibel pensjonsordning i Folketrygda. Den offentlege pensjonen skulle vere uavhengig av private pensjonsordningar (FrP 1985:30). Ein del av arbeidsgivaravgifta skulle fungere som ein flat premie som skulle dekke Folketrygda sine pensjonsutbetalingar (FrP 1989:34). Folketrygda skulle ha eit øvre tak på innbetalinga tilsvarende ei gjennomsnittleg industriløn. Røyster innafor partiet har ikkje ynskt noko tak fordi det vart satt for høgt og dessutan var sosialdemokratisk, og det kom inn alternative forslag til landsmøtet (Snoen 1989, Børresen 1989). Det skulle gjennomførast gjennom at ein prosentsats av inntekta vert innbetalt som premie med eit tak som tilsvarer industriarbeidarløn, dei som tente over kan teikne privatforsikring, dei som tente under betalar ein lågare sats. Dei yrkesaktive måtte delta i betalinga av pensjonen til dei som ikkje har betalt inn til Folketrygda: ”hjemmeværende, uføre, og personer som mister forsørger” (FrP 1989:34). I 1993-programmet ytra partiet at innbetalingar til private forsikringar òg skulle ha frådragsrett og vernast mot offentlege inngrep, ufordelaktige endringar eller samanslåing med Folketrygda

---

nytta i aktivt arbeid. Avtalen skal òg bidra til å trygge rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper i arbeidslivet.

som skulle tryggje ein rimeleg levestandard (FrP 1993:44-5). Til valet etter vektlagde partiet dette tydlegare gjennom å opne opp for å kunne planlegge framtida sidan dei ynskte fråver av hyppige endringar av systemet. Partiet ville ikkje akseptere ”negativ effekt”, det at den offentlege pensjonen vert redusert, som dei frykta kunne oppstå ved samanslåing av offentleg pensjon og pensjon til etterlatne, samtidig ville dei at pensjonen skulle følgje utviklinga for lønsnivået elles i samfunnet (FrP 2001:54-5). Partiet innførte med 2005-programmet ”Folkepensjon”-omgrepet samsundes som dei presiserte at uførepensjon skulle verte gitt berre etter medisinske kriterium med klare retningslinjer for legane (FrP 2005:80-1). Ein del av inntektsskatten, tidlegare arbeidsgjevaravgift, skulle skrivast ut som pensjonspremie med rett til alders- og uføretrygd (FrP 2005:17). Partiet ynskte at berre dei utan restarbeidsevne skulle kunne oppnå full uførepensjon. Partiet ønskete at det ved sidan av trygda skulle opprettast fribeløp for at uføre skulle kunne prøve seg i arbeidslivet. I 2009 konkretiserte partiet at minstepensjonen vart føreslått til å vere to gongar Folketrygda sitt grunnbeløp for alle (FrP 2009c:56). Nivået på pensjonen skulle dessutan framforhandlast i årlege trygdeoppgjer. Desse oppgjera skulle tryggje pensjonistorganisasjonane sin forhandlingsrett. Det var òg eit viktig at pensjonen skulle vere skattefri.

## Hovudfunna for trygd i partiprogrammet

Partiet ynskte at Folketrygda og statsbudsjettet skulle ha klart differensierte oppgåver. Etter partiet sitt syn i 1989 var Statsbudsjettet riktig stad for politiske prioriteringar mellom grupper og Folketrygda skulle brukast til pensjonar etter forsikringsprinsippet og uføretrygd, og gå mot å vere som ei ordinær forsikring. Samtidig har det vore varierande synspunkt på pensjonsalder. Dei yrkesaktive måtte dessutan delta i betalinga av pensjonen til dei som ikkje har betalt inn til Folketrygda. Dette gjer at ein vert særskilt svakare knytt til lønsarbeidet. Omgrepet Folkepensjon kom òg i 2005 med at alle skulle få eit likt grunnbeløp. I 2009 fortalte partiet at pensjonen skulle vere skattefri med eit nivå tilsvarande to gongar grunnbeløpet. Eit anna viktig punkt er at sjukeløna inkluderar meir etter 1989. Ein har òg endra sitt syn på sjukepengenivået: 80 prosent i 1985 og 1993, og 100 prosent i 1989. Partiet hadde mindre fokus på regress ved sjukdom frå 1997. Ein gjekk då òg frå skattekritikk til velferdsål. I 2001 vert banda til lønsarbeidet knytt nærmare sidan ein ynskjer å ha folk raskare tilbake i arbeid etter sjukdom, men foreldre med sjuke barn måtte det takast omsyn til. Tolv dagar med totalt samla fråver vart føreslått verande, medan tre dagar med eigenmelding

vart føreslått fjerna. I 2009-programmet ynskte ein påskjønningsordningar for personar med lågt fråver grunna i sjukdom.

## Helse i partiprogrammet

Dette avsnittet er det fyrste av to som ikkje har noko direkte å seie for kvinner si deltaking i lønsarbeidet, men er derimot subjektivt definert. Saksfelta som vart definert som kvinneinteresse av FrP-veljarane ved valet i 1989 og i 1997 var "Helsevesenet" og "Helse og sosial, rest". Dette er relativt breie saksfelt. Eg har avgrensa mi oppgåve til å ta for seg høve som økonomisk styring av helsevesenet gjennom organisering, drift, betaling, stykkpris, ventetid/køar, fritt sjukehusval, lokalisering av behandling, behandlingstilbod, kven som skal vere legen din og medisinpolitikk. I tillegg kjem den særskilte pasientgruppa narkomane som i 1993 kom under "Helsevesen og sosial sikkerhet" i 1993. Partiet ynskte òg gjennon politikken ein auka bruk av helseinstitusjonar saman med bruk av medikament behandling.

Tema vert i all hovudsak skildra i eit kapittel som tek for seg eit breiare felt enn mi oppgåve legg opp til: familie, barn og eldre i tillegg til helse. I denne delen av oppgåva tek eg for meg helse, det vil seie høve som ikkje har vorte tatt opp i tidlegare avsnitt. Helse var relativt langt framme i dokumentet i 1993, 2001 og 2009. I 1993 vart "Famile og barn" skilt ut frå "Helsevesen og sosial sikkerheit". I 2009 vert helsedelen flytta bakover i kapitlet. Dette kan tyde på nedprioritering.

Saksfelta som vert diskutert i kapittelet "Helsevesen og sosial sikkerhet" med avsnitta "Helsepolitikk", "Helseinstitusjoner", "Helsetjenesten utenfor institusjonen (Primærhelsetjenesten)" og "Tannhelsetjenesten". I tillegg har ein "Narkotika" i kapittel "Trygghet for liv og eiendom" som i 1993 vert til "Omsorg for rusmiddelmisbrukere" under "Helsevesen og sosial sikkerhet". Andre nye avsnitt vert òg lagt til i 1993: "Finansiering og organisering av det institusjonsbaserte helsevesen" og "Primærhelsetjenesten". I 1997 vert "Eigenbetalinger" lagt til. Nye avsnitt kring "Legemidler" og "Ambulansetjeneste" kom med 2005-programmet, saman med prinsippavsnittet "Sosialt ansvar". I 2009 var det meste nytt eller omorganisert med kapittel "Valgfrihet for foreldre og likebehandling av barn, helse og omsorg" og avsnitta "Sykehusene", "Psykiatri", "Rusomsorg", "Primærhelsetjenesten",

"Alternativ medisin", "Tannhelse", "Rehabilitering", "Legemiddelpolitikk og egenbetalinger" og "Organdonasjon".

**Tabell 9.7: Helse, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.**

TREFF	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Rehabilitering</b>	0	0	1	2	4	8	20
<b>Helse</b>	36	53	68	83	92	97	57
<b>Helsevesen</b>	1	6	9	12	14	11	2
<b>Sykehus</b>	19	22	22	30	31	35	23
<b>Behandling</b>	10	14	36	48	56	74	64
<b>Pasient</b>	11	11	25	29	33	39	22
<b>Kø</b>	6	6	5	7	6	11	10
<b>Refusjon</b>	9	9	2	4	8	5	4
<b>Helseforsikring</b>	0	0	0	3	2	2	0
<b>Lege</b>	19	23	16	25	27	31	16
<b>Spesialist</b>	2	2	0	4	3	4	4
<b>Tjenester</b>	28	29	28	39	49	50	30
<b>Medisin</b>	5	7	10	12	16	20	14
<b>Sum</b>	146	182	222	298	341	387	266
<b>Sum, %</b>	0,98	1,06	0,93	1,01	0,91	0,88	0,82

Tabellen fortel at 2005 er toppåret for helse, men det var allereie ein klar auke frå og med 1997. "Behandling", "Pasient", "Kø", "Lege" og "Medisin" har toppår i 2005. "Helsevesen" har toppår i 2001, medan "Helse", "Sykehus" og "Refusjon" har tilnærma like mange treff i 2001 og i 2005. Dette skil seg frå dei andre programma. "Helseforsikring" har sitt toppår i 1997, medan "Spesialist" har gode treff frå 1997-programmet.

FrP meinte at sjukehusa burde vere ei økonomisk einig slik at dei vart ansvarlege for økonomien. Då får føretaka sjølve disponere overskotet slik som dei ynskjer som alle andre verksemder (FrP 1985:29). Partiet har alltid ynskt å byte ut ramefinansiering med stykkpris (FrP 1985:27). Då skulle sjukehusa automatisk verte ressursstyrte og konkurransedyktige. Det vart òg fremma forslag om å opprette ein nasjonal helsekommisjon med mandat til å gjennomgå helsestrukturen, eigarhøve, pasientrettar, finansieringsformar og prioriteringar (FrP 1993:39). Vidare vart det i 1997 påpeikt at det var styresmaktene si oppgåve å sørge for at alle pasientkategoriar får sine behov dekka (FrP 1997:51). I 1989 hadde humanitære organisasjonar vorte "selveiende stiftelser" i partiprogrammet (FrP 1989:31). Stiftingane skulle i følgje partiet i 1993 ha eit fagleg og profesjonelt driftsstyre i staden for politikarstyre (FrP 1993:37). Føretaka vart òg kritisert for å vere offentlege monopol. Ein hadde i 2001 gått over frå drift gjennom stiftelsar til aksjeselskap (FrP 2001:47). Dette synspunktet vart ein del

av partiet sine prinsipp i 2005. Påstanden frå 1989 var at ramefinansiering skapar kørar og annan pasientavmakt (FrP 1989:31). Vidare meinte partiet i 1993 at pasientane skulle vere inntekter og ikkje utgifter for sjukehusa (FrP 1993:37). Partiet meinte at det òg burde verte opna for private sjukehus skulle verte likestilte med offentlege sjukehus med omsyn til stykkprisrefusjonen frå Folketrygda og retten burde vere juridisk. I 2001-programmet oppsummerte partiet den nye bruken av ISF<sup>62</sup> samsundes som dei ynskte å auke denne til eit minimum på 80% (FrP 2001:44). ISF vart redusert til 60% til neste val, men skulle òg gjelde i psykiatrien (FrP 2005:68).

Partiet fastslår at det var eit offentleg ansvar at alle får naudsynte helsetenestar (FrP 1985:23). Offentleg ansvar tydde ikkje ekskludering av det private initiativ fordi dei ynskte å tryggje tilstrekkeleg med ressursar. Dei ynskte òg at humanitære organisasjonar skulle overta offentlig eigde sjukehus. Privat finansiering av helsetenestar kunne avlaste dei offentlege budsjetta meinte dei og dermed burde ikkje borgarane hindrast frå å bruke pengar på eiga helse. Likevel hadde einskilte veljarar i partiet ynskt seg at alle skulle ha lik sjanse til behandling (Eide 1985, Teigen 2009). I 1989 foreslår partiet at bruken av private tenestar skulle finansierast ved at mellomlegget mellom prisen på det private sjukehuset sine tenestar og refusjonen frå Folketrygda skulle betalast av pasienten sjølv (FrP 1989:31), noko som vil føre til eit fråvik av likt tilbod for alle ved at enkelte har lettare for å kunne dekke mellomlegget. Dette vart i 1993 omformulert gjennom ny ordlyd til at folk sjølv kan velje å betale for behandlinga som Folketrygda ikkje dekker (FrP 1993:37-8). Kunstig befrukting, sterilisering, kosmetiske operasjonar bør ikkje dekkast av offentlege helsebudsjett presiserar partiet. Oppmuntringa skulle føre til at både arbeidsgjevar og arbeidstakar teikna privat helseforsikring føreslo partiet i 1997 (FrP 1997:51). Partiet ynskjer òg at det skal stimulerast til bruk av sjukepengar til sjukehusbehandling. Partiet meinte i 2001 at verksemder som betalar for den medisinske behandlinga av sine tilsette får utgiftene til frådrag på skatten (FrP 2001:45). Dei meinte òg at det var viktig å sjå budsjettpost for behandlingskostnaden opp i mot kostnaden med sjukeløn. I 2005 presiserte partiet at den tilsette/pasienten heller ikkje skulle skattleggast for dette (FrP 2005:69).

Når pasienten skal betale for eiga helse kjem ein inn på eigenbetaling. I 1985 fortalte partiet at primærlegar skulle vere sjølvstendig næringsdrivande (FrP 1985:28). Inntekta skulle dei få frå

---

<sup>62</sup> ISF, Innsatsstyr finansiering er ein finansieringsmodell for sjukehus, har vore gyldig sidan 1997 og er basert på DRG-systemet (Diagnoserelaterte grupper).

Folketrygda saman med eigenbetaling frå pasientane, men at det skulle vere fritak for eigenbetalingar for dei over 70 år, uføretrygda og kronisk sjuke. Partiet ynskte at pasienten skal møte same lege før, under og etter sjukehusopphaldet. I 1989 utvida dei med eit ynskje om oppheving av driftstilskotordninga for legespesialistane slik at dei òg vart sjølvstendig næringsdrivande (FrP 1989:31). Partiet ville tilby pasientane fritt legeval saman med oppretthald av eigenbetalingar på behandling og medisinar (FrP 1993:39). I 1997 fortalte partiet at eigenbetalingar passa partiet gjennom deira syn på skatt på forbruk heller enn inntekt saman med ei forbruksregulerande effekt, men at eigenbetalinga måtte reduserast sidan staten sine inntekter skulle samsvare med utgifter på dette området (FrP 1997:46). I 2001 presiserte partiet at dei var i mot fastlegeordninga sidan den hindra fritt legeval (FrP 2001:47). Partiet sat òg eit tak på to eigenbetalingar for kronisk sjuke. I 2005 fortalte partiet at eigenbetaling ikkje skulle gjelde i sjukehusa, heimesjukepleia eller psykiatrien (FrP 2005:69). Dei ytra òg at uviljen mot innføring av eigenbetaling innafor desse områda skulle halde seg.

I 1985 fortel partiet at Noreg bør vere eit rike<sup>63</sup> og ein marknad for å unngå kø i regionane (FrP 1985:27). Fri etableringsrett for kommunehelsepersonell og flest mogleg av undersøkingar og behandlingar utanfor sjukehusa skulle bøte på kø-problemet (FrP 1985:23). I 1989 ville FrP byggje ned profesjonsgrensene for å betre på bemanningshøva i helsevesenet. Poliklinisk behandling - som skildra i 1985 som behandling utanfor sjukehusa - av pasientar ville kunne betre høva i helsevesenet (FrP 1993:39). Partiet meinte i 1993 at køane har vist at dagens helsevesen ikkje klarte å dekke behandlingsbehovet. "Den einskilte får nødvendig hjelp betalt av Folketrygden ved det sykehuset vedkommende selv velger" (FrP 1993:37). Dermed meinte partiet i 1997 at ventelistegarantien måtte bestå så lenge det var køar. I 1997 gjekk ein over til etterutdanning av hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar som verkemiddel slik at dei kunne ta over oppgåver til den pressa gruppa sjukepleiarar (FrP 1997:49). FrP meinat alternativ medisin har sin plass i det samla helsetilbodet, godkjenningsordning måtte etablerast og dokumentasjon på effektane måtte produserast (FrP 1997:51). Partiet påpeikte i 2001 at det var eit problem at ein òg opplevde kø når det gjeld alvorlege lidingar og naudsynt omsorg (FrP 2001:44-5). Dermed føreslo partiet ei endring i lova for pasientrettar slik at det var sjukehuset/legen som fastset tidspunkt for behandling. FrP registrerte òg at fritt sjukehusval no var innført og ville ha det innafor omsorgssektoren<sup>64</sup>. Partiet ynskte òg å

<sup>63</sup> Dette visar nok til at helsevesenet er innfelt i helseregionar frå 2001 og at det før dette var fylkesbasert.

<sup>64</sup> Omsorgssektoren vert diskutert i delkapitlet "Pass og stell".

justere opp refusjonssatsane for å tryggje tilstrekkeleg med helsetenester i utkantane. Vidareutdanning av helsepersonell frå 1997 vert dradd vidare med presisering om at ein auka bruk av hjelpepleiarar ville auke sjukepleiarkapasiteten (FrP 2001:44). Dette vil òg kunne fortelje at dei vil overføre oppgåver nedover i systemet og ikkje nødvendigvis etterutdanne. I 2005 ville partiet derimot byte på kø-problemet gjennom tilbod i utlandet om behandling ikkje vert gitt innan tidsfristen (FrP 2005:70).

FrP ville redusere unødig bruk av medisinar (FrP 1989:31). Dei meinte at ordninga kring medisinbruk diskriminerte utifrå kva sjukdom ein hadde (FrP 1993:39). Partiet ville innføre eit tak<sup>65</sup> for kor mykje ein måtte bruke på behandling og medisinar totalt i løpet av året. Dei meinte at på denne måtten ville ein trygge at alle menneske, uansett behov for helsetenester, fekk dekka sine behov og vert behandla likt av det offentlege (FrP 1997:53). Dei ynskte i 2001 at reseptfrie legemiddel kunne seljast utanfor apoteka (FrP 2001:47). Legemiddel utanfor apoteka vart utvida<sup>66</sup> med ynskje om at fleire medisinar skulle verte reseptfrie i butikk (FrP 2009c:49). Eldre over 80 år skulle dessutan få tilbod om gratis influensavaksine. I 2005 ville partiet gje tilgang til dei beste og mest effektive medisinar utan å måtte vente på statens legemiddelverk og departement (FrP 2005:72). Naturlegemiddel meinar partiet skal takast i bruk der positive effektar kan dokumenterast (FrP 2009c:49).

Partiet ynskte å forsterke det førebyggande arbeid i skulane og tvangsbehandling skulle kunne nyttast ved foreldra sitt samtykke. "Fremskrittspartiet ønsker en restriktiv narkotikapolitikk. Dette fordi narkotika ansees for å være sterkt vanedannende og et livstruende rusmiddel" (FrP 1985:20). I 1989 ynskte partiet å tryggje nok tvangsbehandlingsplassar og tilby behandling som alternativ til fengselsstraff (FrP 1989:24). I 1993 vart metadonbehandling framstilt som positivt. Partiet meinte at det førebyggande arbeidet måtte ha ein generell aksept frå folket for å oppnå effekt. Ansvaret for førebygging vart delt mellom skuleverket og foreldra. Behandlinga skulle vere differensiert, ivareta ettervern og finansierast gjennom Folketrygda. I 1997 ville partiet ha tvangsinnslegging som ein siste utveg. Det viktigaste førebyggjande element er familiepolitikk og skulegang (FrP 1997:51). Ein vil kunne tilby metadon i alle psykiatriske sjukehus òg i distrikta. I 2001 vart narkotikamisbruk enda sterkare knytt til helsevesenet gjennom auking av behandlingstilbodet òg i distrikta. I 2009 såg ein på

<sup>65</sup> Eg tenker meg at dette taket vil fungere som eit utvida frikort.

<sup>66</sup> Tidlegare hadde apoteka monopol på alt sal av legemiddel, men frå 1.11.2003 vart det tillede å selje nokre få, reseptfrie legemiddel utanfor apotek. Utsalstadar som hadde tillating til å selje næringsmiddel kunne søkje om å selje desse. I tillegg kunne dei selje naturlegemiddel.

førebygging i eit langtidsperspektiv (FrP 2009c:48). Dei ville gjere det lettare å få tilbod om legemiddel assistert behandling gjennom ein heilsakleg behandlingskjede frå avrusing gjennom behandling til ettervern. Psykiatrien vart òg sterkare lagt vekt på i behandlinga av denne gruppa.

## **Hovudfunna for helse i partiprogrammet**

Innafor helse tok eit viktig funn for seg at partiet ynskte seg vekk frå rammefinansiering med politikarstyre og over til stykkpris. Ein foreslo ein helsekommisjon for å gjennomgå helsestrukturen, eigarhøve, pasientrettar, finansieringsformar og prioriteringar, noko som òg er kopla til finansieringa av helsevesenet. Eit anna punkt tok for seg eigenbetaling. Det var unntak for eldre og kronisk sjuke samtidig som dei opna for at pasientane kunne betale for mellomlegget mellom Folketrygda og prisen for privatbehandling. Eigenbetalingar passar med partiet sitt syn gjennom skatt på forbruk, men ein gjekk likevel over til at alle menneske skulle få dekka sine behov og behandlast likt av det offentlege gjennom juss. Eigenbetaling skulle ikkje gjelde i sjukehusa, heimesjukepleia eller psykiatrien. Partiet poengterte at det var viktig for det offentlege å sjå på budsjettposten for behandlingskostnaden oppimot sjukelønkostnaden. Partiet likar ikkje køar og presenterer ulike løysingar frå etterutdanning til utanlandsopphald.

## **Immigrasjon i partiprogrammet**

Immigrasjon tek for seg all migrasjon inn til Noreg og er det andre saksfeltet som utelukkande vart definert av FrP-veljarane som kvinneinteresse. Dette saksfeltet var kvinnepolitikk i 1989, 1993 og 2005. Saksfelta vert gradvis diskutert over fleire avsnitt og flytta fram til midten i 2005 frå å vere siste avsnittet i programmet. Tema har vore mykje diskutert innafor partiet i forkant av fleire val og er det saksfeltet knytt til denne oppgåva som er mest omtala i Framskritt. Mange veljarar og sympatisørar har ynskt at partiet skulle fremje denne saka ved vala sidan det er mange i partiet som vektlegg dette saksfeltet (Henriksen 1989). Andre igjen meinte at dette ville skremme vekk veljarar frå partiet (Hoelseth 1993, Ellingsen 1993). Særskilt i 1989 var immigrasjonsdebatten i partiet oppheita. Dette kom til syne ved at det til landsmøtet dette året var fire konkurrerande forslag til formuleringar innafor saksfeltet (Hoelseth 1989).

Immigrasjonsdebatten gjekk føre seg i kapitlet "Norge og verden" med avsnittet "Innvandring". Avsnittet skifta namn i 1989 til "Innvandring og flyktninger". Avsnittet vart delt i to i 1993 til "Innvandring" og "Asylsøkere og flyktninger" før dei vart samanslått att i 1997 til "Innvandrings- og flyktningpolitikk". I 2005 vart avsnitta "Asylsøkere" og "Integrering" flytta til midten av dokumentet. Den store endringa i strukturen til 2009-programmet tok med seg kapitlet og plasserte det lengre framme i dokumentet, i fyrste tredjedelen, med avsnitta "Innvandringspolitikk", "Sosiale ytelsoner", "Familiegjenforening", "Arbeidsinnvandring", "Flyktninger", "Asylsøkere" og "Integrering". I tillegg hadde ein "Norge og verden" i prinsipprogrammet ved dette valet. Kapitlet "Trygghet for liv og eiendom" snakkar òg om immigrasjonshøve. Prioriteten for saksfeltet auka kraftig i 1993 med auka omfang frå ei til fire sider. Omfanget auka vidare til fem sider i 2001 før ein var tilbake på to sider i den nye strukturen i 2009-programmet.

**Tabell 9.8: Immigrasjon, 1985-2009. Talet på treff for søkeord med sum og -rate.**

TREFF	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009
<b>Innvandring</b>	3	3	10	11	11	9	21
<b>Flyktning</b>	2	5	39	32	31	25	21
<b>Asylsøker</b>	0	1	14	9	9	14	14
<b>Opphold</b>	3	6	14	18	22	24	12
<b>Mottak</b>	3	1	5	5	6	13	14
<b>Integrering</b>	0	1	7	4	7	11	14
<b>Familiegjenforening</b>	0	0	5	12	11	10	4
<b>Morsmål</b>	3	1	2	2	3	1	0
<b>Rasisme</b>	1	1	3	1	0	0	1
<b>Toleranse</b>	0	0	3	2	3	3	2
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>19</b>	<b>102</b>	<b>96</b>	<b>103</b>	<b>110</b>	<b>103</b>
<b>Sum, %</b>	<b>0,01</b>	<b>0,11</b>	<b>0,43</b>	<b>0,32</b>	<b>0,27</b>	<b>0,25</b>	<b>0,32</b>

I tabellen ser ein at toppåret er 2005 for talet på treff, men det er i 1993 orda tek den største delen av dokumentet. 1993 var òg vendepunktet. "Innvandring", "Mottak", "Integrering" og "Rasisme" har tydeleg fleire treff i 2009 enn i 2005-programmet. "Mottak" gjer eit hopp i 2005 ved å doble talet på treff. Litt mindre tydeleg, men same tendensen ser ein for "Integrering". "Flyktning" har sitt toppår i 1993-programmet. "Opphald" og "Familiegjenforening" har mange treff i 1997, 2001 og i 2005.

Eg byrjar med partiet sine definisjonar på dei ulike immigrasjonsgruppene og byrjar med innvandrarane: "Med innvandrere forstår vi personer som kommer til Norge for å söke

langvarig opphold her uten at de er flyktninger" (FrP 1997:77-8). Immigrantar busett på grunn av familiesameining og opphold på humanitært grunnlag var òg innvandrarar. Partiet meinte at flyktningar var dei som hadde asylrett. Flyktingar kunne best hjelpast i sine nærområde meinte partiet, og vil på dette grunnlag auke bistand over Utanriksdepartementet sitt budsjett. Asylsøkarar var menneske som sjølv oppsøker Noreg (FrP 2005:53). Asylsøkarar som får avslag på søknaden vert ulovlege innvandrarar.

I utgangspunktet ynskte FrP fri rørsle av menneske mellom landegrensene, men på grunn av velferdssystemet i Noreg der òg immigrantar vart ein del av sosiallovgjevinga og med Folketrygda let dette seg ikkje gjere. FrP ynskte difor at menneske som ynskte å immigrere til Noreg måtte inngå kontraktar med ei lengd på seks månadar (FrP 1985:41). Gjennom Fremskrift fekk ein vite at ikkje alle i FrP delte immigrasjonssynet, men derimot meinte at immigrantane bidrog til auke i nasjonalinntekta, konkurranseevna og levestandarden (Egseth 1989). Flyktingar skulle verte gitt tilgang til landet, men måtte reise tilbake når det vart politisk mogleg. Politiske flyktingar som hadde oppnådd statsborgarskap kunne verte buande i landet, men partiet ynskte å ha ein immigrasjonspolitikk lik den Sveits førte (FrP 1989:48). Vidare ville dei berre akseptere asylsøkarar frå "fyrsteland"<sup>67</sup> (FrP 1989:49). Partiet ynskte seg dessutan ein politikk der ein fekk arbeidsløysetrygd frå heimlandet sitt i samanheng med utanlandsopphold, immigrasjon til andre land. Individet kunne med fordel prøve lykkja gjennom å nytte seg av immigrantar, meinte partiet, og næringslivet kunne skaffe seg kompetanse frå andre land. FrP satsa på ein aktiv integreringspolitikk med krav, innpass i arbeidsmarknaden, og oppnåing av det dei omtala som ei "normal" yrkeskarriere.

Partiet ville krevje norskopplæring for at immigrantane skulle å få same rettar som nordmenn (FrP 1989:45). Det skulle altså vere lik offentleg behandling, men ikkje for immigrantar frå utanfor EØS-området (FrP 1993:55-6). Dette skulle utøvast i praksis gjennom å knyte røysteretten til statsborgarskapet med unntak for nordiske borgarar. Toleranse burde fremjast meinte partiet, samtidig som dei tok avstand frå rasisme (rasisme òg i 1989). Immigrantane måtte innlemmast i reglar, normer og verdiar gjeldande for Noreg. Integreringsfokuset utvikla seg til neste program med synspunkt om at omsynet til heile folket burde ha forrang i forhold til einskilte grupper med omsyn til majoritetskulturen/-normene (FrP 1997:74). Sosiale ordningar og anna som føresat langvarig opparbeiding av innbetaling eller statsborgarskap

---

<sup>67</sup>Å ha Noreg som "fyrsteland" tyder at Noreg var det fyrste landet ein sökte asyl til.

skulle ikkje verte gitt til innvandrarar<sup>68</sup>. Bustadstandarden måtte heller ikkje vere betre for immigrantar enn for norske gjeldsoffer. Partiet meinte at det var reell grunn til å frykte motsetnadar mellom folkegruppene i Noreg. Difor vill dei avgrense immigrasjonen og framtvinge assimilering<sup>69</sup>. Røyster i partiet påpeikte dette allereie i forkant 1985-Stortingsvalet (Gundersen 1989). Partiet meinte at det ikkje var umoralsk å meine at ein bør førebyggje raske endingar i folket, dette var ikkje rasisme. Partiet meinte at innvandrarar har ei plikt til å tilpasse seg det norske samfunnet og lære barna sine norsk slik at dei vart klar til skulestart. Undervisning for å ivareta morsmål og kultur er ei privatsak. Morsmålet var ei privatsak òg i 2001, men då under "Grunnskolen" (FrP 2001:58).

Partiet byrja å uroe seg kring helserisikoen med immigrasjon til Noreg. Dei foreslo dermed ei obligatorisk innføring av HIV<sup>70</sup>-test for asylsøkarar frå høgrisikoland (FrP 1997:76). Til neste val hadde HIV-testen vorte til ein meir generell helsetest (FrP 2001:84). "Individuelle krav som måtte oppstå hos innvandrere i forhold til offentlige tjenester, som følge av religion, botid, kulturelle eller etniske tilhøve, vil samtidig den einskilte selv måtte dekke på same måte som det gjelder for norske borgere" (FrP 2001:81). Sosiale ordningar og anna basert på langvarig opparbeiding av rettar ved innbetaling eller statsborgarskap skulle ikkje verte gitt til innvandrarar (FrP 2005:53-4). Sosiale rettar skulle vere knytt til statsborgarskap eller opptente rettar. Ytingar etter lov om sosiale tenestar skulle fyrst kunne gjevast etter oppnådd opphold i landet. Sosiale ytingar bør i større grad knytast til statsborgarskap eller andre omsynsmessige avgrensingar (FrP 2009c:32). Særordninga med stønad for innvandrarar i alderen 18-25 år måtte opphøyre.

Flyktingsstatus på humanitært grunnlag skulle avgrensast til personar som kunne sørge for eige livsopphald utan stønad frå det offentlege: "**Livsopphold dekkes av private frivillige gaver og bidrag**" (FrP 1993:61). I tillegg måtte flyktingar måtte forplikte seg til å flytte tilbake og få hjelp til å returnere om dei sjølv ikkje ynskte å reise (FrP 1993:59). Partiet ynskte å utvise kriminelle asylsøkarar og andre kriminelle utlendingar som oppheld seg ulovleg i Noreg (FrP 1993:27). Partiet ynskte å ta imot kvoteflyktingar frå Dei Sameinte

<sup>68</sup> Dette er restriktiv statsborgarskapspolitikk som kjenneteiknar politikken på feltet i Sentral og Aust-Europa.

<sup>69</sup> Assimilering vert gjerne definert som den prosessen som gjer at ein minoritetskultur vert utsletta og forsvinn slik at gruppa misser sin etniske identitet og medlemmer vert, kulturelt sett, identiske med medlemmar av vertssamfunnet.

<sup>70</sup> HIV, human immunsviktsvirus vart offisielt påvist i 1981 og forårsakar den dødelege sjukdomen aids. Den vet skildra som pandemisk av verdas helseorganisasjon (WHO). Den smittar gjennom kroppsvesker, og særskilt via blod.

Nasjonar (FN) skulle avgrensast til 1200 i året 1993 (FrP 1993:62). Samtidig så ynskte dei å endre FN sin konvensjon for flyktingar. Partiet ynskte krav om at asylsøknadane skulle behandlast på 3 månadar slik at dei ikkje skulle krevje unødig med ressursar. Partiet ville avgrense talet på "fjernkulturelle" som vert gitt opphold i Noreg til 1000 personar i året og kvoteflyktingar burde prioriterast. Flyktingsstatus skulle heller ikkje verte gitt til grupper. Partiet ynskte seg etterkvart ein generelt strengare innvandrings- og flyktingspolitikk (FrP 1997:33). Det kom til syne gjennom instrammingar og presiseringar som at flyselskap som tok med seg flyktingar utan papir skulle bøtleggast, at flykaprarar ikkje var ynskt og kyrkjeasyl skulle verte ulovleg (FrP 1997:80). Behovet for arbeidskraft burde dessutan helst løysast innafor landet sine eigne grenser gjennom omstilling i landbruk og offentleg sektor (FrP 2001:82). Dette var ei instramming i forhold til tidlegare då dei ville at arbeidsgjevarane skulle prøve lykka i den immigrerte arbeidskrafta. Næringslivet skulle heller motivere arbeidsføre til å utnytte si arbeidskraft. EØS<sup>71</sup>-borgarar vart akseptert om ein fyrst skulle gå utanfor Noreg. Ei strafferamme på 3mnd eller meir skulle gi automatisk utvising av immigranten for soning i heimlandet eventuelt like etter soning (FrP 2001: 33, 84). Det å presentere seg gjennom ein falsk identitet skulle òg føre til utvising. Partiet ynskte seg soning i heimlandet for lovtrytande immigrantar (FrP 2001:33). Borgarar frå land utanfor EØS skulle i avgrensa omfang få rett til opphold. Partiet påpeikte behovet for auka satsing mot asylkriminalitet og menneskesmugling (FrP 2005:42). Det var etisk uforsvarleg å ikkje stramme inn politikken kring innvandring av asylsøkjrarar (FrP 2005:55-57). Partiet ynskte seg òg eit generelt forbod mot søskjenbarnekteskap. Partiet ynskte å innføre "**tvungen retur til opprinnelsesland, antatt opprinnelsesland eller annet land i regionen vedkommende antas å ha kulturell tilknytning til**" (FrP 2009c:33). Arbeidsgjevarane skulle dessutan delvis overta det finansielle ansvaret knytt til immigrantane sin bruk av velferdsordningar.

Mottaket av flyktingar skulle avgjerast med folkeavrøysting enten nasjonalt eller lokalt meinte partiet (FrP 1997:80). Dette omformulert til neste program til at mottak av flyktingane skulle avgjerast av den einskilte kommune (FrP 2001:84). Staten skulle òg dekke dokumentere utgifter ved utplassering av flyktingar dei sju fyrste åra. Avgjersla om flyktingmottak vart endra i 2005-programmet slik at den einskilte kommune skulle avgjere eksistensen av og omfanget av desse (FrP 2005:33,55). Det var då kommunen sjølv som skulle avgjere om den

---

<sup>71</sup> EØS, Det europeiske økonomiske samarbeidsområde. EØS-avtalen regulerer samhandel og andre økonomiske forhold mellom dei fleste europeiske land gjennom Den Europeiske Union og Det Europeiske Frihandelsforbund. Avtalen vart underteikna i 1992.

var klar til å ta imot flyktingar, og kommunen forplikta seg deretter til å følgje opp integreringa til flyktingane i lokalsamfunnet (FrP 2009c:33). Etter at mottak av flyktingar hadde endra seg ved kvart val sidan 1997 nådde ein eit foreløpig punkt der partiet ville innføre veto mot etablering av asylmottak i eiga kommune.

Medborgarskap til immigrantane vart av partiet kopla til trygder og overføringer og vart difor viktig for immigrasjonspolitikken. Partiet ynskte at norskkunnskap og forsørgjarevne skulle vere knytt til oppnåing av statsborgarskap saman med sju år butid (FrP 1997:75). I neste program kom dei med krav om truskapsløfte og avkall på andre statsborgarskap om ein skulle verte norsk (FrP 2001:85). Ei røyst innafor partiet ynskte at innvandrarar skulle kunne få behalde sitt gamle statsborgarskap slik at dei kan sendast tilbake til opphavslandet om dei vert kriminelle (Bakstad 2001). I 2001 auka ein butida frå sju til ti år for å få statsborgarskap, men ved ekteskap med nordmann var kravet berre fem år (FrP 2005:56). Samtidig ynskte partiet innføring av eit identitetsregister slik at ein kunne bruke DNA<sup>72</sup> til å kontrollere slektskap og identitet. Partiet vil ikkje godta dobbelt statsborgarskap.

Partiet ynskte ingen automatisk rett til å la familiemedlemmar innvandre (FrP 1989:45). Familiesameining for fyrstegenerasjons innvandrarar skulle vere for foreldre, ektefelle og eigne barn om dei kunne forsørgjast utan sosialhjelp eller andre ytingar (FrP 1993:55). Familiesameining har til neste val fått eige avsnitt og spissa bodskap om at det bør gå føre seg i deira heimland og ikkje i Noreg (FrP 1997:75). Foreldre var tatt vekk frå kven som kan nytte seg av tilboden og ein skulle ikkje ha rett til vidare eller ny sameining. I 2001-programmet ville partiet opne opp for at det kan brukast DNA-test for å sjekke familiebanda (FrP 2001:83). Ein måtte dessutan ha ei butid på to år for å kunne søke om sameining. Til valet etter var ektefelle og born klarare definert til å vere ektefelle over 24 år og barn under 15 år (FrP 2005). Den samla tilknyting til Noreg måtte dessutan vere størst. Grensa for kva som er barn vart auka til 18 år til neste program (FrP 2009c:32-3). Vaksne familieinnvandrarar bør ha opparbeidd seg eit minimum av norsk- og samfunnskunnskap. FrP ville innføre språk- og kunnskapstest som vakse familieinnvandrarar måtte bestå i heimlandet før dei kan få opphold. Personar frå EØS- kan få unntak.

---

<sup>72</sup> DNA, Deoksyribonukleinsyre er materialet som våre genar er bygd opp av. DNA vil, med unntak av for ein negga tvillingar, vere unikt for kvart individ. I tillegg vil arreststoffet gje opplysningar om personens biologiske opphav. DNA vert nytta derfor til identifiseringsformål.

## Hovudfunna for immigrasjon i partiprogrammet

Partiet fører ein stadig meir restriktiv immigrasjonspolitikk. Vendepunktet kom med 1997-programmet. Då skil dei kulturelt mellom nordmenn, nordiske borgarar, EØS og den ikkje vestelge verda. Partiet vil ha likebehandling frå det offentlege, men ynskjer å skilje menneska etter kvar dei immigrerer frå.

## Oppsummering av hovudfunna i partiprogrammet

Her presenterar eg hovudfunna frå dei sju avsnitta som tek for seg kvinnepolitikken i FrP. Eg byrjar med ein samletabell før eg presenterar hovudfunna i avsnitta.

**Tabell 9.9: avsnittsoverskrifter, søkeordtreff og treffprosent samla**

KVINNE-POLITIKK	1985		1989		1993		1997		2001		2005		2009	
Saksfelt	Sum	Sum %	Sum	Sum %	Sum	Sum %	Sum	Sum %	Sum	Sum %	Sum	Sum %	Sum	Sum %
<b>Likestilling</b>	40	0,27	46	0,27	107	0,45	111	0,37	148	0,39	194	0,44	149	0,46
<b>Familien</b>	70	0,47	60	0,35	166	0,69	233	0,79	256	0,68	321	0,73	215	0,66
<b>Pass og pleie</b>	126	0,84	153	0,89	223	0,93	278	0,94	298	0,79	328	0,74	228	0,70
<b>Lønnsarbeid</b>	313	2,09	351	2,05	490	2,04	530	1,79	617	1,64	726	1,64	564	1,73
<b>Trygd</b>	108	0,72	192	1,12	163	0,68	136	0,46	137	0,37	155	0,35	163	0,50
<b>Helse</b>	146	0,98	182	1,06	222	0,93	298	1,01	341	0,91	387	0,88	266	0,82
<b>Immigrasjon</b>	15	0,01	19	0,11	102	0,43	96	0,32	103	0,27	110	0,25	103	0,32
<b>SUM</b>	<b>818</b>	<b>5,55</b>	<b>1003</b>	<b>5,86</b>	<b>1473</b>	<b>6,14</b>	<b>1682</b>	<b>5,68</b>	<b>1900</b>	<b>5,06</b>	<b>2221</b>	<b>5,02</b>	<b>1688</b>	<b>5,19</b>

I tabellen får ein inntrykk av at 1993 skil seg ut som eit toppunkt. FrP vart velferdspolitisk i 1997. Før 1993 har ein vekst i treffa til sökeorda og saksfeltet og etter 1993 vert FrP mindre opptekne av kvinneinteressene gjennom at sökeorda gradvis minkar før ein auke med 2009-programmet. "Helse som er subjektivt definert følgjer same mønster som dei teoretisk definerte avsnitta, medan "Immigrasjon" avvik noko frå dette med nedgang i 1997 saman med unntaket "Trygd".

Partiet er ikkje for likestilling sidan dei meinar at kvinner og menn er forskjellige og ynskjer å ivareta desse skilnadane. Politikken til FrP vil ikkje hjelpe kvinnene mot deltaking i lønnsarbeid. Partiet fokuserar på familien si rolle i oppseding og omsorg av barn. Fødselspermisjonspengane skal ikkje vere kopla til lønnsarbeidet sidan det skal overførast til statsbudsjettet. Partiet har utvikla seg i positiv retning med tanke på institusjonalisering av

barnepass slik at kvinnene kan arbeide eller drive politikk. Dette kjem nok av at omsorg og oppseding skulle skje i heimen og skulen skulle vere for læring. Trenden er auka fleksibilitet i opningstidene i barnehagen og lengda på skuledagen og dei eldre skal òg få eit betre institusjonstilbod. Partiet har arbeidd seg fram mot at det offentlege skal finansiere, gjennom stykkpris, skule og dei eldre sine behov. Barnehage og SFO skal foreldre dekke kostnadane til. Eldre har på den måten gått i motsatt retning av barn. Eldre var i byrjinga det offentlege sitt ansvar med gradvis oppmjuking for heimebasert omsorg gjennom omsorgsløn, medan for barn byrja ein med heimebasert omsorg og enda opp med å sjå at enkelte òg kan ha behov for å institusjonalisere barn. Dette ville i seg sjølv føre til at nokon må vere heime, og i vår kultur vil dette vere kvinna. Partiet vil fordele stønadar og trygd mellom Folketrygda og statsbudsjettet med differensierte oppgåver. Folketrygda skal ta for seg sjukeforsikring og aldrespensjon. Partiet fortel om varierande meningar kring pensjonsalder gjennom perioden. Dei ysnkte å innføre avgrensingar for eigenbetalingar på helsetenestar ei endring frå å vere overens med deira politikk og dei økonomiske prinsippa. Dette kom til syne gjennom endring frå at partiet ville at pasienten skulle betale mellomlegg ved privat behandling til at stykkpris skal dekke både privat og offentleg behandling grunna i juss. Privat behandling dessutan skulle ikkje skattleggast som saman med poliklinikk, etterutdanning av personale og utanlandsopphald skulle bøte på helsekøane. Dessutan skulle ein vurdere kostnadane i ulike budsjett ved avgjersle om behandling. Partiet fører ein restriktiv immigrasjonspolitikk. Private velgjerarar eller immigrantane si familie skal finansiere livsopphaldet deira. Dei er særskilt skeptiske til å la familiemedlemmar immigrere. Sin eigen kultur er eige ansvar. Partiet vert meir og meir skeptisk til immigrantar dess fjernare dei er frå Noreg både i geografi og kultur. Dei er redde for konfrontasjonar mellom folkegrupper som tilhøyrer ulike kulturar. Dei føreslår tiltak for å tryggje Noreg frå immigrantar både helsemessig og kulturelt. Barn var under 15 år for immigrantar, men vart i 2009 menneske under 18 år.

# Kapittel 10 : Konkluderande samankoppling


*Sentralside, veike sider, implikasjonar og komande forsking*

Likestilling mellom kjønna var lenge utenkeleg, men på 1970- og 80-tallet vart dei store debattane tatt og tiltak vart sett i gong for å betre kvinnene sin situasjon. Kjønnsdebattane og likestillingstiltaka vart med på endre folk sine haldningar og likestilling mellom kjønna var noko dei fleste såg på som positivt i vårt samfunn. Framleis kan vi sjå at likestilling vart definert ulikt i dei politiske partia, noko som hadde ført til usemje om kva tiltak som var rett. Fordelinga av kvinner og menn i politiske og offentlige verv var lenge svært skeiv. Etter kvart opplevde ein at favoriseringa av menn i politikken var i ferd med å forsvinne takka vere statsfeminismen. Derimot hadde ein i samfunnet på mange måtar opplevd ei minkande merksemd kring likestilling og ein frykta at valfridom skulle erstatte og bremse likestillingsutviklinga. Dette samtidig som FrP auka si oppslutnad i folket med eit syn om fridom frå lønnsarbeidet er det beste for barna og då òg for kvinnene. Likestilling med omsyn til lønsarbeid var og har alltid vore særskilt utfordrande for kvinner med små barn. I dette avsluttande kapitlet tek eg kort for meg diskusjonen kring hovudfunna i kvinneratane og kvinnepolitikken, samt implikasjonane for oppgåva gjennom teori, operasjonalisering og praktisk politikk. Eg avrundar med framlegg til komande forsking.

## Hovudfunna i oppgåva

Før eg tek til på diskusjon kring kva som koplar av kvinneratane til kvinnepolitikken i FrP vil eg byrje med å skildre samanhengen mellom omgropa frå sentrale delar av oppgåva mi. I denne oppgåva har eg skildra og forklart kvinnepolitikk ved hjelp av kvinneratar frå FrP.

**Figur 2: Tiltihøvet mellom kvinner, kvinneinteresser og kvinnepolitikk.**



Figuren skildrar tiltihøvet mellom kvinneratane og kvinnepolitikken. Så lenge det finst skilnadar mellom kvinner, slik ein vart presentert for i operasjonaliseringskapitlet, ville det òg

vere ulike interesser for ulike grupper av kvinner. Dette gjeldande for dei subjektivt definerte kvinneinteressene. På den andre sida hadde ein dei teoretisk definerte kvinneinteressene som var basert på det som ville vere til det beste for kvinnene og i dette tilfelle meir konkret i form av det å vere økonomisk uavhengig av familien. Gjennom ideologien som ligg som ei snor langs det politiske feltet som til dømes kjem til syne i ein høgre- og venstredimensjon med liberal og relasjonell feminism. Dette kunne vidare koplast til veljarane, medlemmane og delegatane sine bakgrunnar. Venstresida var kjent for å i større grad ynskje frigjering av kvinnene. Difor ville parti til høgre i politikken kunne ventast å ha andre interesser og ville dermed føre ein annan politikk.

Tiltilhøvet mellom objektivt definerte interesser gjennom teori kring økonomisk frigjering av kvinner og dei subjektivt definerte interessene frå FrP-veljarane syntetiserte at det var samanfall mellom mange saksfelt. Dei samanfallande saksfelta var "Likestilling"<sup>73</sup>, "Familien"<sup>74</sup> og "Pass og pleie"<sup>75</sup>. Dei reikt teoretiske var "Lønsarbeid" som var kopla til den marginale kvinnesaka "Sysselsetting" frå 1985 (også relatert til mannesakene "Skatt og avgift" hjå veljarane og "Lønsskilnad"<sup>76</sup> hjå medlemmane) og trygd. Dei reikt subjektive var "Helse" og "Immigrasjon". Teoretisk definerte saksfelt som ikkje var nemnt i partiprogramma i det heile var element innafor 'affirmative action' (kvinneliste, reserverte seter, økonomisk stønad for kvinnelege kandidatar).

## Kvinner si deltaking og nærvær i politikken

Det var kjønnsskilnad i partiansiennitet i FrP og Høgre. Dette hadde hatt størst konsekvens i Høgre sidan kvinner i FrP lettare slapp til utan lang fartstid i partiet. I KrF var kvinnene i større grad passive støttespelarar. FrP-veljarane hadde i mindre grad vore partimedlemmar. Partiet som har dei mest deltakande veljarane var KrF som hadde den høgaste kvinnerata saman med kjønnsdifferanse som tydde at menn i enda større grad var partimedlemmar. Dei

<sup>73</sup>Den teoretiske operasjonaliseringa tek for seg kvotering og likestillingslova, og subjektivt i partiorganisasjonen: "Meir likestilling mellom kjønna" har kjønnsdifferanse på 9,8 prosentpoeng for medlemmane og 4,3 prosentpoeng for delegatane. "Kvotering" 33 prosent kvinner hos medlemmane med 19 prosentpoengs kjønnsdifferanse og sju prosent kvinner hos delegatane med kjønnsdifferanse seks prosentpoeng.

<sup>74</sup>Saksfelt frå veljarundersøkingane, subjektiv definerte, hadde desse namna: "Barn og familien"

<sup>75</sup>Saksfelt frå veljarundersøkingane, subjektiv definerte, hadde desse namna: "Eldre", "Utdanning" og "Barnehagar",

<sup>76</sup>"Godta lønsskilnadar" har kjønnsdifferanse på -15,5 prosentpoeng hos medlemmane.

kvinnelege FrP-veljarane hadde byrja å delta i demonstrasjonar. Det same gjaldt tildels i KrF, men der deltok òg mennene.

FrP-kvinnene hadde byrja å delta på nominasjonsmøte, dei tok opp saker med politisk parti og sendte skriftleg klage til styresmaktene. Saksopptaking og klageskriving hadde opplevd ei relativt tydeleg auke. Tendensane var mindre tydlege i Høgre og KrF. Det var ikkje kjønnsskilnadar innafor dei einskilte vala berre ei utvikling over tid.

## Kvinner sin bakgrunn

Bakgrunnseigenskapar tok for seg utdanningsnivå, yrkessektor og inntekt. I tillegg til hovudforsørgjar sitt yrke under oppveksten for partiorganisasjonen der KrF skilte seg særskilt frå dei to andre partia som berre skiltast med omsyn til at FrP hadde ei høgare kvinnerate innafor "Arbeidarar og handverkarar" medan Høgre hadde fleire "Funksjonærar". Innafor utdanning hadde FrP i større grad lågt utdanna veljarar, medlemmar og delegatar. I 1993 delte partiet dette med KrF, men i 2005 var dei áleine. FrP hadde hatt den lågaste kvinnerata i offentleg sektor. Skilnadane mellom FrP og Høgre var berre marginale hjå medlemmane og veljarane i 2005. Høgre fekk tydeleg redusert si kvinnerate innafor sektoren frå 1993 til 2005. FrP hadde ikkje kjønnsskilnadar hjå delegatane eller veljarane, medan Høgre i 1993 hadde relativt fleire menn i offentleg sektor og KrF opplevde det same i 2005 om enn berre marginalt. KrF hadde på alle nivå stor kvinnerate i offentleg sektor. FrP-kvinnene skil seg frå dei andre partia med å i større grad å ikkje ha kjønnsskilnadar innafor utdanningsnivå. Berre KrF har signifikant kjønnsskilnad hos medlemmane med høg kvinnerate med berre grunnskuleutdanning. Veljarane har auka kvinnerata si mellom 1993 og 2005, men menn har auka den meir. Partiet har eit lønsnivå hos kvinnene midt mellom Høgre og KrF. I KrF hadde 72 prosent av dei kvinnelege medlemmane i partiet hadde låg inntekt. Dette endra seg til landsmøtedelegatnivå der ein fjerdedel av kvinnene hadde høg inntekt.

## Kvinner sine haldningar

På haldningssida er det kjønnsskilnadar gjennom heile perioden og det var skilnadar i interesser og haldningar over nivåa. Dette synte seg i at "Miljøvern" gjekk att frå medlem til delegat, men kjønnsskilnaden skifta forteikn. Veljarane i FrP hadde i 2001 "Eldreomsorg"

som einaste tydelege kvinneinteresse og "Skatt og avgift" som menn si dominerande interesse. "Likestilling" og "Miljøvern" var kvinneinteresse hjå medlemmane og "Alkoholavgifter" og "Gasskraftverk" var manneinteresser. "Førebyggande arbeid" var kvinneinteresse og "Miljøvern" var manneinteresse hjå delegatane. Utifrå same utvalsmetode som for partiorganisasjonen vart framleis "Utdanning" kvinneinteresse medan manneinteressa ikkje endra seg. "Utdanning" var den tredje tydlegaste kvinneinteressa i FrP, men KrF hadde marginalt høgare kvinnerate og kjønnsdifferanse enn FrP, medan Høgre hadde dobbelt så høg kvinnerate med omsyn til FrP òg ein tydeleg kjønnsskilnad.

## Kvinneinteresse

Kvinneinteressa som gjekk att gjennom flest val var "Eldreomsorg" som vart nøytralt i 2005. "Immigrasjon" gjekk att ved tre val (1989, 1993 og 2005) og gjekk att nest flest gongar, medan "Helsevesenet", "Barn og Familie" og "Utdanning" var kvinneinteresser ved to stortingsval. Eg brukar den tydlegaste kvinneinteressa til å illustrere utviklinga av tiltihøvet mellom dei tre partia FrP, Høgre og KrF. I 1985 hadde både Høgre og KrF høgare kvinnerate for "Eldreomsorg" samsundes med marginalt sterkekvinneinteresser. Dette endra seg til at FrP fekk auka kvinnerata med omsyn til seg sjølv og dei andre partia i 1989. Høgre hadde enno tilnærma lik kjønnsdifferanse. KrF hadde kraftigast reduksjon, nedgang med over ti prosentpoeng. I 1993 hadde FrP "overtatt" kvinnene som vektlegg eldreomsorg, dette var nok partiet sitt toppval med omsyn til dette saksfeltet. FrP mista mykje av dominansen sin i 1997, "Eldreomsorg" var no berre den tredje største kvinneinteressa i partiet og særskilt kjem Høgre sterkt tilbake. "Eldreomsorg" var att den tydlegaste kvinneinteressa i FrP i 2001, men det var no berre marginale skilnadar mellom dei tre partia.

## Partiprogrammet og kvinnevenleg politikk

No har eg kome til diskusjonen kring kva som definerte partiprogramma kvinnevenlege, veikt kvinnevenlege, nøytrale eller ikkje kvinnevenlege. Dei fleste partia innehavar både kvinnevenlege og ikkje kvinnevenlege element, men eg freista å gje eit heilsakleg inntrykk gjennom vurderinga av kategoriseringa.

Partiprogrammet for 1989 og 1993 var kvinnevenleg grunna at dei fatta merksemd rundt si eiga underrepresentasjon av kvinner i form av for låg kvinnerate som dei ynskte å utbetre. Valprogrammet i 1985 var nøytralt likestillingsmessig på grunn av ynskt fyrstegongsteneste òg for kvinner, men ektefelledelt skattlegging svekka inntrykket. Partiprogramma var ikkje kvinnevenlege i 1997 fordi kvinnedebatten hadde stilna og fokus gjekk over på individet og valfridom, i 2001 ynskte partiet å fjerne kjønnsdiskriminering frå marknadsføringslova samsundes som ein gjekk enda sterkare vekk frå gruppeomsyn, og i 2005 vart verneplikt for kvinner fjerna som eit arbeidsmål.

Kvinnevenlege partiprogram med omsyn til "Familien" hadde partiet i 1989 fordi dei ville flytte fødselpengane over til statsbudsjettet, noko som ville gje fødselspermisjon for alle truleg òg for menn, som er ein fordel sjølv om den då ikkje vert kopla til lønsarbeidet, og i 2005 på grunn av aksept for sambuarar og arbeidsmål mot tvangsekteskap. I 2009 var saksfeltet nøytralt fordi partiet likestilte rettane til å ta vare på eige barn, men kven som skulle ha fødselspermisjon skulle avgjerast i familien. Programmet var ikkje kvinnevenleg i 1985 sidan partiet veklagde at familiene var særsviktig for oppveksten, noko som kunne tyde negativ haldning med omsyn til at omsorg utført utanfor familien. I 1993 fremja partiet det frivillige i familien. I 1997 ynskte partiet barselpengane inn i eingangsstønaden og i 2001 skulle barselpengar inn i barnetrygda. Dette ville ikkje fremje deltaking i lønsarbeidet.

"Pass og pleie" var kvinnevenleg i 1989 grunna i innlemming av fødselspermisjon i programmet, i 2001 lære elevane folkeskikk, drive med leksehjelp og kontantstønad og i 2005 skulle det gjeninnførast mellom anna disiplin, utviding av skuledagen, barnehagertilbodet og plassar til eldre i utlandet. Nøytralt i 2009 på grunn av SFO og bredde i tilrettelegging av fråver frå lønsarbeid. Ikkje kvinnevenleg i 1985 fordi familiene skulle ta seg av pass og pleie, i 1993 var partiet eksplisitt negativ til kvinners yrkesdeltaking, i 1997 åtvarar mot statens overtaking av pass og pleie, men vil auke talet på sjukeheimplassar og opne for heimebasert omsorg og omsorgsløn.

Vektlegging av praktisk opplæring gjorde "Lønsarbeid" litt meir kvinnevenleg i 1989. Nøytralt i 1985 grunna i at partiet ikkje ynskte vern av løinsnivå og tilsetjing, framdrift i studiane, i 1997 ville partiet ta vekk det lovregulerte tilhøvet mellom arbeidstakar og -gjevar, premiering av normert tid, i 2009 mellombelse tilsetjingar, tettare tilknyting til næringslivet i utdanningane, konsumprisregulert studiestønad. Ikkje kvinnevenleg i 1993 på grunn av ynskje

om krymping av offentleg sektor, normalarbeidsdag og institusjonane skulle sjølv setje opptakskrava, straff ved forsinka studiar, i 2001 grunna i fokus på fri vilje og marknad, ikkje opplæringsplikt i vidaregåande skule, og forskingsfokus, i 2005 grunna i at partiet ynskte nedlegging av Lånekassa.

I det kvinnevenlege avsnitt for "Trygd" i 1989 ville partiet gje 100 prosent sjukeløn, men partiet forklarte at dei yrkesaktive måtte delta i betalinga av pensjonen til dei som ikkje har betalt inn til Folketrygda samstundes med privat finansiering for å få utbetalt meir enn Folketrygda. Kvinnevenleg òg i 1993 på grunn av at dei ynskte å innføre juridiske rettar knytt til pensjonsutbetalingar og helsebehandling. I 2001 var denne delen av programmet kvinnevenleg fordi partiet ynskte å få folk raskare tilbake i arbeid og ikkje innføre reduksjon i pensjon ved yrkesaktivitet. I 2009 ynskte partiet å påskjønne for lite sjukdom, pensjon var no noko mindre knytt til lønsarbeid og den skulle vere skattefri. Samla vart dette vurdert som kvinnevenleg. "Trygd" var nøytralt i 1985 sidan det ville innføre eit forsikringssystem, men dei som ikkje har betalt inn skulle dekkast av folketrygda og i 1997 hadde partiet mindre fokus på regress og ville ha eldre i arbeid etter pensjonsalder. Som ikkje kvinnevenleg kategori i 2005 kom partiet med omgrepene Folkepensjon.

## Kvinnepolitikken forklart av kvinneratane

Tabellen 10.1, under, syner funna frå kapittel "Partiprogram" som byrja med å ta for seg avhengig variabel som er inndelt i fem delkapittel definert av teorien som kvinneleg frigjering. Dei subjektivt definerte interessene var berre frå veljarane, ikkje partiorganisasjonen, på grunn av datatilgjenge. Dei uavhengige variablane vart skildra i kapitla "Veljarane" og "Partiorganisasjonen" som tok for seg interesser/haldning, kvinnenes politiske nærvær og deltaking, og bakgrunn. Nærvær, saman med interesse og deltaking for veljarane, var høva som eigna seg for denne tabellen sidan ein kunne signalisere endring i form av pluss og minus. Dette fordi kvinneratane og partiprogrammet er det viktigaste i analysen og på grunn av bakgrunnsvariablane til veljarane og data elles i partiorganisasjonen vankeleg kan plasseres i tabellen med sine to datapunkt i staden for dei sju (valåra) i tabellen.

**Tabell 10.1: Kvinnepolitikk i FrP og kvinnerate, 1985-2010.**

FrP	Variablar	1985	1989	1993	1997	2001	2005	2009	
Veljarane	Interesse <sup>77</sup>	-	+	+	-	+	-	N/A	
	Deltaking:								
	<i>Kvinnerata</i>	+	-	-	+	-	+	N/A	
	<i>FrP-kvinner</i>	+	+	-	+	-	+	N/A	
	Nærvarer <sup>78</sup>	0	+	+	+	+	-	N/A	
Partiorg. <sup>79</sup>	Nærvarer:								
	<i>Sentralstyret</i>	N/A	+	+	-	-	N/A	+	
	<i>Landsmøte</i>	-	+	+	-	-	N/A	+	
	<i>Medlemmar</i>	N/A	N/A	N/A	N/A	27	N/A	N/A	
	<i>Partileiar</i>							+	
Partiprogramma <sup>80</sup>	Likestilling	+/-	+	+	-	-	-	-	
	Familien	-	+	-	-	-	+	+/-	
	Pass og pleie	-	+	-	-	+	+	+/-	
	Lønsarbeid	+/-	(+)	-	+/-	-	-	+/-	
	Trygd	+/-	+	+	+/-	+	-	+	
	<i>Kvinnevenleg</i>	-	+	-	-	-	-	+/-	
	Helse	-	+	(+)	+	(-)	(+)		
	Immigrasjon	0	+	+	(+)	+/-	+		

Ein ser av tabell 10.1 at FrP har vore lite kvinnevenleg. Det var berre i 1989 at den kvinnevenlege politikken dominerte. I tillegg ser ein at 2009-programmet var nøytralt. Partiet er mest kvinnevenleg innafor "Trygd". Når ein ser på dei reint subjektivt definerte saksfelta "Helse" og "Immigrasjon" var desse definert som kvinneinteresser nokså ofte.

Veljarane hadde aukande kvinnerate i forkant av kvinnepolitikken sitt toppår, 1989. Eg hadde diverre fått tak i lite data frå partiorganisasjonen frå 1985. Ein legg likevel merke til den låge

<sup>77</sup> Plussteiknet, +, tyder at det er kjønnsskilnadar i kvinneinteressene som er større enn ti prosentpoeng. Negativt forteikn, -, tyder marginale eller ingen kjønnsskilnadar.

<sup>78</sup> Kvinnelege stortingsrepresentantar, rate. Nominasjonsmøte, saksopptaking og skriftleg klaga hadde ikkje signifikante kjønnsskilnadar.

<sup>79</sup> Det er vanskeleg å plassere partiorganisasjonen i tabellen sidan det berre er data frå ujamne mellomrom. 1980, 1986, 1987, 1990, 1994, 1995, 2001, 2005, 2009 og 2010. I tabellen har eg brukt data frå nærmaste val. Manglande data er markert med N/A.

<sup>80</sup> Dersom ein i avsnittet frå partiprogrammet, som synest som variablar i tabellen, opplever ein endring mot å frigjere kvinnen vert dette synt med plussteikn, +, og om ein ser ei endring i motsatt retning kjem dette til syne med minusteikn, -. Teiknet for 1985 syner om perioden sitt utgangspunkt var kvinnevenleg. Helse og immigrasjon vert diskutert litt annleis, plussteikn vil tyde at veljarane definerte dette som kvinneinteresse. Parentes, (), tydar at ein er i tvil om programmet er kvinnevenleg, for helse og immigrasjon tyder dette marginal kjønnsskilnad og både pluss og minus tyder helt nøytralt saksfelt. I tabellen vil 0 tyde fråvær, at ingen i partiet har nemnt denne saka som viktig for røystinga si ved valet eller ingen kvinner var representert.

kvinnerata på landsmøtet der partiprogrammet for 1989 vart vedteke, og Sentralstyret som er oppført i 1989 hadde si periode i forkant av landsmøtet 1988/1989. Det same var høva i 2005 som i 1989 og 1997. Den negative kvinnerata, reduksjon, i 2005 kan ha ført til at det kvinnepolitisk nøytrale partiprogrammet i 2009. Sidan både organisasjonen og veljarane auka nærværet sitt i forkant av 1989 og medan berre veljarane hadde auka rate i 2009. Partiorganisasjonen opplevde auka kvinnerate i samanfall med arbeidet på det nøytrale partiprogrammet. Trass i at veljarane òg fekk auka representasjon og valdeltaking i 1997 var programmet særslit kinnepolitisk både objektivt og subjektivt i 2001. Dette kunne kome av nedgangen i kvinnerepresentasjonen i partiorganisasjonen i perioden valprogrammet vart diskutert og vedtatt. Tidsetterslep kunne ha noko å seie sidan det tek tid før "nye" veljargrupper får sett sitt preg på partiprogrammet. Difor kunne ein risikere at valoppslutnad og innval til partiorganisasjonen fekk verknad fyrst fleire år eller val seinare.

"Helse" og "Immigrasjon" kunne definerast som kvinneinteresser uansett kvinneratar hjå veljarar og partiorganisasjon sidan definisjonen på kvinneinteresse gjennom subjektiv operasjonalisering kom frå kjønnsdifferansar og ikkje kvinnerate. Immigrasjonspolitikken gjekk i restriktiv retning og helse gjekk vekk frå eigenbetaling og starkare helsekø-fokus.

## Konkludering kring sentrale funn

Ein kunne ikkje seie noko om kor sterkt variablane er samankopla ved hjelp av ein studie som eg har utført, men ein kan likevel finne koplingar. Frå tabell 10.1 ser ein at kvinnerate ikkje kunne utelukkast å forklare ein kvinnevenleg politikk. Dermed kan hypotesen om ingen samanheng mellom kvinneratane forkastast. Det ser òg ut som om hypotesen om at partiorganisasjonen ikkje tel meir enn veljarane held vert forkasta. Dessutan så skilte seg frå partiorganisasjonen samsundes som FrP var noko anna enn Høgre og KrF, medan veljarane og partiorganisasjonen samanfall til tider slik at partia var like ved nokre høve. Ein kunne likevel ikkje seie noko om variasjonen var større innafor partiet enn mellom partia eller over tid.

## Implikasjonar

Kvinnerata trong ikkje å vere nokon avgjerande forklaringsfaktor for kvinnepolitikk sidan kjønn ikkje var det i Pitkin (1967) sitt fokus på i konstruering av den nye kategorien

substansiell representasjon. På den måten var vurdering av representasjonshandlinga i hennar fokus. Menn kunne i følgje ho dele interesser med kvinner, og plassering eller nærvær til der avgjersler vart tatt. Det å ha makt, som ofte kjem til syne i kritiske aktørar, var av større tyding enn den særskilte rate. Føresetnaden er at *nokon* ytrar og fremjar interesse for kvinneleg deltaking i lønsarbeid og økonomisk frigjering frå familien.

Problemet med koplinga av kvinnefrigjering til FrP var at partiet aldri har eigm omgrepet. Det var generelt problematisk å bruke omgrep som er definert av den andre retninga i politikken, venstresida. Likevel var det interessant å plassere partiet innafor dette konseptet. Det mest interessante er at veljarane delar mange av saksfelta med teorien kring kvinnene si økonomiske frigjering. Det var særskilt viktig å forske på FrP sin kvinnekjønn politikk no når dei får aukande oppslutnad frå kvinnelege veljarar samsundes som partiet får stadig fleire stortingsrepresentantar. Ein burde dessutan vere forsiktig med å ta i bruk kategorien kjønn på same måte som ein skulle syne varsemd for all kategorisering av menneske sidan det ofte vert like store variasjonar innafor gruppa som mellom gruppene.

Implikasjonane for praktisk politikk med mål om å representere kvinneinteresser på den eine sida og på den andre sida likestilling med omsyn til deltaking i lønsarbeidet for å frigjere kvinna syntes usikre. Sjølv om min studie ikkje tyda på at deltaking var ei viktig forklaring på variasjon i kvinnekjønn politikk, var det heller ikkje noko som tyda på det motsette og min studie var soleis ikkje eit argument mot kvinneleg deltaking. Ei sentral oppgåve var å løyse opp skiljet mellom rollene som *forsørgjar* (mannleg) og *omsorgsgjevar* (kvinneleg).

## Framlegg til komande forsking

Eit naturleg startpunkt for framlegg kring komande forsking er denne casestudien av FrP.

Nærmare studie av partiprogramma på høgresida i politikken eller alle partia på Stortinget for å sjå på skilnadane i kvinnekjønn politikk ville kunne vere av samfunnsvitskapleg interesse. Det same ville gjelde ein studie av partiprogramma til dei europeiske familiemedlemmane til FrP, PRR-partia, med omsyn til kvinnekjønn politikk. Kopling av biologisk- og åtferdsforskning kring kjønn òg i statsvitenskapen vil vere nyttig for å finne ut om denne kategorien er fruktbar innafor faltet. Det er òg mogleg at det kunne finne ei koplig tilbake frå kvinnekjønn politikk til kvinne sidan haldningar kan forsterkast av samfunnet og ideologiske strøymingar, sjå Figur 2.

# Kapittel 11 : Kjelder

Alfabetisk liste over publikasjonar, dokument og spørjeundersøkingar

- Aardal, Bernt og Inger Johanne Holth (2007): *Norske velgere: en studie av stortingsvalget 2005.* [Oslo]: Damm.
- Adcock, Robert og David Collier (2001): "Measurement Validity: A Shared Standard for Qualitative and Quantitative Research". *The American Political Science Review*, 95 (3): 529-546.
- Akerø, Dagny Kristin Kringstad (2009): *Den andre bølgen i kvinnebevegelsen: En komparasjon av Norge og Canada på likestillingspolitikk, 1945-2008.* Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Bakstad, Nils (2001): "Statsborgerskap". *Fremskritt*, 26 (13): 14.
- Bay-Johansen, Bodil (1989): "Slipp kvinnene til". *Fremskritt*, 14 (42): 10.
- Beckwith, Karen og Kimberly Cowell-Meyers (2007): "Sheer Numbers: Critical Representation Thresholds and Women's Political Representation". *Perspectives on Politics*, 5 (3): 553-565.
- Bilstad, Karl-Anders (1994): "Konfliktstruktur og partiavstand" s. 13-45 i Heidar, Knut og Lars Svåsand (red.), *Partiene i en brytningstid.* Bergen: Alma mater.
- Bjørklund, Tor (2003): "Fremskrittspartiet gjennom 30 år". *Nytt Norsk Tidsskrift*, 2: 129-144.
- Bratton, Kathleen A. og Leonard P. Ray (2002): "Descriptive Representation, Policy Outcomes, and Municipal Day-Care Coverage in Norway". *American Journal of Political Science*, 46 (2): 428-437.
- Bråten, Beret (2003): *Litt likestilling – Litt frihet.* Oslo: KILDEN, <http://kilden.forskningsradet.no/c16881/artikkel/vis.html?tid=24158>.
- Børresen, Thor (1989): "Få programendringer". *Fremskritt*, 15 (17): 6.
- Børresen, Thor (1993): "FrP har eit kvinnekproblem". *Fremskritt*, 18 (1): 2.
- Båstrand, Sondre (2008): *Politikk teller, kjønnsroller avgjør : om kjønnsfordelingen i 30 europeiske parlamenter.* Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Celis, Karen (2007): "Substantive Representation of Women: The Representation of Women's Interests and the Impact of Descriptive Representation in the Belgian Parliament (1900-1979)". *Journal of Women, Politics & Policy*, 28 (2): 85 - 114.
- Celis, Karen (2008): "Studying women's substantive representation in legislatures: when representative acts, contexts and women's interests become important". *Representation*, 44 (2): 111-123.
- Celis, Karen (2009): "Substantive Representation of Women (and Improving it): What it is and should be About[quest]". *Comp Eur Polit*, 7 (1): 18.
- Celis, Karen, Sarah Childs, Johanna Kantola og Mona Lena Krook (2008): "Rethinking women's substantive representation". *Representation*, 44 (2): 99-110.
- Childs, Sarah og Mona Lena Krook (2006): "Should Feminists Give Up on Critical Mass? A Contingent Yes". *Politics & Gender*, 2 (04): 522-530.
- Christensen, Anne-Dorte (1999): "Kvinder i de politiske partier" s. 62-82 i Bergqvist, Christina og Anette Borchorst (red.), *Likestilte demokratier?: kjønn og politikk i Norden.* Oslo: Universitetsforl.
- Dahl, Robert Alan (2006): *On political equality.* New Haven: Yale University Press.
- Dahlerup, Drude (2006a): "The Story of the Theory of Critical Mass". *Politics & Gender*, 2 (04): 511-522.
- Dahlerup, Drude (2006b): *Women, quotas and politics.* London: Routledge.

- Dahlerup, Drude (2007): "Electoral gender quotas: between equality of opportunity and equality of result ". *Representation*, 43 (2): 73-92.
- Dahlerup, Drude (2009): *What Constitutes Successful Substantive Representation of Women. Theoretical and Methodological Problems in the Study of Women's Substantive Representation*. The World Congress of the International Political Science Association, Santiago de Chile, July 11-16.
- Egseth, Erik (1989): "Innvandringspolitikken". *Fremskritt*, 15 (3): 15.
- Eide, H. G. (1985): "Fremskrittspartiet og den vanlige mann/kvinne". *Fremskritt*, 11 (10): 7.
- Ellingsen, Harald E. (1993): "Innvandring en tapersak". *Fremskritt*, 18 (39): 2.
- Erstad, Vegard (2009): *Hellerud ekskludert fra Frp*. Førde: NRK, [http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_sogn\\_og\\_fjordane/1.6538354](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.6538354). [07.02.2010 kl 12:23].
- Fjerstad, Liv Inger (2001): *Vi vil-!: norske partiprogrammer 1884-2001*. Bergen: ISF.
- Fossum, Helge (2009): *Informasjon om medlemskap i FRP*. Oslo: Framstegspartiet, FrP, e-post. [28.oktober kl 15:03 2009].
- Frank, Robert H. (2006): *Microeconomics and behavior*. Boston, Mass.: McGraw-Hill/Irwin.
- Fraser, Nancy (1994): "After the Family Wage: Gender Equity and the Welfare State". *Political Theory*, 22 (4): 591-618.
- Fremskritt (1985): "Vi vil gjøre noe med det!". *Fremskritt*, 11 (15): 3-5.
- FrP, Framstegspartiet (1980): *Fremskrittspartiets åttende landsmøte-delegatliste 1980*. Landsmøtedokumenter, Oslo: FRP.
- FrP, Framstegspartiet (2009a): *Fremskrittspartiets historie*. Oslo: [http://www.frp.no/no/Mot\\_oss/Historie/](http://www.frp.no/no/Mot_oss/Historie/). [kl 12:35 14.12 2009].
- FrP, Framstegspartiet (2009b): *Fremskrittspartiets Landsmøte 2009*. Landsmøtedokumenter, Oslo: FRP.
- FrP, Framstegspartiet (2010a): *Fremskrittspartiets Landsmøte 2010*. Landsmøtedokumenter, Oslo: FRP.
- FrP, Fremskrittspartiet (1985): "Vi vil gjøre noe med det!" s. 1-42 i Fjerstad, Liv Inger (red.), *Vi vil-!: norske partiprogrammer 1884-2001*. Bergen: ISF.
- FrP, Fremskrittspartiet (1989): "Fremtiden skapes - den vedtas ikke!" s. 1-49 i Fjerstad, Liv Inger (red.), *Vi vil-!: norske partiprogrammer 1884-2001*. Bergen: ISF.
- FrP, Fremskrittspartiet (1993): "Velg riktig - lev bedre" s. 1-81 i Fjerstad, Liv Inger (red.), *Vi vil-!: norske partiprogrammer 1884-2001*. Bergen: ISF.
- FrP, Fremskrittspartiet (1997): "Partiprogram" s. 1-81 i Fjerstad, Liv Inger (red.), *Vi vil-!: norske partiprogrammer 1884-2001*. Bergen: ISF.
- FrP, Fremskrittspartiet (2001): "Handlingsprogram" s. 1-86 i Fjerstad, Liv Inger (red.), *Vi vil-!: norske partiprogrammer 1884-2001*. Bergen: ISF.
- FrP, Fremskrittspartiet (2005): "Bli med å forandre landet" s. 1-107 *Partidokument arkivet*. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS.
- FrP, Fremskrittspartiet (2009c): "Fornyer Norge" s. 1-76 *Partidokument arkivet*. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS.
- FrP, Fremskrittspartiet (2009d): § 6 *Landsmøtet*. Oslo: Frp, <http://www.frp.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=8424>. [07.02.2010 kl 14:05].
- FrP, Fremskrittspartiet (2009e): § 21 *Suspensjon og eksklusjon*. Oslo: Frp, <http://www.frp.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=8424>. [07.02.2010 kl 12:50].
- FrP, Fremskrittspartiet (2010b): § 8 *Sentralstyret*. Oslo: Frp, <http://www.frp.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=8578>. [21.04.2010 kl 20:24].

- Fåne, Jan E. (1989): "Debatt om forsvar, verdier og import-restriksjoner". *Fremskritt*, 15 (14): 4.
- Galligan, Yvonne (2007): *Gender politics and democracy in post-socialist Europe*. Leverkusen Opladen: Barbara Budrich Publishers.
- Geddes, Barbara (1990): "How the Cases You Choose Affect the Answers You Get: Selection Bias in Comparative Politics". *Political Analysis*, 2 (1): 131-150.
- George, Alexander L. og Andrew Bennett (2005): *Case studies and theory development in the social sciences*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Gerring, John (2004): "What Is a Case Study and What Is It Good for?". *The American Political Science Review*, 98 (2): 341-354.
- Gjelsvik, Arne-Rune (1997): "-Tidenes beste gjennom alle tider!". *Fremskritt*, 23 (16): 6-7.
- Grey, Sandra (2006): "Numbers and Beyond: The Relevance of Critical Mass in Gender Research". *Politics & Gender*, 2 (04): 492-502.
- Grønmo, Sigmund (2004): *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforl.
- Gundersen, Frank F. (1989): "FrP og innvandringspolitikken". *Fremskritt*, 15 (1): 2.
- Haavio-Mannila, Elina (1983): *Det Uferdige demokratiet: kvinner i nordisk politikk*. Oslo: Nord.
- Hall, Peter (2003): "Aligning Ontology and Methodology in Comparative Politics" s. 373-406 i Mahoney, James og Dietrich Rueschemeyer (red.), *Comparative historical analysis in the social sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Halle, Robert C. (1989): "Høyere utdannelse - offentlig eller personlig ansvar?". *Fremskritt*, 14 (4): 4.
- Heidar, Knut og Jo Saglie (1994): "Mot mediepartier? Partienees organisasjonsstategier på 1990-talet" s. 125-155 i Heidar, Knut og Lars Svåsand (red.), *Partiene i en brytningstid*. Bergen: Alma mater.
- Heidar, Knut og Karina Pedersen (2006): "Party Feminism: Gender Gaps within Nordic Political Parties". *Scandinavian Political Studies*, 29 (3): 192-218.
- Heidar, Knut og Jo Saglie (2002): *Hva skjer med partiene?* Oslo: Gyldendal akademisk.
- Henriksen, Tor E. (1989): "FrPs (manglende) innvandringspolitikk". *Fremskritt*, 15 (8): 11.
- Hernes, Helga Maria (1987): *Welfare state and woman power: essays in state feminism*. Oslo: Norwegian University Press.
- Hernes, Helga Maria (2004): "Statsfeminisme - et tilbakeblikk". *Nytt Norsk Tidsskrift*, 3 (4): 288-293.
- Hoelseth, Ole T. (1989): "Mediaskapt innvandringsforvirring i sentralstyret". *Fremskritt*, 15 (7): 3.
- Hoelseth, Ole T. (1993): "Sterk innvandringsprofil skremte velgerne". *Fremskritt*, 18 (37): 3.
- Johnson, R. Burke og Anthony J. Onwuegbuzie (2004): "Mixed Methods Research: A Research Paradigm Whose Time Has Come". *Educational Researcher*, 33 (7): 14-26.
- Jørgensen, Per M. (1989): "Jenten i Fremskrittspartiet". *Fremskritt*, 15 (40): 9.
- King, Gary, Robert O. Keohane og Sidney Verba (1994): *Designing social inquiry: scientific inference in qualitative research*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Kitschelt, Herbert og Anthony J. McGann (1995): *The radical right in Western Europe: a comparative analysis*. Ann Arbor, Mich.: University of Michigan Press.
- Kittilson, Miki Caul (2006): *Challenging parties, changing parliaments : women and elected office in contemporary Western Europe*. Columbus, Ohio: Ohio State Univ. Press, <http://books.google.com/books?id=4G4kYVkJNkC&pg=PA118&lpg=PA118&dq=Challenging+parties,+changing+parliaments+:+women+and+elected+office+in+contemporary+Western+Europe&source=bl&ots=5giLZdX49A&sig=xXUk4KVAp5Cw4byLWE0u0H7Cao&hl=nn&ei=OmuwS7rtJonY-QbIoYC->

- DQ&sa=X&oi=book\_result&ct=result&resnum=1&ved=0CAUQ6AEwAA#v=onepage&q=&f=false. [29.mars 2010 kl 10:55].
- Koning, Edward A. (2009): "Women for women's sake: Assessing symbolic and substantive effects of descriptive representation in the Netherlands". *Acta Politica*, 44 (2): 171-191.
- Kvaale, Vegard Kristiansen (2010): *Søviknes tapte kampen*. Gardemoen: Dagbladet, <http://www.dagbladet.no/2010/04/25/nyheter/politikk/frp/11434534/>. [kl 12:50 25.april 2010].
- Lieberman, Evan S. (2005): "Nested Analysis as a Mixed-Method Strategy for Comparative Research". *The American Political Science Review*, 99 (3): 435-452.
- Lijphart, Arend (1971): "Comparative Politics and the Comparative Method". *The American Political Science Review*, 65 (3): 682-693.
- Lijphart, Arend (1999): *Patterns of democracy: government forms and performance in thirty-six countries*. New Haven, Conn.: Yale University Press.
- Lister, Ruth (2003): *Citizenship: feminist perspectives*. New York: New York University Press.
- Lovenduski, Joni (1997): "Gender Politics: A Breakthrough for Women?". *Parliam Aff*, 50 (4): 708-719.
- Lovenduski, Joni (2005): *State feminism and political representation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lovenduski, Joni og Pippa Norris (2004): *Westminster Women: the Politics of Presence*. Cambridge: Harvard University, <http://www.hks.harvard.edu/fs/pnorris/Acrobat/Westminster%20women.pdf>. [08.03.2010 kl 11:50].
- Lura, Christian og Espen Børhaug (2005): *-Derfor ble vi kastet ut*. Bergen: Bergens Avisen, <http://www.ba.no/nyheter/politikk/article1413965.ece>. [07.02 2010 kl 12:10].
- Mackay, Fiona (2008): "'Thick' conceptions of substantive representation: women, gender and political institutions". *Representation*, 44 (2): 126-139.
- Mahoney, James (2003): "Strategies of Causal Assessment in Comparative Historical Analysis" s. 337-372 i Mahoney, James og Dietrich Rueschemeyer (red.), *Comparative historical analysis in the social sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Manin, Bernard, Adam Przeworski og Susan C. Stokes (1999): *Democracy, accountability, and representation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mansbridge, Jane (1999): "Should Blacks Represent Blacks and Women Represent Women? A Contingent 'Yes'". *The Journal of Politics*, 61 (3): 628-657.
- Mateo Diaz, Mercedes (2005): *Representing women?: female legislators in west European parliaments*. Colchester: ECPR.
- McDermott, Rose (2002): "Experimental methods in political science ". *Annual Review of Political Science*, 5 (1): 31-61.
- McKeown, Timothy J. (1999): "Review: Case Studies and the Statistical Worldview: Review of King, Keohane, and Verba's Designing Social Inquiry: Scientific Inference in Qualitative Research". *International Organization*, 53 (1): 161-190.
- Mjelde, Hilmar Langhelle (2008): *Explaining membership growth in the Norwegian Progress Party from 1973 to 2008*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Mudde, Cas (2007): *Populist radical right parties in Europe*. Cambridge: Cambridge University Press.
- NAV (2010): *Stønad ved barns og andre nære pårørendes sykdom*. Oslo: <http://www.nav.no/Helse/Sykt+barn+eller+familie>. [1.juni 2010 kl 13:44].

- NESH (2006): *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, juss og teologi*. Oslo: Den nasjonale komité for samfunnsvitenskap og humaniora, <http://www.etikkom.no/retningslinjer/NESHretningslinjer/>. [17.juli 2008].
- Nicolaisen, Ole M. (2001): "Ønsker debatt om heldagsskolen". *Fremskritt*, 26 (5): 6.
- Nielsen, Svein O. (2001): "Det bør vere en menneskerett å få barn". *Fremskritt*, 26 (21): 17.
- NOU (1995): 3: Et apparat for likestilling. *Likestillingsrådet*. Oslo: Regjeringen.
- Offen, Karen M. (2000): *European feminisms, 1700-1950: a political history*. Stanford, Calif.: Stanford University Press.
- Phillips, Anne (1995): *The politics of presence*. Oxford: Clarendon Press.
- Pitkin, Hanna Fenichel (1967): *The concept of representation*. Berkeley, Calif.: University of California.
- Powell, G. Bingham (2004): "Political representation in comparative politics". *Annual Review of Political Science*, 7 (1): 273-296.
- Przeworski, Adam og Henry Teune (1970): *The logic of comparative social inquiry*. New York: Wiley.
- Raauam, Nina Cecilie (1999): "Politisk medborgerskap: nye deltagere, nye verdier?" s. 46-61 i Bergqvist, Christina og Anette Borchorst (red.), *Likestilte demokratier?: kjønn og politikk i Norden*. Oslo: Universitetsforl.
- Ragin, Charles C. (2004): "Turning the Tables: How case-oriented research challenges variabel-oriented research" s. 123-138 i Brady, Henry E. og David Collier (red.), *Rethinking social inquiry: diverse tools, shared standards*. Lanham, Md.: Rowman & Littlefield.
- Rønning, Per-Anton (1989): "Kontantstønad- hva er det?". *Fremskritt*, 14 (7): 4.
- Saglie, Jo (2002): "Lokaldemokratier uten partier?". *Nytt Norsk Tidsskrift*, 2002 (3): 300-309.
- Sapiro, Virginia (1981): "Research Frontier Essay: When Are Interests Interesting? The Problem of Political Representation of Women". *The American Political Science Review*, 75 (3): 701-716.
- Sartori, Giovanni (1970): "Concept Misformation in Comparative Politics". *The American Political Science Review*, 64 (4): 1033-1053.
- Saward, Michael (2008): "The subject of representation". *Representation*, 44 (2): 93-97.
- Sentralstyret (2009): *Sentralstyrets årsberetning 2008-2009*. Oslo: Framstegspartiet, FRP.
- Sentralstyret (2010): *Sentralstyrets årsberetning 2009-2010*. Oslo: Framstegspartiet, FRP.
- Simonsen, Marie og Ingunn Yssen (2010): *Bråk!: den store likestillingssvindelen*. Oslo: Aschehoug.
- Skjeie, Hege (1992): *Den politiske betydningen av kjønn: en studie av norsk topp-politikk*. Universitetet i Oslo.
- Skjeie, Hege og Mari Teigen (2003): *Menn imellom: mannsdominans og likestillingspolitikk*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Skjeie, Hege og Mari Teigen (2007): *Likestilling og minoritetspolitikk*. Oslo: Institutt for samfunnfsforskning.
- Skjørestad, Anna (2008): *Et liberalistisk parti?: Fremskrittspartiets politiske profil fra 1989 til 2005*. Universitetet i Bergen, UiB.
- Skog, Ole-Jørgen (2004): *Å forklare sosiale fenomener: en regresjonsbasert tilnærming*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Smith, Merete (2010): *Om advokater med små barn*. Oslo: Advokatforeningen, <http://www.advokatforeningen.no/Aktuelt/Nyheter/Advokater-med-sma-barn/>. [23.mai 2010 kl 14:50].
- Snoen, Jan A. (1989): "Farlig Folketrygd vedtak". *Fremskritt*, 15 (9): 7.

- Squires, Judith (2008): "THE CONSTITUTIVE REPRESENTATION OF GENDER: EXTRA-PARLIAMENTARY RE-PRESENTATIONS OF GENDER RELATIONS". *Representation*, 44 (2): 187 - 204.
- SSB, Statistisk sentralbyrå (1986): *Valgundersøkelsen 1985*. Norske valgundersøkelser, 3. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS.
- SSB, Statistisk sentralbyrå (1990): *Valgundersøkelsen 1989*. Norske valgundersøkelser, 4. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS.
- SSB, Statistisk Sentralbyrå (1995): *Valgundersøkelsen 1993*. Norske Valgundersøkelser, 5. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS
- SSB, Statistisk sentralbyrå (1999): *Valgundersøkelsen 1997*. Norske valgundersøkelser, 6. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS.
- SSB, Statistisk sentralbyrå (2003): *Valgundersøkelsen 2001*. Norske Valgundersøkelser, 7. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS
- SSB, Statistisk sentralbyrå (2007): *Valgundersøkelsen 2005*. Norske Valgundersøkelser, 8. Bergen: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste AS.
- Sverige, Magnus Dalstedt og Fredrik Hertzberg (2005): *Demokrati på svenska?: om strukturell diskriminering och politiskt deltagande*. Stockholm: Fritzes.
- Svåsand, Lars (1990): "Organisasjonsstrukturen i norske politiske partier" s. 41-70 i Djupsund, Göran, Lars Svåsand og Per Selle (red.), *Partiorganisationer: studier i strukturer og prosesser i finske, norske og svenske partier*. Åbo: Åbo akademis förlag.
- Svåsand, Lars (1994): "Fra mangfold til standardisering: Om utformingen av partienees organisasjoner" s. 104-24 i Heidar, Knut og Lars Svåsand (red.), *Partiene i en brytingstid*. Bergen: Alma mater.
- Svåsand, Lars, Kaare Strøm og Bjørn-Erik Rasch (1997): "Change and Adaptation in Party Organisation" s. 91-123 i Strøm, Kaare og Lars Svåsand (red.), *Challenges to political parties: the case of Norway*. Ann Arbor, Mich.: University of Michigan Press.
- Teigen, Anne (2009): "Hvorfor helsekør". *Fremskritt*, 35 (9): 17.
- Tremblay, Manon (2007): "Democracy, Representation, and Women: A Comparative Analysis". *Democratization*, 14 (4): 533 - 553.
- Urbinati, Nadia og Mark E. Warren (2008): "The Concept of Representation in Contemporary Democratic Theory". *Annual Review of Political Science*, 11 (1): 387-412.
- Valen, Henry, Hanne Marthe Narud og Audun Skare (2002): "Norway: Party Dominance and Desentralized Decision-Making" s. 169-215 i Narud, Hanne Marthe, Mogens N. Pedersen og Henry Valen (red.), *Party sovereignty and citizen control: selecting candidates for parliamentary elections in Denmark, Finland, Iceland and Norway*. Odense: University Press of Southern Denmark.
- Wangnerud, Lena (2000): "Testing the Politics of presence: Women's Representation in the Swedish Riksdag". *Scandinavian Political Studies*, 23 (1): 67-89.
- Wara, Tor M. (1989): "Lengre skoledag". *Fremskritt*, 14 (8): 3.
- Wängnerud, Lena (2009): "Women in Parliaments: Descriptive and Substantive Representation". *Annual Review of Political Science*, 12 (1): 51-69.
- Young, Iris Marion (2000): *Inclusion and democracy*. Oxford: Oxford University Press.